

6. Sud om hav-  
der var rik-  
men omkring  
og so vende

et han stundom laut skrida  
dom på benjer og bord,  
såg han traldomen kvida  
han attar mot nord.

7. Lat no andre  
lat diim  
millom kak-  
millom

om storliken kivist,  
bragla med rikdom og hegd,  
sar eg irokje kan trivast,  
jamningar helst eg er nøgd.  
(Ivar Aasen.)

# STUDIEBOK OM NOREG OG FELLESMARKNADEN

UTGJEVE AV NORSK MÅLUNGDOM - 1972.

## INNHALD

	side
Innleiing .....	2
Kapittel 1. Bakgrunnen for Europa-tanken. Av Svein Holter og Olav Randen .....	4
Kapittel 2. EF — grunnleggande prinsipp og styringsformer. Av Jarle Varpe .....	10
Kapittel 3. Kva med grunn-næringane? Av Jarle Varpe og Johs. Kvestad .....	19
Kapittel 4. Tettstadmiljø og industriutvikling. Av Leiv Ellingsen og Margrete Kvalsvik Dahl .....	31
Kapittel 5. Sosialpolitikken i Noreg og i EF. Av Steinar Westin ..	43
Kapittel 6. Utdanningspolitikk i Noreg og EF. Av Ase Berge ..	52
Kapittel 7. EF og kulturen .....	69
Kultur for monopola eller kultur for folket? Av Edvard Hoem.	
Norsk bygdekultur og EF. Av Olav Randen.	
Kapittel 8. Nynorsk, arbeidsfolk og nasjonalt sjølvstende. Av Anders M. Andersen .....	88
Kapittel 9. EF og utviklingslanda. Av John Ferkingstad og Jan Solland .....	101
Kapittel 10. Vi kan vinne kampen mot EF .....	110

Skriftstyre: Magnar Jukestad og Olav Randen.

### REGLAR FOR STATSTILSKOT TIL DET FRIVILJUGE STUDIEARBEIDET I 1972.

Studieringar må ha minst 5 møte og ha 5 deltakarar.

Ein får 50 % stønad til utgifter til studiemateriell, avgrensa til kr. 20,— i stønad for kvar deltakar.

Studieringar med lærar får 65 % tilskott til lærarion (medrekna arbeidsgjevaravgift), avgrensa til kr. 25,— i stønad pr. time. Ringen må ha minst 15 timar med lærar for å få stønad.

Vidare kan ein få kr. 50,— i tilskot til kvart foredrag i ei foredragsrekke. Ein må då ha minst 3 og hogst 5 foredrag i kvar ring.

Lærarar og foredragshaldarar må godkjennast av Noregs Mållag før arbeidet i ringen tek til. Saman med søknad om lærargodkjenning sender ein påmelding av ringen. Når ringen er ferdig, sender ein ferdigmelding og søknad om statsstønad.

Dei nødvendige skjema og nærare opplysningar får ein hos Noregs Mållag.

Eivind Haudenak  
1973



Nasjonalbiblioteket  
Depotbiblioteket

## FORORD

Dette studieopplegget har som utgangspunkt den studieplanen NSEM i Bergen arbeidet ut vinteren 1971. Både utviklinga i marknadssaka og debatten innan målrørsla gav etter kvart grunnlag for ein revisjon av planen, og resultatet vart dette heftet. Størst utbytte vil ein ha av det innanfor ein studiering, men det skulle eigne seg godt til sjølvstudium og.

Revideringsarbeidet vart gjort i januar 1972, etter at forhandlingsresultatet låg føre.

Vi vil på denne måten få takke dei som ved sin økonomiske stønad har gjort det mogleg for oss å få ut boka.

= Utgjevarane.

*Forord til 2. opplaget.*

Då det første opplaget på 5000 no er utseldt, har vi funne det rett å trykke studieboka i nytt opplag. Det er ikkje gjort endringar når det gjeld innhaldet i dei einskilde kapitla.

*Utgjevarane.*

## INNLEIING

I det franske språket har ordet «union» eit anna meiningsinnhald enn i det norske språket. Den franske «union» tyder noko i lei av «samarbeid», medan det norske tyder statssamband, fortel Kåre Willoch, og meiner truleg med det å fortelja oss at EF eigentleg ikkje er så «fårleg»: Vi er ikkje på veg inn i ei ny unionstid, meiner Høgre-formannen.

Meir avgjerande enn nemningar må det her vera å sjå kva politiske siktemål som er sette opp på lang sikt, og kva følgjer desse politiske måla har. EF tek sikte på å byggja opp ein einskap mellom landa i Vest-Europa, i fyrste rekkje når det gjeld toll-, finans-, penge-, budsjett- og kredittpolitikk, seinare og når det gjeld forsvar og utanrikspolitikk. Skal dette kunne gjennomførast, krevst det at dei avgjerande politiske funksjonane vert utførde slik at dei verkar eins i heile området.

Noko anna kan vel knapt vera kjernen når EF skal vurderast politisk, så får ein heller stridast om hva namn barnet skal bera. I dei måla som er skisserte og alt teiknar seg som røyndom ligg i alle høve dei viktigaste kjenneteikna på eit statssamband — den nye europeiske staten. Samarbeidet startar opp med å samordna penge- og finanspolitikk og setja sams tollgrenser til andre handelsmarknader. Dermed er og dei verkerådene som bind sterkast tekne i bruk — nett økonomisk og finansiell samrøre er det som legg viktigaste grunnen for eit seinare allfemnande samarbeid som logisk fører inn i statssambandet.

Presidenten i Europakommisjonen, Franco Maria Malfatti, uttrykte programmet klart då søkjarlanda skreiv under tingingsprotokollen i Bryssel 22. januar: «Siktemålet er ikke berre økonomisk samarbeid, men økonomisk integresjon og politisk einskap mellom landa våre.»

Kjernerpunktet må vera å finna ut kva grunnsteinar dette statssambandet kviler på, og kven som kan vera tente med det Fellesskapet som formar seg i Vest-Europa. Dette studieopplegget tek meir sikte på å finna fram til slike skjæringspunkt enn på å drøfta tingingsresultatet Noreg har fått. Dei detaljreguleringane det gjev rom

for, vert så likevel langt underordna drivkreftene i det selskapet landet vårt kjem inn i dersom sosialdemokratiet og høgrekreftene får viljen sin igjennom.

Boka startar difor med eit økonomisk-politisk oversyn som er meint å vera eit analytisk grunnlag for studiet seinare i kurset. Hovudsaka er å sjå at rasjonalisering og samordning monopol imellom tener dei som sit med kapitalen, og EF er i hovudsak bygd på dei store kapitalkreftene sine interesser. EF er ikkje eit fellesskap som tener folket, derimot tener det dei som eignar til seg resultatet av folket sitt strev.

Difor er det og vår konklusjon at dette fellesskapet ikkje fortener oppslutnad frå folket.

— — —  
For Noregs Student- og Elevmållag var det naturleg å ta denne saka opp til drøfting avdi den avgjerda som vert teken i EF-spørsmålet i alle høve kjem til å få store verknader for samfunnsstrukturen her i landet, følgjeleg og for målstoda.

Etter studiar og drøftingar i samskipnaden har einskildlag og landsmøte teke standpunkt mot medlemskap. Dei vurderingane som har kome fram i dette indre ordskiftet kjem fram i dette studieopplegget, som er forma som ei handbok med artiklar om fleire sider me meiner bør takast serskilt omsyn til.

— — —  
Opplegget er bygt opp med så mange artiklar at vi ikkje reknar med at alle vil ha interesse for å ta opp kvart kapittel som emne for egne studiekveldar. Det kan sjølvstundt gjerast, eller dei som er med i studiegruppa kan velja å gå spesielt inn på einskilde og bruka fleire møte på kvart kapittel. Eller ein kan slå saman fleire artiklar etter kva ynskje deltakarane sjølve har.

Hovudsaka ser vi ikkje å vera at alle skal følgja dette opplegget slavisk, men ordna seg som sjølv dei vil. Den røynelege hovudsaka ligg i at motstanden mot EF-medlemskap einast vert effektiv om me i handling syter for å syna denne motstanden.

Studiar på kammerset hindrar ikkje at Noreg vert ført inn i Fellesskapet.

Til det krevst handling.

I sluttkapitlet vil vi koma nærare inn på kva former motstandsarbeidet kan få, og vi vil difor rå dei som studerer dette heftet til å gå igjennom det kapitlet alt på eit tidleg tidspunkt.

Boka er meint som ein teoretisk stønad for det praktiske motstandsarbeidet. Ho vil difor fungere best om dei som studer ho gjer det ut ifrå siktemålet korleis dei skal utnytte det dei les i praksis, og let praksisen gå inn som ein naturleg del av arbeidet.

## Kapittel 1.

# Bakgrunnen for «Europa-tanken»

Av Svein Holter (fyrste delen) og Olav Randen.

EF-tilhengarane seier ofte at EF er ein freistnad på å sleppe unna djupe motsetnader og krig mellom dei nasjonane som soknar til dette fellesskapet. I hundretals år har Europa vore merkt av motsetnader mellom nasjonane, og desse motsetnadene har gong på gong ført til omfattande krigar. Noreg kan ta del i arbeidet for å bryte ned motsetnadene i Europa med å gå med i EF. Å stå utanfor fellesskapet er derimot det same som å seie nei til freistnaden på å skape fred i verdsdelen vår.

Argumentet peiker på eit mål nesten alle nordmenn vil vere samde om — fred og samarbeid mellom folk og nasjonar som fleire gonger har møtt kvarandre i blodige krigar.

Men vi nordmenn veit noko meir om «Europa-tanken». Vi veit allment at når storfolk og politikarar har mål dei ikkje utan vidare vil avsløre for vanlege folk, pakkar dei måla sine inn i argument som rører ved verdiar som folk flest har. Difor lyt vi prøve å finne fram til realitetane bak dei fine orda om «Europa-tanken».

For å gjere det, må vi diskutere økonomi. Både tilhengarane og motstandarane av norsk medlemskap i EF er samde om at den viktigaste drivkrafta bak skipinga av EF var av økonomisk art. Difor kan vi ikkje berre nøye oss med luftige ønske om fred, men undersøkje sanninga bak dei luftige orda.

### Stutt om den økonomiske utviklinga i Vest-Europa.

Vi har alle lese så mykje historie at vi veit at til langt inn i 1800-talet hadde dei fleste arbeidande menneske sitt arbeid i jordbruket. Mange historiebøker gjev inntrykk av at utviklinga i samfunnet mest sto stille fram til industrialiseringa, men det samsvarar ikkje med røyndomen. Gjennom hundreåra vart kapitaloverskotet frå jordbruket samla i hendene på eit mindretal rikfolk, og handel og mindre industri voks fram. Småkårsfolka på landet åtte lite eller ingen ting og var på mange måtar hjelpelause overfor dei store

godseigarane. Stadig oftare gjorde dei difor opprør mot godseigarane. Grunnlaget for industrialiseringa vart skapt av opprøret til dei nye rikfolka og småkårsfolket mot dei banda godseigarane la på utviklinga av eit fritt næringsliv utanfor sin eigen kontroll. Mot denne sterke alliansen av rikborgarar, handverkarar, småbønder, landarbeidarar og industriarbeidarar måtte godseigarane tape. Industrien utvikla seg snøgt fram gjennom 1800-talet. Han trong stadig større marknader, og det Europa som før mange stader hadde vore oppstykkja, vart no eit Europa av større, samla nasjonar. Det nasjonale samlings- og frigjeringsarbeidet som prega Europa i førre hundreåret (døme: Tyskland, Italia, Noreg), hadde det økonomiske grunnlaget sitt i denne prosessen.

Men etter kvart vart også nasjonalstaten for liten som økonomisk eining. Tollmurane og restriksjonane på handelen gjorde det vanskeleg for industrieigarane i dei mest industrialiserte landa å få avsett nok varer, og det kom gong på gong til økonomiske kriser på grunn av overproduksjon. Denne økonomiske utviklinga fekk to viktige følgjer. For det første kom profitten («fortenesta») til industrieigarane i fare. For det andre gjorde industriarbeidarane opprør mot kapitaleigarane, og arbeidarpartia og fagrørslene hadde framgang.

Industrieigarane laut difor ty til nye metodar. Tevlinga vart hardare, og veksemdene byrja å samarbeide eller slå seg saman for å møte den nye situasjonen. Samhandelen på tvers av landegrensene auka, og det vart større marknader. Dei sterkaste industrilanda skaffa seg koloniar. Innanfor mange bransjar fekk dei mindre verksemdene store vanskar, men ettersom det ikkje var lett å finne nye marknader, vart det ved byrjinga av vårt hundreår stadig større motsetnader mellom dei store, industrialiserte landa i kampen om marknadene. Hovudgrunnlaget for dei to verdskrigane finn vi i denne motseiinga.

Av dette kan vi trekkje fleire slutningar som vi ikkje må gløyme når vi seinare skal vurdere EF. Den første er at utviklingslinene i økonomien har vore avgjerande når det gjeld utviklinga fram mot nasjonalstaten og seinare utviklinga av det nasjonale sjølvstendet. For det andre: Denne utviklinga går ikkje føre seg på slump, men følgjer visse grunnprinsipp. For det tredje virkar ikkje desse prinsippa uavhengig av dei store folkegruppene. Den kampen småkårsfolk i bygd og by stadig har ført mot dyrtid, lønnsnedgang, arbeidsløyse og utvatning og tap av den nasjonale sjølvrådet har gong på gong sett fart i den økonomiske utviklinga. For det fjerde: Det er aldri råd å slå fast om ein økonomisk prosess er «dårleg» eller «god» i seg sjølv; det ein må sjå på, er kven han er dårleg

for og kven han er god for. Skjematisk er det rett å seie at hovudtrekka i den økonomiske utviklinga dei siste hundreåra har vore gode for dei industriherrane som har vore så sterke at dei har halde seg oppe i tevlinga. Dei mindre industriherrane har derimot ofte vore med blant dei som har måtta betale. Dei har streva til få-nytt i kampen mot dei store, og mange har bukka under. Men mest av alt har det store fleirtalet av det arbeidande folket måtta betale — både med fattigdom, naud og arbeidsløyse og med å vere kanonføde på slagmarkene.

### Vest-Europa i dag.

Det viktigaste økonomiske og politiske trekket ved Vest-Europa nett no er styrken til EF i høve til land utanfor. Med denne styrken prøver EF å få herredømme over større delar av Europa og verda elles. Bakgrunnen for denne situasjonen er i stutte drag slik: Vi har vore inne på at kampen for nye, større marknader førte til samarbeid og samanslåing av verksemdar, og at verksemdene med det vart stadig større. I dag blir det økonomiske livet i mange bransjar dominert av nokre få storkonsern, som ofte også har avtalar seg imellom for å regulere marknaden. På dette viset kan dei også hindre andre i å vinne fram på «deira» område. Slike konsern har mange stader ei rein monopol-stilling og reknar heile den ikkje-kommunistiske verda som sitt arbeidsfelt. Ved at dei utvidar marknadseiningane, vil desse konserna få endå betre vekstkår, og sentraliseringa og monopoliseringa skyt fart.

I dei første etterkrigsåra var Europa krigsherja og knekt. Derimot hadde USA vakse seg sterk på nytt på grunn av krigen. Men USA trong nye marknader for å få avsett varene sine. Difor satsa landet på å reise Europa på fote att. På same tid som dei sikra seg militær kontroll gjennom NATO, ytte dei gjennom «Marshall-hjelpa» store pengesummar især til dei gamle vest-tyske storkonserna. Desse fekk heile 27 milliardar kroner frå USA, og produksjonen og monopoliseringa i Vest-Tyskland auka på nytt.

Etter kvart som dei europeiske monopola voks seg sterke, tok motsetnadene og tevlinga mellom dei og dei amerikanske konserna også til å vekse. For å trygge fellesinteressene mellom europeiske konsern, vart kol- og stålunionen skipa i 1951 og EF sju år etterpå. Dei første åra etter skipinga var Frankrike den sterkaste, men først i 60-åra tok vest-tysk industri til å dominere. I Vest-Tyskland har no monopoliseringa kome lengst, og der går ho framleis snøggast. Dei tre største bankane der kontrollerer såleis over 60 % av all aksjekapital i landet, og i tillegg samarbeider dei seg imellom. I tidbolken 1967—69 auka talet på samanslåingar med 55 %.



Samstundes tøyer vest-tysk storfinans seg stadig grådigare ut over landegrensene. Berre i 1970 auka han investeringane i utlandet med 20 %.

Slutten av 1960-åra var også gode år for vest-tysk storindustri. Kapitaloverskotet til industriherrane voks snøgt. Men den dispo- nible reallønna for arbeidsfolk i EF gjekk ned i siste halvta av 60-åra. Folk har såleis ikkje fått råd til å kjøpe meir, og konserna blir sitjande med store varemengder som dei ikkje får avsett. Difor har no den kapitalistiske verda kome inn i ei overproduksjonskrise, og denne råkar EF særleg sterkt.

Som alltid når kapitalen er i krise, er det arbeidsfolka som lyt svi. Stadig fleire mindre bedrifter blir lagt ned, eldre og tungvinte be- drifter like eins, og arbeidsløysa blir større og større. I desember 1971 var 262 000 vest-tyskarar arbeidslause, og talet stig snøgt. I tillegg får ei mengd arbeidstakarar berre korttidsarbeid. I andre EF-land er arbeidsløysa endå langt større. I Frankrike var det 510 000 arbeidslause i november 1971 og i Italia over ein million. Arbeidsløysa og auken i levekostnader hjå folk flest i EF-landa gjer at kjøpekrafta framleis minkar, og at avsetnadsproblema di- for veks.

Men mange stader har arbeidsfolk reist seg til strid mot at kapita- lens eigen krise skal gå ut over dei, mot arbeidsløyse og dyrtid. Talet på streikar og andre aksjonar har auka snøgt i det siste også i EF. Dei som til no har synt den kanskje hardaste motstan- den mot EF's utsuging av folket, er bøndene. Såleis samla mest 100 000 bønder frå alle EF-landa seg til demonstrasjonar i Bryssel i mars i fjor.

Korleis vil så EF og særleg Vest-Tyskland løyse desse problema? Dei prøver på fleire måtar.

For det første aukar dei monopoliseringa i og konsentrasjonen av industrien, slik at dei sterke skal bli endå sterkare. Om stålindu- strien uttalar såleis EF-kommisjonen seg slik, sitert frå ei av mark- nadsmeldingane til regjeringa: «Kommisjonen konkluderer med at det ville være ønskelig med en strukturutvikling henimot en oligo- politisk markedssituasjon hvor 10 større stålgrupper eller bedrifter ville produsere ca. 90 % av Fellesskapets stålproduksjon.»

For det andre gjev dei arbeidsfolka mindre løner eller skuvar meir av kostnadene over på dei. På den måten skal enkeltbedrifta kunne stå seg i tevlinga med andre bedrifter.

Men samstundes fører begge disse løysingsforsøka til arbeidsløyse og at folk får mindre kjøpekraft, og dei forsterkar såleis krisa i staden for å løyse ho. Difor er det ikkje utenkjeleg at vi no går mot eit storkrakk liksom samanbrotet i 30-åra.

Kvifor løyser dei ikkje overproduksjonskrisa med å gje folk så høge løner at dei kan kjøpe det dei treng? Det skjer ikkje av di kvar enkelt industriherre rett nok ynsker at folk skal ha mykje pengar mellom hendene, slik at dei kan kjøpe varene hans, men samstundes vil han gje arbeidsfolka sine så låg løn som råd, slik at han kan stå seg godt i tevlinga med dei andre industriherrane. Denne viktige motseiinga kan ein ikkje løyse under dei produksjonstilhøva som rår i dag.

Den tredje løysingsfreistnaden er å jakte etter meir «Lebensraum». 30-åras «Drang nach Osten» tek seg opp att i austpolitikken til «fredsapostelen» Willy Brandt. Saman med ikkje-åtaksavtalane hans følgjer avtalar for tysk storindustri om råstoff og naturgass frå Polen og Sovjet.

Like eins vil tysk storindustri ha norske råvarer, især Nordsjøolja, og dei vil ha kontroll over den norske marknaden. EF-kommisjonen seier det slik: «Det er ikke utelukket at Fellesskapet på samme måte som sine viktigste konkurrenter, må drive en mer aktiv politikk når det gjelder adgang til råstoffkilder som ligger utenfor Fellesskapet ...»

Et lignende problem reiser seg i energisektoren, særlig når det gjelder jordolje, der man må trygge forsyningen ... ved å sikre adgangen til de forskjellige råstoffkildene utenfor Fellesskapet.»

Jamsides med den økonomiske utvidinga følgjer ei militær opprusting for å trygge nyvinningane. På 15 år har Vest-Tyskland fire-dobla militærutgiftene. No prøver landet blant anna å auke si makt i NATO.

### **Kva så med Europa-tanken?**

Vi har sett på det virkelege innhaldet i alt pratet om «Europa-tanken», og no kan vi vise argumentet tilbake. Forsøka på å samle Vest-Europa politisk og militært har ingen ting å gjere med fromme ønske om fred i vår verdsdel, men med nye freistnader på å styrke dei store monopola i EF og særleg i Vest-Tyskland. Dei har å gjere med ein økonomisk blokk som mellom anna ønsker å la det norske folket betale for sine forsøk på å kome ut or ei økonomisk krise. Standpunkt til EF-medlemskap kan vi først ta når vi kjenner til kva EF virkeleg er, og vurderer følgjene av EF-medlemskap for folket i Noreg.

### **Studiespørsmål:**

1) Kva meiner gruppa er viktigaste grunnen til at EF er komen i stand? Kva for interesser i samfunnet treng større marknads-eningar?

- 2) Kva følgjer vil eit utvida EF få for tilhøvet mellom Vest-Europa og USA? Vil USA engasjere seg sterkare i EF-landa, eller vil dei amerikanske kapitalinvesteringane bli mindre enn tidlegare? Er det amerikanske engasjementet til fordel for folk i Vest-Europa?
- 3) Kva meinest med at EF er eit imperialistisk trugsmål mot norsk sjølvråderett (sjå Arbeidarkomiteens brosjyre)?
- 4) Vil den utvida marknaden ein oppnår gjennom EF, gje ei endeleg løysing på overproduksjons- og avsetnadsproblema, eller vi dei same problema oppstå på nytt noko seinare? Korleis kan ein i tilfelle løyse desse problema då?

*Tilleggs litteratur:*

ABC om EEC, side 26—29 og 62—63, EEC og dyrtid, side 31—34 og 39—441, EEC — en imperialistisk trussel mot norsk sjølvråderett (hefte frå AKMED) og Romatraktaten blir til (Ei orientering frå Utanriksdepartementet). Dessutan W. I. Lenin: Imperialismen.

## **Eit fritt politisk blad**

I eit land der så å seie heile rikspressa er partibunden, har ei **fri avis** ei særleg stor oppgåve. Dag og Tid kan dra fram i lyset alle sider ved styre og stell i Noreg — **utan sideomsyn.**<sup>2</sup>

● I Fellesmarknadsaka var Dag og Tid ei av dei få avisene som tidleg gjekk inn for å få brote med den rådande uforpliktande «vente og sjå» haldninga og reise ein hard og målretta debatt om norsk medlemskap.

● I spørsmålet om vilkåra for bygdene og utkantane i landet vårt er Dag og Tid eit kamporgan som kan avsløre presset frå sentrum, på alle omkverve i norsk samfunnsliv, og legge fram stoff som kan gi Bygde-Noreg trua på og kampviljen for ei ny framtid.



# **DAG OG TID**

— eit nynorsk blad på tvers av alle tilvante skiljeliner.

Prisar: 1 år kr. 75,—, 1/2 år: kr. 42,—, 1/4 år: kr. 24,—.

Studentar/skuleelevar: kr. 60,— kr. 35,— og kr. 20,—.

Adresse: Kr. Augustsgt. 14 - Oslo 1 - Giro: 308 02.

## Kapittel 2.

# EF-grunnleggande prinsipp og styringsformer

Av Jarle Varpe.

Med utgangspunkt i det som no er sagt framføre om utviklinga i det økonomiske systemet vårt, skal eg freista å ta opp til drøfting korleis dei grunnleggande økonomiske prinsipp i EF kviler på verkar. Dinest skal eg seia noko om styringsorgana i EF.

### I.

Dei viktigaste prinsippa den økonomiske blokka EF kviler på er desse tre:

Fri etableringsrett.

Fri kapitalrørsle.

Fri arbeidsmarknad.

I.1. Fri etableringsrett inneber at kapital skal kunna investerast utan omsyn til slike skrankar som nasjonale grenser. Siktemålet med denne fridomen er dobbel: å opna landegrensene og å fjerna hinder for fri etablering i einingar som frå før er verna.

Nasjonalgrenser er i dag i røynda ikkje noko avgjerande stengje dersom kapitalinteressene ønskjer å opna verksemd i eit anna land, det kan gjerast ved å setja i gang dotterverksemdar eller finansieringsselskap o.l. Likevel utgjer grensene stengsle som hindrar den frie utfoldinga til dei store konserna — dei einaste som er store nok til å dra nytte av etableringsfridomen. Slike stengsle skal fjernast. Einskilde sektorar vert i dag verna mot private kapitalinteresser, m.a. meieribruket. I EF skal dei store konserna kunna oppretta avdelingar også i desse sektorane. T.d. har det store Nestlé-konsernet etablert seg i meieribruket på kontinentet. Dermed har bøndene sin innverknad på sine egne samyrketiltak minka. På same måte gjeld dette prinsippet for alle liknande samyrketiltak. Konserna skal ha rett til å setja i gang verksemdar i alle næringar.

I.2. Hand i hand med den frie etableringsretten går den frie kapitalrørsla. Skal nye avdelingar kunna opnast, trengst kapital, og

kapitaltilførsla må ikkje hindrast av dei restriksjonar som vert lagt på utanlandsk kapital. I alle høve formelt er det grenser for inn- og utførsle av kapital. Den norske kapitalen er i ein viss mon bandlagt — den kan ikkje fritt førast ut or landet for å plasserast i lønsame prosjekt utanlands. Samstundes har det til no vore stilt krav om at utanlandske firma som har fått løyve til å etablere seg her i landet, må føra inn kapital for å finansiera tiltaket.

For Noreg får den frie kapitalrørsla to følgjer: 1. Dersom utanlandske konsern slår seg ned her i landet, skal dei i EF ikkje vera bundne til å finansiera tiltaket med i hovudsak utanlandsk kapital. Den norske kredittmarknaden skal opnast for å gje lån til slike tiltak. Det kan tyda minka kapitalimport. 2. Samstundes skal norsk kapital fritt kunna plasserast i tiltak i andre EF-land. Ettersom norske kapitaleigarar er like interesserte i avkasting som andre, er det truleg at norsk kapital i større grad enn før vert plassert i rentable tiltak i foredlingsindustrien på kontinentet. Det tyder auka kapitaleksport.

Om dette heiter det i tilrådinga frå den utvida utanriks- og konstitusjonsnemnda i Stortinget (innst. S.nr. 165, 1961/62): «Slutter Norge seg til EEC vil norsk økonomi trolig bli enda mer utadvendt enn før og behovet for kapital vil stige. Samtidig øker faren for uønsket norsk kapitaleksport på grunn av bestemmelsene i Roma-traktaten om frigjøring av kapitalbevegelsen.

Kapitaltilgangen kan komme til å øke som følge av at utlendingene kanskje blir mer interessert i å investere i Norge. Dertil kommer at vårt land får friere adgang til andre lands nasjonale lånemarked og får høve til å trekke på den felles européiske investeringsbanken. (3.10).»

Skal Noreg tre inn i EF, må derfor alle økonomiregulerande lover som kan koma i konflikt med konkurransevilkåra i fellesmarknaden endrast. Adgangen til styring av den nasjonale økonomi og igangsetjing av regional utjamning vil ved medlemskap verta vesentleg avgrensa.

1.3. Siktemålet med desse prinsippa er at kapitalen skal kunna plasserast der han gjev størst avkasting. Dersom dei skal fungera slik, er kapitaleigarane avhengige av at arbeidskrafta er mobil og kan flyttast med. Arbeidsmarknaden i EF er følgjeleg sams, landegrenser skal ikkje vera i vegen for flytting av arbeidarar.

I Roma-traktaten og andre EF-dokument vert dette framstilt som ein fridom for arbeidarklassen. Arbeidarane skal stå fritt til å velja kvar dei vil slå seg ned å arbeida. T.d. skal arbeidaren på filet-fabrikken i Hammerfest ha fridom til å reisa til Ruhr-området og

stålindustrien. Eller, meir lokalt: småbrukaren i Etne skal stå fritt til å reisa frå det nedlagte småbruket og søkja seg arbeid i industrien på Stord eller Mongstad.

Det røynelege innhaldet i denne fridomen er å finna i eit par tilhøve eg skal freista å koma inn på.

1. Konsekvensane av ein fri arbeidsmarknad kombinert med fri etableringsrett og fri kapitalrørsle kan føre til auka avmakt og umyndiggjering for norske lønnstakarar. Med ein sams arbeidsmarknad å ausa av, kan verksemdar leggjast der tilhøva er best mogeleg lagt til rette for størst forteneeste. Det interessante vert då korleis utforminga av samfunnet skjer ved hjelp av denne forteneesta. Innanfor EF har det til no vore synt lita forståing for regionale utjæmningsiltak. Mishøvet mellom plassering av arbeidsplassar og busetnadsmønsteret er karakteristisk for utviklinga.

2. Dersom arbeidskrafta skal la seg flytta på, må det vera til stades press som er skapt på ein av to måtar (eller kombinasjon av begge) — anten stendig arbeidsløyse eller at arbeidskraft vert dregen inn til industrien frå grunn-næringane. I Roma-traktaten er det snakk om høg sysselsetjing som mål, ikkje full sysselsetjing. Alt her i utgangspunktet er det innarbeidd ein arbeidsløysemekanism. Strukturendringane i jordbruket er nett esla til å føra arbeidskraft derifrå til industrien.

I tillegg til desse prinsippa, kjem så reglar om same tollsatsar og skattereglar. Det er viktig nok, men slike tiltak ser eg meir som utfylling i det byggverket som alt er reist av dei sentrale konstruksjonane eg har drøfta ovanfor.

EF har ei slags regjering — ministerrådet — der regjeringane i medlemslanda har kvart sitt medlem. Vidare er det eit parlament som skal kontrollera Kommisjonen. Kommisjonen er det viktigaste organet, avdi det sit med utgreiingsapparatet og har lovgjevande makt.

*II. Atgjerder som kan nyttast av dei utøvande organa.*

Både Rådet og Kommisjonen har rådgjevande og utøvande makt, og vedtaka der har overnasjonal karakter (art. 189).

1. Forordningar.

«Ei forordning er allmenngyldig. Den er heilt ut bindande og gjeld for samtlege medlemsstatar». (art. 189. 2)

Det er altså sams lovgjeving for Fellesskapet. Vedtak kan berre få kraft av forordning når det rettar seg til alle statar i EF, og ei forordning er bindande utan særskilt vedtak i dei einiskilde landa. Kjem forordninga i strid med gjeldande nasjonal lov, må den nasjonale lov vika. Reglar nasjonalforsamlingane gjev om saker som er dekkja av ei forordning, må ikkje strida mot henne.

## 2. Direktiv.

«Eit direktiv bind einkvar medlemsstat det er retta til med omsyn til målsetjinga. Men dei nasjonale styresmaktene avgjer sjølve form og midlar for gjennomføringa» (art. 189. 3).

Rådet vedtek dei fleste direktiva, som er folkerettsleg bindande for den eller dei statar det gjeld til å setja i verk nasjonal lovgjeving i pakt med direktivet.

## 3. Vedtak.

Art. 189.4 gjev Rådet og Kommisjonen høve til å gjera vedtak «som i heilskap er bindande for den eller dei det er retta til».

Vedtak kan rettast til ein stat, og vil då i praksis ha same verknad som eit direktiv.

Dersom vedtaket er retta til ein einskildperson eller ei verksemd, kan det tena som eit direkte tvangsmiddel, og einskildstatane har plikt til å sjå til at pålegget vert fullbyrda.

## 4. Rekommendasjonar og fråsegner.

Dette er vedtak som ikkje er bindande, men som gjev uttrykk for kva det organet som utferdar vedtaket, meiner om ei sak og om kva som er Fellesskapet sin politikk i den aktuelle saka.

5. Denne adgangen til å gi lover og treffe andre vedtak er avgrensa av Roma-traktatens rammer. Men i art. 235 har Rådet fått fullmakt til å treffe avgjerder om alle tiltak som «synest naudsynte for å verkeleggjera eit av måla til Fellesskapet». Ordlyden i føresegna går svært langt, og sjølv om artikkelen har vore lite brukt, er det ikkje godt å seia kva som i framtida kan verta lagt i han.

Denne vidfemnande rådevaldsretten som er gjeven EF-organa fører til at Noregs sjølvstende vert redusert tilsvarande. Det vert og mindre sjansar for demokratisk kontroll med styremaktene. Slik plar det verta når makt vert ført over frå nasjonale til overnasjonale organ. I kor stor grad den demokratiske kontroll vert svekka, står på kva slag overnasjonale styremakter det dreier seg om. Det skal eg koma inn på no.

### III. 1.1. *Ministerrådet.*

Rådet er øvste avgjerdsmakta i EF og er samansett av eitt regjeringsmedlem frå kvart medlemsland. Kvar regjering har peika ut sin målsmann, som ikkje treng vera den same frå møte til møte. Regjeringa kan peika ut den statsråden som har hand om dei sakene som skal føre.

Om Rådsmøtet heiter det berre i Roma-traktaten: «Formannen kallar inn til møtet anten på eige initiativ eller på oppmoding frå eit medlem eller frå Kommisjonen.» I praksis møtes Rådet eit par dagar omlag ein gong i månaden. Møta er ikkje offentlege og det vert ikkje publisert noko frå dei, bortsett frå ei pressemelding. Rådet skal syta for at målsetjinga i Roma-traktaten vert realisert ved å «sikra at den allmenne økonomiske politikken til medlemslanda vert samordna», og Rådet «skal ha mynde til å gjera vedtak». I dei fleste sakene er Rådet sin kompetanse avhengig av at det ligg føre formelt framlegg frå Kommisjonen. I ein skilde saker kan Rådet handla åleine, men då i saker av reint organisatorisk art. Rådet kan påleggja Kommisjonen å granska sakstilhøve og koma med framlegg, men kan ikkje på førehand fastsetja noko om innhaldet i framlegga og kan heller ikkje setja tidsfristar for arbeidet til Kommisjonen.

Framlegg frå Kommisjonen kan Rådet endra einast med samrøystes vedtak.

Vedtak i nokre saker kan gjerast med vanleg fleirtal, d.v.s. at eit fleirtal av medlemsstatane røystar for. Det vanlege kravet som vert stilt til ei avgjerd, er likevel kvalifisert fleirtal som vert utrekna etter ulikt røystetal for landa: Frankrike, Italia og Vest-Tyskland har kvar fire røyster, Belgia og Nederland har to og Luxemburg har ei røyst, tilsaman 17 røyster. I saker der Rådet einast kan ta avgjerd etter framlegg frå Kommisjonen, krevst det at minst 12 røystar for.

### III. 1.2. Rådet har fleire underordna organ, her skal berre nemnast Komitéen av faste representantar.

Det er ein embetsmannskomité som har fast sete i Bryssel for å arbeida med rådssakene den tida Rådet ikkje er samla. Saklista til Rådet er delt i to saksategoriar: A-saker og B-saker. A-sakene er slike som Komitéen og Kommisjonen er samde om, dei vert vedtekne utan debatt i Rådet. Komitéen vert soleis i røynda eit av dei organa i fellesskapet som tek avgjerder.

B-sakene vert drøfta og avgjorde i Rådet.



### III. 2.1. *Kommisjonen.*

Det som er sagt føreåt, syner at Kommisjonen er det organ som står mest sentralt når det gjeld kompetansen til den politiske avgjerdsmakta, Rådet. Kommisjonen er sentret for byråkratiet i EF — der vert utgreiingar og granskingar utførde, og Kommisjonen har vide fullmakter til å setja i verk tiltak. I røynda er Kommisjonen det organet som har initiativet i dei fleste sakene.

Kommisjonen er samansett av ni medlemmer/generaldirektørar som er utnemnde av regjeringane. Dei store landa har to medlemmer, dei små ein. Generaldirektøren sit i leiinga for eit generaldirektorat. Tilsaman er det omlag 5000 tilsette i dei ymse «departementa». Dette talet vil venteleg stige til minst 7000 ved ei utviding av EF. Generaldirektørane har altså ein svær stab av ekspertar til rådvelde. Ekspertar som har eit fjernt samband med folkevalde organ. Ekspertise er og ein viktig maktfaktor når ein har å gjera med så kompliserte økonomiske og tekniske saker som EF-organa har. Generaldirektørane skal utnemnast etter dugleik, og dei må vera uavhengige av interessegrupper og si eiga regjering. Dei skal t.d. ikkje ta imot pålegg frå regjeringa i «heimlandet», men ta avgjerder etter eige skjøn. Kommisjonen er m.a.o. prinsipielt ikkje eit politisk organ, men eit reint fagleg/teknokratisk organ.

Regjeringane kan ikkje avsetja ein generaldirektør. Parlamentet kan avsetja heile Kommisjonen samla med 2/3 fleirtal, men det hindrar ikkje at regjeringane kan nemna ut dei same personane på nytt.

Etter traktaten har Kommisjonen både plikt og einerett til å gjera framlegg, og den har ulike åtgjerder å ta i bruk for å sikra at medlemsstatane følgjer traktaten og vedtak i organa til Fellesskapet, t.d. å stemna ein stat inn for Domstolen.

III. 2.2. Kommisjonen er gjeven ei sjølvstendig og uavhengig stilling, den er ubunden av politiske avgjerder og målsetjingar i medlemsstatane sine politikse organ. På sakleg og «objektivt» grunnlag skal den gjera framlegg om vedtak og åtgjerder som skal setja nasjonale lover til sides. Samstundes er kontrollinstansane andsynes Kommisjonen få og veike.

Dette, og den store sakkemgda i eit uoversiktleig byråkrati, der vedtak vert gjorde utan samråding med dei vedtaka skal gjelda for, gjev Kommisjonen karakter av å vera «heva over politikken» på ein måte som i grunnhåtten sin er all igjennom udemokratisk. Næringsøkonomiske vurderingar skuvar politiske målsetjingar og prioriteringar til sides.

### III. 3. *Den parlamentariske forsamlinga* (Europa-parlamentet).

Etter traktaten er Parlamentet eit rådgjevande organ, og det skal føra kontroll med dei utøvande organa i Fellesskapet. Berre i særskilt liten grad har Parlamentet dei funksjonane som ein vanleg reknar høyrer til ei nasjonalforsamling. Parlamentet har ikkje lovgjevingsmakt, heller ikkje løyvmakt, og kan heller ikkje på annan måte gjera bindande vedtak.

Rådet kan ikkje stillast til ansvar for Parlamentet, som einast har ein viss kontrollfunksjon andsynes Kommisjonen. Mistillitsvedtak kan gjerast mot heile Kommisjonen, men den retten har ikkje vore nytta. Med den samansetjinga Parlamentet har, kan det dessutan vanskeleg tenkjast at nokon partikoalisjon kan samla 2/3 fleirtal om eit mistillitsforslag. Ein har altså i røynda å gjera med ei papirforesegn som aldri kan få nokon praktisk verknad. Kommisjonen skal elles leggja fram for Parlamentet årsrapporten til drøfting, vidare kan Parlamentet stilla spørsmål til Kommisjonen som kan svara skriftleg eller munnleg. Svara kan ikkje debatterast i Parlamentet. Eigentlege interpellasjonar kan òg nyttast — då kan Parlamentet debattera svaret og vedta resolusjonar. «Rådet skal uttala seg i Parlamentet på dei vilkår Rådet sjølv set» (art. 140, 3.). Det skjer ved at Parlamentet bed Rådet om at prinsipielle spørsmål vert drøfta. Parlamentet gjer framlegg om tre emne, av dei vel Rådet to som skal drøftast. I nokre saker, særleg lovsaker og andre politisk særskilte saker, skal Rådet leggja fram framlegg frå Kommisjonen for Parlamentet til fråsegn. Parlamentet sine fråsegner er ikkje bindande for Rådet.

Arbeidet i Parlamentet vert førebudd i faste nemnder: Politisk nemnd for utanrikshandel, jordbruksnemnd, sosialnemnd, intern marknadsnemnd, økonomi- og finansnemnd, nemnd for samarbeid med u-landa, transportnemnd, energinemnd, forsknings- og kultur-nemnd, helsenemnd, budsjett- og administrativ nemnd, lovnemnd. Nemndene kjem med saksframstilling kvar på sitt felt til saker Parlamentet skal drøfta. Etter di Parlamentet er samla berre ei vekes tid ti gonger årleg, har nemndene dessutan viktige oppgåver i å halda ved lag kontakten med Kommisjon og Råd, og sjå til at Parlamentet si mening så langt råd er vert teken til følgje. Nemndene held oftast møta sine for stengde dører.

#### III. 4.1. *Den økonomiske og sosiale komitéen.*

Komitéen er eit rådgjevande organ; i einssilde saker har Råd og Kommisjon plikt til å rådføra seg med komitéen.

Den økonomiske og sosiale komitéen skal «representera dei viktigaste økonomiske og sosiale gruppene innan Fellesskapet. Komitéen kan einast koma med råd og føreteljingar til framlegg frå kommisjonen, og på den måten skal han målbera synsmåtane til interessegruppene. Komitéen skal samansettast «særleg av representantar for industrien, landbruket, transportverksemda, lønnsarbeidarane, handelen, handverket, dei frie yrka og dei allmenne samfunnsinteressene». I praksis er komitéen i hovudsak delt i tre grupper: Arbeidskjøparane, lønsarbeidarane og andre interessegrupper. Medlemene vert oppnemnde av Rådet for fire år om gongen. Mandatet er personleg, og medlemene er ubundne av pålegg frå dei organisasjonar eller grupper dei skal representera. Komitéen arbeider i hovudsak slik at tilrådingane derifrå skal vera samrøystes.

III. 4.2. La oss summera litt: Innan eitt organ skal alle grupper sine interesser samordnast. Det skal gjerast av personer som er oppnemnde av eit statsorgan — komitémedlemene er ikkje valde av interessegruppene. Dei skal ikkje ta imot instruks frå sine egne grupper.

Gardbrukarane, arbeidarane, fiskarane — dei står utan makt til å velja sine egne målmenn, dei står utan makt til å gje pålegg til dei målmenn som er utpeika for dei. Eit slikt system tener til at interessemotsetningane i samfunnet vert «løyste» ved at dei vert nøytraliserte i eit statsorgan, dvs. at motsetningane i samfunnet vert undertrykte. Det inneber at dei røyneleg ikkje vert løyste, skulle det skje, må gruppe- og klasseinteressar brytast i politisk kamp. EF har ført inn eit system som hindrar politiske brytingar og som i staden fremjar «faglege» avgjersmatar.

### III. 5.1. *Domstolen.*

Domstolen skal seia dom i tvistemål mellom Fellesskapet og ein-skildstatane, mellom Fellesskapet og personar eller verksemdar, og mellom Fellesskapet og statar, verksemdar eller personar utanfor EF. Han har sju medlemer, oppnemnde av regjeringane for seks år.

På same måten vert dei to generaladvokatane valde. Dei skal ikkje representera klientar på same måten som aktor og forsvarar i ein vanleg rett, men «på heilt upartisk og sakleg måte offentleg leggja ned grunngevrne påstandar i sakene».

III. 6.1. Andre viktige organ i EF er Utviklingsfondet, Investeringsbanken, Sosialfondet, Valutakomitéen, men desse skal eg ikkje gå nærare inn på. Eg har berre nemndt dei organ eg ser som viktige.

gast, og siktemålet har i første rekkje vore å gje eit visst oversyn over korleis EF fungerer og kva styringsprinsipp som råder.

Av det som er sagt ovanfor går det fram at EF har eit utprega byråkratstyre. Byråkrati då som eit namn på eit styre av fagfolk. Og den største faren her ligg i at fagfolk og spesialistar ofte vert ein-sidede. I EF manglar den demokratiske kontrollmekanismen som politikarar med ei meir ålmen orientering utgjer. Å auka produksjonen og omsetjinga av varer kan lett bli gjeven så høg prioritet at andre viktige omsyn kjem i bakgrunnen og vert skadelidande.

### Studiespørsmål:

- 1) Kva er dei viktigaste grunnane til at EF har innført fri arbeidsmarknad, fri handelsmarknad og fri etableringsrett? Kva verknader (i positiv og/eller negativ lei) får desse prinsippa?
- 2) Samanlikn oppbygging av norske styringsorgan med tilsvarende organ i EF. Kva er dei viktigaste skilnadene mellom dei? Kva organ meiner de vil får mest å seia i EF? Kven blir representert i dette organet, og kva er grunnlaget for deira maktposisjonar?
- 3) Mange EF-motstandarar legg stor vekt på at Noreg vil missa sjølvråderetten sin dersom landet kjem med i EF. Andre har hevda at sjølvråderetten alt er så avgrensa at skilnaden trass i alt ikkje blir særleg stor. Korleis blir sjølvråderetten avgrensa i dag, og kva meiner de dei viktigaste avgrensingane vil bli om vi går inn i EF?
- 4) I EF blir det lagt stor vekt på offentleg planlegging og økonomisk samordning, også når det gjeld interessemotsetnader innanfor arbeidslivet (jfr. art. 118 i Roma-traktaten). Vil slik samordning løysa eller bérre undertrykkje interessemotsetnadane? Vil ei avgrensing av den makta interesseorganisasjonane har i dag, vera ei utvikling i demokratisk lei? Vil alle partane tena på denne ordninga, eller nokon tapa på omlegginga? Om svaret skulle bli det siste, kven vil i tilfelle tena på samordningssystemet, og kven vil tapa?

### Litteraturløysingar:

ABC om EEC, side 21—25, for meir opplysning om sjølve organa eventuelt kap. IV, EEC og dyrtid, s. 35—37, Fr. F. Gundersen: Introduksjon til EEC, s. 133—144 og T. Eckhoff: Styreformene i EEC (stensil frå Folkerørsla), Romatraktaten (kan tingast frå Noregs Mållag, Postboks 911, Oslo 1).

### Kapittel 3.

## Kva med grunnæringane?

Av Jarle Varpe og Johs Kvestad.

Tingingane med EF er no slutførde og den norske regjeringa har godkjent og tilrådd resultatet. Den siste og hardaste delen av tingingane var om vilkåra for dei norske grunnæringane innan EF.

Dette møtet skal spesielt ta opp kvifor det var så vanskeleg å passa dei norske grunnæringane — jordbruk og fiske — til ein felles politikk innan EF. Likeins skal vi drøfta om dei resultatata som regjeringa har kome fram til i tingingane vil bota på vanskanane.

Dei viktigaste målsetjingane for EF sin landbrukspolitikk (som òg fatar om fiske) finn vi i artikkel 39 i Romatraktaten. I korte drag går dei ut på:

- a) å auka produktiviteten,
- b) å sikra landbruksbefolkninga ein rimeleg levestandard,
- c) å stabilisera marknadene,
- d) å sikra tilførslene,
- e) å sikra rimelege prisar for brukarane.

Isolert sett kan det sjå ut som om dei fleste interesser er tekne vare på i denne målsetjinga. Det store problemet for EEC er at jordbruket er det vi kan kalla eit «overskotsjordbruk» som produserar for mykje varer. Samstundes er det lite rasjonelt og kan ikkje tevla på ein fri marknad.

Dei viktigaste målsetjingane for landbrukspolitikken vert difor å:

1. regulera overproduksjonen,
2. redusera produksjonskostnadene.

Måten dette skal gjerast på kjem til uttrykk i den såkalla Mansholt-planen som — sjølv om han ikkje er blitt vedteken — gjev oss hovudlinene i EF sin politikk. I korte drag går den ut på at produksjonen skal haldast på det ynskjelege nivået ved sterk utnytting av teknikk, ved mindre areal i bruk og langt færre bønder på færre og større bruk.

Den sterke strukturendringa som denne politikken vil føra med seg, vil gjera det vanskeleg å fylle målsetjinga om at landbruksbefolkninga skal sikrast ein rimeleg levestandard.

Rasjonaliseringa kan føra med seg arbeidsløyse om det ikkje vert sett i gang tiltak som kan løysa problema. Eit gjennomgåande trekk med landbrukspolitikken er at problema skal løysast som sosiale problem, ikkje som distriktspolitiske problem. Det er m.a. på tale med førtidspensjonering av bønder som legg ned drifta på gardane sine og som ikkje kan skaffa seg anna arbeid.

I det heile har jordbrukspolitikken innan EF vore vanskeleg. Den felles politikken har lagt harde borer på bondene som i mange høve har protestert mot tiltaka, m.a. demonstrerte mest 100 000 bønder i Bryssel for ikkje så lenge sidan mot dei harde kåra sine. I boka «Norsk landbruk under forvandling», utgjeve av Studieselskapet for Samfunn og Næringsliv (Libertas), vert den norske jordbrukspolitikken sterkt kritisert fordi «han har blanda sosialpolitiske vurderingar og åtgjerder inn i næringspolitikken på ein slik måte at ein forelda bruksstruktur er halden ved lag». Som Mansholt-planen går Studieselskapet inn for ei gjennomgripande strukturendring — små bruk i utkantane er einast ei bør på samfunnsøkonomien og må leggjast ned, bruk i meir sentrale strok må slåast saman, og sysselsetjinga i jordbruket må minskast. Studieselskapet vil så løysa problema som kjem av dette med ulike former for sosial stønad i ein overgangsperiode.

La oss seia at dette er rette måten å gå fram på. Men kva får ein slik framgangsmåte å seia for bygdene si evne til å fungera sosialt, d.v.s., slik at folk kan leva der? Vi er då nøydde til å ta omsyn til dei særlege tilhøva her i landet: Mange bygdelag ligg spreidde og har alt i dag så lågt folketal at det snart er uråd å halda oppe slike tilbod som postruter, skule, buss eller ferjeruter t.d. I mange høve må det føra til avfolking dersom talet på bruk, og dermed arbeidsplassar, går ned meir enn det alt har gjort.

I røynda er det her ikkje snakk om sosiale ytingar til einskildpersonar som ikkje finn sysselsetjing. Tvertom er det spørsmål om bygdesamfunna skal fungera til bate for dei som bur der, og kva åtgjerder som kan nyttast for å nå denne målsetjinga.

## II. Jordbruket.

Gardsbruka her i landet er gjennomgåande små, berre få er så store som det Mansholt-planen reknar å vera eit «normalbruk». I alle bygder vert mange småbruk haldne oppe som sjølvstendige einingar sjølv om brukaren må ha anna løna arbeid ved sida av. Det dyrka og dyrkande arealet i mange grender kan ikkje gje rom

for meir enn eit fåtal bruk dersom dei skal vera så store som Mansholt-planen tilrår.

Landsdelsplanane har framlegg om å minka talet på gardsbruk. Vestlandsplanen sitt framlegg går m.a. ut på å slå saman bruk slik at dei i regelen får 100 da kvar. Det er framlegg etter same retningslinjer som Mansholt-planen byggjer på. Vert først den lina vald, er og karakteren av kva tiltak som skal nyttast i framtida gitt.

Hovudelementa i Mansholt-planen er at 50 millionar dekar skal takast ut or jordbruksproduksjon, det skal i staden leggjast ut til fritidsområde eller plantast til med skog. I kring 5 millionar bønder skal ikkje lenger sysselsetjast i jordbruket, men førtidspensjonertast eller omskulerast til andre yrke. (I EF-landa er det i dag omlag 10 millionar bønder). Berre såkalla utviklingsdugande bruk skal få stønad, og stønad skal først gjevast når det ligg føre ein utviklingsplan for bruket. Bruket må sysselsetja to brukarar i heilårs arbeid med maksimalt 2 300 arbeidstimar årleg, og kvar av dei to må ha årleg brutto inntekt på 70—90 000 norske kroner etter at fôr og sávarer er betalte. Brukaren må ha utdanning både i produksjonsteknikk og driftøkonomi — gardsbruket vert sett på som ei vanleg industriverksemd. Ei råd tiltak skal setjast i verk for å ta i bruk meir avansert teknikk, for å få folk til å gje opp jordbruket som leveveg, og for å minka nydyrking, m.a. skal det setjast forbod mot all statleg stønad til dyrking.

Granskingar Landbruksøkonomisk institutt har gjort over fleire år på gardsbruk kring i heile landet, syner at skilnaden mellom norsk jordbruk og jordbruk i EF har auka med kvart. Dersom bruksmåtar og prisar held fram uendra og Noreg kjem med i EEC no, misser norske gardbrukarar meir enn halvparten av arbeidsinntekta. Her er det skilnad frå eitt distrikt til eit anna, best tilpassningsevne har jordbruket i Rogaland p.g.a. dei særeigne tilhøva der. Nedgangen i inntekta kan gjerast noko mindre dersom drifta vert lagt om til andre produkt og på annan måte, men det har vist seg å verta vanskelegare med åra. T.d. er det god marknad på storfekjøt i EF no, men etter kvart som omleggjinga i EF vert gjennomført, må ein rekna med full marknadsdekking også for dette produktet.

Både i Storting og regjering har det vore ein klár føresetnad at om Noreg skulle bli medlem i EF, måtte grunnringane sikrast varige særordningar for å unngå dei øydeleggjande verknadene frå den felles EF-politikken.

Eit av dei viktigaste punkta var retten til å bruka prissubsidiar til å halda oppe og regulere produksjonen. Som kjent er det i

fylgje Romatraktaten ikkje lovleg å knyta støtteordninga til produkta.

*Punkt 5* i forhandlingsprotokollen slår fast at Noreg som ei unn-taksordning, skal ha høve til å nytta dei noverande subsidiane for ein periode av *tre år*, i denne perioden skal dei reduserast gradvis for så å falle bort. Den varige særordninga ligg i *punkt 8* som seier at det for å *sikrast nok mjølk til konsum, kan nyttast subsidiar*. Vedtaka om tiltak for å sikra mjølkeforsyninga skal fattast av *EF-organa*.

Frå jordbruksorganisasjonane er det blitt slått fast at dei «varige særordningane» ikkje kan gje fullt vern for norsk jordbruk, og dei tek då utgangspunkt i *to forhold*:

1. Retten til å bruka prissubsidiar gjeld for å sikra *full* tilførsle av konsummjølk. Mange stader i landet utgjer produksjonen til konsum ein liten del av heile mjølkeproduksjonen, resten går til produksjon av andre produkt som ikkje kjem inn under denne av-talen. Norsk mjølkeproduksjon kan rimelegvis reduserast mykje for denne regelen i det heile kan forsvarast innan EF.

2. Sjølv om Noreg får nytta prissubsidiar på mjølk, fell korn-trygda bort. Korntrygda sin viktigaste funksjon var at ho hindra overproduksjon av mjølk ved at det gav betre lønsemd å dyrka korn i dei beste jordbruksstroka i landet. Mjølkeproduksjonen vart såleis overleten til dei stroka som ikkje hadde føresetnader for kornproduksjon. Om korntrygda fell bort og subsidiane på mjølk vert haldne oppe, kan vi rekna med at det vert verre for dei små og brattlende bruka å tevla, og dermed kan det føra med seg av-folking av mange gardar.

Argumenta mot denne kritikken er at vi må møte EF med *tillit*, for om vi ikkje har fått formelle garantiar, har vi fått «politiske» garantiar om at ingen ting skal vendast til det verre. Det er mykje som tyder på at det er all grunn til å tolka jordbrukspolitikken i verste meining. Sjølv om Noreg har fått særordningar, kan ikkje dette skapa snunad på den offisielle politikken innan EF der tendensane i jordbrukspolitikken er heilt klare. Jordbruket skal rasjonaliserast til lønsemd, og berre i dei tilfelle at verknadene vert for harde for folket i næringa, skal det setjast inn omframme til-tak av sosialpolitisk art. Særordningane for Noreg vil i høgda bli ei bremse på utviklinga, i hovudsak må vi fylgja den felles po-litikken.

Endå verre stilt enn jordbruket vil det norske hagebruket bli. I ei overgangstid på 5 år skal det vera høve til å nytta minsteprisar på varene for å halde prisane oppe. Etter denne overgangsperioden skal det så koma nye reglar som skal arbeidast ut etter at vi er



komne med i EF. Det norske hagebruket som i dag er verna med kvantitative og tidsavgrensa importreglar, må rekna med å gå ei hard tid i møte innan EF. No kan det seiast at hagebruket tel lite på nasjonalproduktet, men vi må vera klår over at denne næringa i mange høve er avgjerande for mange bygder sitt næringsgrunnlag: det vesle inntektstillegget som gjer at garden kan drivast.

### III. Skogbruket.

Meir uvisst er det korleis det vil gå med skogbruket om Noreg kjem med i EF. Verksemdar som foreddar skogsvyrke, vil sleppa å betala toll ved eksport til EF-land, og dette vil gje dei noko større inntekter. I 1970 var såleis tollbøra for denne industrien samla på eksport til EF-landa, Storbritannia og Danmark 60 millionar kroner. Men for det første vil venteleg tollmurane bli rivne ned i alle høve. Etter direktiv frå EF-kommisjonen om handelsavtale med Sverige skal såleis tollen for svensk eksport av treforedlingsprodukt minke frå 12 % no til 7 % i tidsbolken 1973—77, og den tollfrie eksportkvoten skal auke. 12 år etter utvidinga av EF skal det vera full tollfridom overfor Sverige. Det er rimeleg å rekne med at Noreg utanfor EF vil få liknande vilkår. For det andre har ei mengd treforedlingsverksemdar vorte slått konkurs dei siste åra, og andre går saman i i gigantbedrifter. Denne fusjons- og konkursbølga rullar vidare og ikkje minst av di dei store verksemdene prøver å sko seg til tevlinga med dei endå større i EF — med å styrkja seg sjølve på kostnad av småbedriftene. Svein Kjos skriv det slik i Europa-bevegelsens brosjyre om EF og skogindustrien: «1960-årene var for skogindustrien, som for mange andre næringer, preget av tilpasningar til nye handelspolitiske forhold gjennom samarbeidet i EFTA, gjennom Kennedy-runden, og forskjellige fremstøt overfor EF» (sjå meir om EF-førebuande tiltak i industrien i neste kapittel). Denne utviklinga vil skyta sterkare fart innafor fellesskapet. Monopola vil snart riva frå skogeigarane den vesle innverknaden dei har hatt til dømes ved fastsetjing av tommerprisane, og sjølve bli stadig meir einerådande. Skogeigarar flest veit frå før at det jamnast er ein liten del av inntektsauken i treforedlingsverksemdene som kjem dei til gode i form av høgre tommerprisar og snautt noko blir att til tommerhoggarane.

Når ein ser på skogbruket isolert, er det såleis uvisst om næringa vil tena eller tapa på EF-medlemskap, men det siste synest mest sannsynleg.

Men skogbruket eksisterer ikkje isolert, men som ei bygdenæring saman med andre næringar. Mange tommerhoggarar driv skogs-

arbeid attåt eige jordbruk eller anna arbeid i bygda, det same gjer småskogeigarar som arbeider i sin eigen skog. Dei større skogeigarane som leiger arbeidsfolk, vil også ha vanskar med å kjøpe arbeidskraft dersom sesong- og heilårsarbeidsplassane i jordbruk og industri i bygda blir rivne vekk, slik det går mangstad dersom Noreg blir EF-medlem. Det storskogeigarane då kjem til å gjera, er å mekanisera drifta endå meir eller trappa ned, og begge delar riv arbeidsplassar vekk frå bygda. Alt no har vi denne utviklinga i Noreg, avverkinga ligg langt under tilveksten og minnar år for år, og talet på sysselsette i skogen blir stadig mindre; det vart halvert frå 1962 til 1970. På dette viset blir skogen avvikla som arbeidsplass, og avviklinga vil bli intensivert i EF, der det norske skogbruket også må tevla på like fot med meir lett-drivi og meir sentralt skogbruk.

Dersom ein ser på skogbruket som bygdenæring, fell såleis uvissa om følgjene av norsk EF-medlemskap bort — skogbruket vil tapa på at Noreg blir EF-medlem.

#### IV. Fisket.

Fiskeripolitikken som er vedteken i EF byggjer på at nasjonale fiskerigrensar skal opphevast. I ein overgangsperiode på 5 år skal grensene vera 3 nautiske mil, overgangsperioden skal landa nytta til å ordna opp i strukturproblema i næringa. Kort går det ut på å kondemnera små farty og leggja om til «rasjonell drift», og å brigda lover og føresegner slik at dei samsvarar med vedtak og økonomiske prinsipp i EF, som t.d. etableringsretten. Reguleringar må einast setjast i verk for å verna fiskesetnaden, og må ikkje verka diskriminerande mot fiskarar frå andre land.

Etableringsretten gjeld i denne sektoren som i alle andre. Såleis er det ikkje høve til å gje samyrkeorganisasjonane einerett til å setja i gang t.d. reiskapsfabrikkar o.l. Prinsippet om fri etableringsrett hindrar lovgjeving som t.d. går ut på at berre aktive fiskarar skal få lån til fiskefarty. Foredlingsindustrien skal opnast for fri investering, deretter skal fri investeringsrett gjennomførast for fabrikkfiske. Det gjev dei store foredlingsverksemdene fritt høve til å reida ut sin eigen flåte.

Restriksjonane skal bort, også dei som er lagde på trål og fabrikkfiske, dersom dei ikkje må vera der for å hindra at ein fiskesort vert utrydda. På ny er det omsynet til ei effektiv næring som går først. Her vert det lite og ikkje spurt kva verknader politikken har for m.a. kystfolket som må livnære seg av kystfisket.

Kystfiske kan berre drivast dersom fisken kjem inn og ikkje vert fiska opp ute på bankane av ei «effektiv» drift. Dinest må fiskara-

ne vera sikra avtak, det kan truleg til dels verta vanskeleg, etter som industrien har sin eigen trålarflåte på feltet.

EF sin fiskeripolitikk, som etter lang ventetid vart endeleg vedteken berre kort tid før tingingane om norsk medlemskap i EF tok til, har heile tida vore klårt uakseptabel for Noreg, og ein føresetnad har heile tida vore at vi kunne få varige særordningar som verna det norske kystfisket og den norske fiskeforedlinga. Resultatet av tingingane i Bryssel vart at norske fiskarar fram til 1982 skal ha einerett til fiske innan 12 mil frå kysten nordetter frå Eigersund, ordninga vart med andre ord ikkje «varig», og mange spør seg kva ein skal leggja i dei såkalla «politiske garantiane» som EF gav for tida etter 1982. Noregs Fiskarlag sitt landsstyre har samroystes gått mot denne ordninga og hevdar at garantiane for tida etter 1982 ikkje er bindande og kan såleis ikkje gje noka trygd. Fiskeriministaren — Knut Hoem — gjekk ut av regjeringa i protest mot resultatet av tingingane og seier at han vil rå fiskarane til å gå mot EF-medlemskap.

Men sjølv om norske fiskarar fekk varig einerett til fiske og tilverking, ville ikkje det vera godt nok. Prinsippet om fri etableringsrett (lik etableringsrett) vil like fullt gjelda fiskerinæringa, kravet er berre at dei som driv næringa er busette i Noreg. Såleis kan utanlandske kapitalkrefter gjennom norske stråmenn eller ved å etablere seg i Noreg oppnå same rettane som nordmenn har. Råfisklova, som gjev fiskarorganisasjonane einerett til fyrstehandsomsetnaden av fisk og skaldyr, skal framleis gjelda innanfor EF. Sjølv om denne lova nok har gjeve seg utslag i at vi har greid å halda oppe ein struktur av fiskeforedlingsverksemdar som gjennomgåande er små, har ho heller ikkje kunna hindra framveksten av store, utanlandsk dominerte verksemdar av typen Findus i Hammerfest. Og sjølv om vi generelt har forbod mot trålfiske innanfor fiskerigrensa, vert det stadig gjeve dispensasjonar til dei store tråleiarane av omsyn til desse storverksemdene. Medlemskap i EF kan såleis bety eit sterkt press på dei norske styresmaktene og ei utholing av den eksisterande fiskerilovgjevinga ved at utanlandske storverksemdar etablerar seg i Noreg.

## V. Oppsummering.

I denne artikkelen har vi i hoveudsak drofta verknadene av EF isolert for dei ulike grunnæringane. Det er endå viktigare å sjå desse næringane i samanheng, næringsgrunnlaget for dei fleste bygdene avheng oftast av korleis desse næringane kan kombinerast, og såleis kan nedgang i ei av næringane få store følgjer for dei andre.

Grunnøringane har vore og er framleis det viktigaste grunnlaget for ein spreidd busetnad i Noreg. Norsk jordbruks- og fiskeripolitikk har og i ein viss mon teke form av dette. Tendensen den seinare tida i norsk politikk har vore å leggje mindre vekt på dette, og både når det gjeld fiske og jordbruk er det sett i verk tiltak som skal skapa meir rasjonelle einingar. Statsstøtta til fisket har i aukande mon gått til å stø opp om større båtar på kostnad av dei mindre båtane. Sameleis i jordbruket, der målsetjinga klårt kjem fram i landsdelsplanane (t.d. Vestlandsplanen), strukturen i jordbruket skal rasjonaliserast til større og meir rasjonelle bruk. Alt i dag har vi sett ei sterk sentralisering av bank- og finansvesen, som i mange høve vil skapa vanskar for dei mindre einingane i grunnøringane med å skaffa seg lån osb. Vi må rekna med at denne utviklinga vil halda fram innan EF og i tillegg må vi rekna med at det norske rentenivået vert heva opp på EF sitt nivå. Ei slik utvikling kan skapa store vanskar for grunnøringane i tillegg til dei som direkte ligg i EF sin jordbrukspolitikk. EF vil såleis ikkje bli nokon bremse på den utviklinga vi alt har i dei norske grunnøringane, men berre forsterka dei negative draga i denne.

## **VEDLEGG: FORHANDLINGS-PROTOKOLLANE.**

### **Forhandlingsprotokollen for landbruket.**

De høye kontraherende parter som ønsker å løse de problemer som Norges tiltredelse til De Europeiske fellesskap reiser for dette lands jordbrukere: som tar i betraktning den bekymring som den norske Regjering har gitt uttrykk for ut fra den kjensgjerning at norsk jordbruk på grunn av landets geografiske beliggenhet og topografi står i en ugunstig stilling når det gjelder produksjonen; at de samme forhold er bestemmende for Norges særlige bosettingsproblemer og medfører relativt høye produksjonskostnader for landets gårdsbruk, hvilket har nødvendiggjort et generelt system med støtte-tiltak med sikte på å opprettholde en balansert sosial struktur og en rettferdig levestandard for den befolkning som er sysselsatt i jordbruket; erkjenner de spesielle problemer som reiser seg for landets jordbrukere ved Norges tiltredelse til Fellesskapet, særlig på grunn av det faktum at en ren tilpasning av de priser som oppnås av norske

produsenter, til nivået for Fellesskapets priser, ville føre til en vesentlig nedgang i inntektene, med ugunstige følger fra et sosialt og bosettingsmessig synspunkt;

erkjenner særlig at overgangsperioden ikke vil kunne løse disse problemer, og at det derfor er nødvendig å fastsette særordninger som ikke skal kunne skape presedens, og hvis formål skal være å opprettholde de norske jordbrukeres levestandard under iakttagelse av reglene for den felles jordbrukspolitikk, er blitt enige om følgende bestemmelser:

1. Med forbehold for de midlertidige unntak som er nevnt i de følgende paragrafer, bør det system som anvendes for norsk jordbruk, utformes på en slik måte at det ikke hindrer at den felles jordbrukspolitikk, og særlig de felles markedsordninger, virker etter sitt formål innenfor det utvidede Fellesskaps samlede territorium.
2. Norge vil anvende fellesskapsbestemmelsene for jordbruket i samsvar med Tiltredelsesaktens bestemmelser på dette område.
3. Spørsmålet om norske fraktsubsidier med sikte på å kompensere de spesielt uheldige følger av de lange avstander mellom produksjonsområdene og de naturlige markeder, samt den sterkt spredte beliggenhet av jordbruksområdene, må finne en fullgod løsning ved anvendelse av bestemmelsene i Traktaten om opprettelse av Det Europeiske Økonomiske Fellesskap.
4. Et støttesystem, som tillater at jordbrukernes levestandard blir opprettholdt, skal etableres i Norge. Støtten skal gis i den utstrekning det er nødvendig for å nå dette mål. Det kan ikke være bundet til den markedsførte vare og heller ikke omfatte prissubsidier til produksjonen, hvilket vil kreve en omlegging av støttetiltak som nå anvendes i Norge, og den skal være differensiert etter områder og kategorier av jordbrukere. De tiltak som treffes, skal tilpasses de ulike typer av produksjon.
5. Norge skal, som en unntaksordning, ha adgang til midlertidig å opprettholde de nåværende subsidier for en periode av tre år fra Tiltredelsesaktens ikrafttreden. Prissubsidier til produksjonen skal reduseres med beløp som motsvarer den økning i markedsprisene som følger av tilnærming av disse priser til det felles prisnivå.
6. For hagebrukssektoren, herunder innbefattet poteter, skal Norge som en midlertidig unntaksordning for en periode av fem år fra Tiltredelsesaktens ikrafttreden ha rett til å erstatte de kvantitative importrestriksjoner, med bestemmelser som gjør det mulig å opprettholde for visse varer et prisnivå som svarer til det som gjaldt på det norske marked før tiltredelsen. Disse bestemmelser skal bestå i et system med minstepriser som blir å fastsette for det norske marked, og hvor utjevningsavgifter vil kunne anvendes på

all import til lavere priser; for import av de samme varer til foredling kan utjevningsavgiften suspenderes, mens en restitusjon tilsvarende avgiftsbeløpet kan tilstås for leverandører av innenlandske varer til foredling. De overgangsbestemmelser som er avtalt for toll, kommer til anvendelse.

7. Innen atten måneder etter tiltredelsen og for hagebrukssektoren senest førtito måneder etter tiltredelsen, skal Kommisjonen legge fram forslag for Rådet, herunder eventuelt forslag vedrørende de finansielle utgifter som kvalifiserer til fellesskapsfinansiering, i samsvar med bestemmelsene i Traktaten om opprettelse av Det Europeiske Økonomiske Fellesskap, med sikte på innen utløpet av de tidsfrister som er fastsatt i paragrafene 5 og 6 ovenfor, å iverksette støttesystemet i samsvar med paragraf 4 ovenfor.

8. Under fellesskapskontroll og uten hensyn til de bestemmelser som er fastsatt i de foregående paragrafer, skal egnede tiltak treffes i Norge for å sikre en forsyning av melk som er tilstrekkelig til regelmessig å dekke befolkningens forbruk av konsummelk og på en slik måte at det nåværende høye melkeforbruk ikke settes i fare. Fellesskapets organer skal for dette formål vedta de nødvendige bestemmelser, som vil kunne omfatte subsidier.

9. Dersom den fremtidige utvikling i den felles jordbrukspolitikk eller fellesskapets politikk på andre områder skulle medføre fellesskapstiltak som vil gjøre det mulig å løse helt eller delvis de spesielle norske jordbruksproblemer, vil disse fellesskapstiltak og den eventuelle fellesskapsfinansiering som måtte følge av det, kunne erstatte de særlige tiltak som er truffet i Norge.

10. Det utvidede Fellesskaps organer skal med regelmessige mellomrom foreta en gjennomgåelse av forholdene og enkelthetene ved gjennomføringen av den ordning som anvendes i Norge.

#### **Protokoll for fiskeriene.**

«De høye kontraherende parter som erkjenner den meget store betydning som fisket har for Norge, som tar i betraktning at på grunn av Norges spesielle geografiske beliggenhet utgjør fisket og de næringer som er knyttet til det en virksomhet som er avgjørende for befolkningen på en stor del av kysten hvor alternative sysselettingsmuligheter er begrenset, som er seg bevisst betydningen av, for Norge såvel som for Fellesskapet, å opprettholde en tilfredsstillende bosettingsmessig likevekt i de områder av landet som i vesentlig grad er avhengig av kystfisket, og som deler den norske regjeringens målsettinger på dette område, som bekrefter at Norge, innen rammen av bestemmelsene i artikkel ... paragraf II, er be-

myndiget til å begrense utøvelsen av fiske i de farvann som er underlagt landets suverenitet eller jurisdiksjon innenfor en grense på 12 mil mellom Eigersund og grensen mellom Norge og Sovjetunionen, er enige om å tilrå Fellesskapets institusjoner at de under den gjennomgåelse som er forutsatt i artikkel ... paragraf 4, skal ta særlige hensyn til de problemer som Norge står overfor på fiskerisektoren, både innen rammen av landets økonomi generelt sett, og ut fra betraktninger knyttet til landets særegne befolkningsmessige og sosiale struktur, og å handle slik at de bestemmelser som vil kunne bli truffet blir fastlagt i samsvar med dette. Disse bestemmelser kan blant andre tiltak omfatte en forlengelse av unntaksordningen utover 31. desember 1982 i hensiktsmessig grad og i samsvar med regler som skal fastlegges».

Det var også enighet om at følgende erklæring fra den norske regjering skal tas inn som vedlegg til protokollen:

«Den spesielle protokoll om Norges fiskerier som vi nå er blitt enige om, forutsetter at kommisjonen før 31. desember 1982 legger frem forslag om hva som skal skje etter dette tidspunkt. I protokollen har man erkjent de særegne problemer som Norge står overfor på dette område, og man har tilrådet Fellesskapets institusjoner å handle slik at de vedtak som blir truffet er i samsvar med dette. Fellesskapet er basert på den tillit som eksisterer mellom dets medlemmer. Min regjering er forvissnet om at rådet ikke vil treffe disposisjoner i strid med Norges vitale interesser. Fellesskapet har nå gitt Norge høytidelige forsikringer om at det særlige hensyn som skal tas til det norske kystfisket etter 1982 Dette betrakter min regjering som en reell garanti.»

### Studiespørsmål:

- 1) Kva går hovudtrekka i Mansholt-planen ut på, og kvifor satsar EF-landa på ein jordbrukspolitikk av denne typen? Kva verknader vil landbrukspolitikken i EF få for norsk jordbruk?
- 2) Korleis kan det ha seg at det er produksjonsoverskot i jordbruket samstundes som det er underskot på mat om vi ser heile verda under eitt? Kvifor har ein ikkje kunna ta i bruk andre løysingsmetodar enn å skjere ned produksjonen?
- 3) Somme EF-tilhengjarar har hevda at EF kan vere nyttig fordi vi då blir nøydde til å rasjonalisere og modernisere det norske jordbruket, og at vi ikkje bør halde oppe urasjonelle einingar som likevel går med underskot. Kva er dei viktigaste motargument som er sette fram mot dette synet, og kva stilling tek gruppa til desse argumenta?

4. Kva konsekvensar vil EF-medlemskap få for skogbruket? Er det i bygdefolks interesse at ein ser på skogbruket isolert eller at ein ser på næringa som ei bygdenæring?
- 5) Kva er dei viktigaste ulikskapane mellom norske fiskeri og fiskeria på kontinentet? Kva omleggingar blir naudsynte om vi skal tilpasse norsk fiskeripolitikk til fiskeripolitikken i EEC-landa?
- 6) Kva følgjer vil ei slik omlegging få for denne næringsgreina?
- 7) Kva følgjer vil ei lågare sysselsetting i primærnæringane få for miljøet og tilgangen på sosiale og kulturelle gode i utkantane?
- 8) Har forhandlingsresultatet frå Bryssel (sjå forhandlingsprotokollane) tryggja tilhøva for bygdefolket, slik EF-tilhengjarane seier?

*Litteraturlistingar:*

ABC om EEC, side 76—92, EEC og dyrtid, side 24—30, Vardøger 4 (1971), side 137—192.

## ARBEIDARKOMITEEN MOT EEC OG DYRTID

Arbeiderkomiteén mot EEC og Dyrtid har gitt ut ein serie korte studiehefter om EEC:

Hefte 1: «EEC og skolen» — kr. 0,50.

Hefte 2: «EEC truer våre arbeidsplasser — om EEC og fagbevegelsen» — kr. 1,50.

Hefte 3: «Vi har noe å forsvare — om EEC og sosialpolitikken» — kr. 1,—.

Hefte 4: «EEC — en imperialistisk trussel mot norsk sjøråderett» — kr. 1,—.

Hefte 5: EEC og Universitetet — kr. 1,—.

Hefte 6: Aluminiumsindustrien og EEC — kr. 1,—.

Medlem av Arbeiderkomiteén kan du bli ved å ta kontakt med ei av våre 280 aktive lokalgrupper eller ved å skrive til oss. Medlemskap koster kr. 10,— for lønnsarbeidarar, kr. 5,— for pensjonistar, kr. 2,— pr. halvår for skoleelever.

Skriv til

### Arbeiderkomiteen mot EEC og Dyrtid

Boks 3829 — Ullevål Hageby — OSLO 8 — Postgiro 20 88 77.



#### Kapittel 4.

## Industri og tettstadutvikling i EF

Av Margrete Kvalsvik Dahl og Leiv Ellingsen.

Artikkelen byggjer mykje på ein artikkel av Gunnar Ottne i førre studieplanen til NSEM.

I marknadsdebatten har det lenge vore allmenn semje om at norsk medlemskap i EF kan skapa alvorlege vanskar for primærnæringsane, både jordbruk og fiske. Det er då og desse områda forhandlingane i Bryssel har dreidd seg om. Bøndene og fiskarane sine organisasjonar har lenge vore skeptiske til medlemskap, og har nå gått sterkt mot etter at resultatet av forhandlingane blei kjent. EF-tilhengarane meiner likevel at fordelane for industrien vil bli så store at dei veg opp for desse ulempene og meir til. Det er ikkje rett å vurdera EF-medlemskap utifrå konsekvensar for avgrensa delar av næringslivet, heiter det nå frå tilhengar-hald — det same som motstandarane av medlemskap hevda medan det blei tinga i Bryssel. Vi må gjera ei heilskapsvurdering, og då kjem vi ikkje forbi at industrien må få ein sentral plass.

### Industri-strukturen.

Noreg har ein industri-struktur som skil seg ein del frå mønsteret i dei høgt industrialiserte landa på kontinentet. I EF-debatten har det vore vanleg å dela industrien inn i to hovudgrupper, eksport-industri og heimemarknads-industri. Utifrå talet på sysselsette er heimemarknads-industrien den langt største gruppa. Heile 75 % av dei sysselsette i industrien produserer for heimemarknaden. Denne gruppa er for det meste samansett av små og mellomstore bedrifter som er spreidde over heile landet.

Statistikk viser at ein stor del av små-bedriftene dessutan er å finna i utkantane. Dette har mykje å seia for næringslivet i distrikta. Desse bedriftene er i høg grad med på å halde oppe livsgrunnlaget for mange bygder og mindre tettstader. Eksportindustrien har færre arbeidsplassar, men større investeringar bak kvar arbeidsplass.

I EF er mønsteret eit anna. Store bedrifter dominerer biletet, og dei vert stadig større. Småbedriftene dukkar under i den harde konkurransen. I Frankrike forsvann 20 % av bedriftene i den elektriske bransjen og 30 % av bedriftene i tekstil i dei 5 første åra landet var med i EF. I Vest-Tyskland har tre bankar kontroll over 60 % av all aksjekapital. Dersom utviklinga skal gå like snøgt som dei siste åra, vil 100 konsern ha kontroll over så godt som heile produksjonslivet i EEC før 1985.

### Strukturendringar.

Jamført med EF har Noreg ein lite sentralisert industri-struktur. Men denne er truga av ei utvikling i retning av stadig større og færre einingar, opphoping av desse i sentrale strom og konsentrasjon av økonomisk makt på få hender. Denne utviklinga blir forklart som naudsynt tilpassing av næringslivet til nye tilhøve og meir rasjonell drift. Men tilpassinga fører til oppkjøp, innskrenkingar, nedlegging av bedrifter så vel som heile bransjar og næringar (som jordbruk). Arbeidsplassar blir raserte over heile landet. Bønder blir tvinga bort i frå gardsdrifta, arbeidarar og funksjonærar blir oppsagde når produksjonen blir flytta, innskrenka eller nedlagd. Strukturrasjonalisering inneber tap også for dei som driv små butikkar, og som no blir tvinga til å leggja ned på grunn av dei store kjedene. Sidan denne prosessen går utover dei små og mellomstore bedriftene som ofte ligg i utkantane, fremjar han avfolking av distrikta og sterk sentralisering.

### Auka struktur-rasjonalisering i EF.

Som det er gjort nærare greie for i kap. 2, er det økonomiske systemet i EF tufta på tre «fridomar»: fri etableringsrett, fri kapitalrørsle og fri arbeidsmarknad. Di meir reelle desse «fridomane» er, di sterkare vil dei verka i retning av sentralisering og konsentrasjon i næringslivet. Det er dei store konserna som best er i stand til å utnytta den nye store marknaden og tena på han. Nå var det *amerikanske* konsern som var dei største og mest kapitalsterke då EF blei skipa. Derfor var det *amerikanske* konsern som raskast kom til å dra fordelane av den nye stormarknaden i Vest-Europa. Dei første 5 åra etter skipinga av EF var det meir enn 3000 amerikanske firma som opna filialar eller tok over bedrifter innan EF. For å møte denne «amerikanske utfordringa» tar industripolitikken i EF medvite sikte på å skapa europeiske storkonsern som kan bli like sterke som dei amerikanske konkurrentane. EF tar sikte på å *skapa* storkonsern, ikkje å *kontrollera* storkonsern.

I «Markedsutvalget» sin rapport VI 1971 heiter det: «Mens det tidligere ble lagt vekt på farene ved konsentrasjonstendensene, understreker Kommisjonen nå at en slik utvikling som hovedregel er nødvendig og ønskeleg, og at Kommisjonen nå ser det som ein oppgave å rydde av veien mulige hindringer.»

#### Utanlandsk kapital i Noreg.

Heimeindustrien vår er i dag verna av toll og andre marknadsreguleringar. Desse vil falla bort i EF, og EF-lovene vil leggja Noreg ope for utanlandske oppkjøp og kontroll av bedrifter. Samtidig vil den auka utanlandske konkurransen i seg sjølv føra til «sanering» av kapitalveikare norske bedrifter.

Mange vil meina at den utanlandske kontrollen over norsk industri er temmeleg stor frå før. I 1968 var 32 % av aksjane i norsk industri og bergverk på utanlandske hender, ei fordobling på seks år. Den utanlandske kapitalen er dessutan stort sett plassert i dei bransjane som det frå norsk synsstad ville vore viktigast å ha nasjonal kontroll over. I elektro-teknisk industri er utanlandskkontrollen 63 %, i primær jern- og metall-industri 48 %.

Dette er først og fremst kapital frå EFTA-land, USA og Canada, langt mindre frå noverande EF-land. Om Noreg kjem med i EF, er det klart at også EF-kapitalen vil strøyma inn i landet for å sikra seg posisjonar. Vi risikerer då at utanlands-kontrollen over norsk næringsliv passerer både 40 og 50 prosent.

#### Kva inneber utanlandsk kontroll over norsk næringsliv?

Det kan knapt vera tvil om at dersom Noreg går inn i EF, vil stadig fleire norske bedrifter gå inn som ledd i internasjonale konsern-kjeder. Dette rammar interessene til nordmenn flest på fleire vis. Nokre skal kort nemnast her:

- 1) Internasjonale konsern kan ta fortjenesta ut av landet, slik at ho ikkje blir skattlagd her. Det finst ei mengd måtar å gjera slik kapital-overførsel på — det kan likningsvesenet dokumentera.
- 2) Utanlandske konsern som slår seg fram til monopol-stilling, kan ta ut enorm fortjeneste i form av overprisar, slik oljeselskapa lenge har gjort.
- 3) Dei kapitalsterke utanlandske konserna vil lettast kunna få dei fleste fordelane av dei norske naturressursane.
- 4) Freistnader på å byggja opp ein avansert og effektiv norsk eksportindustri vil haldast kunstig tilbake, i den mon utanlandsk kapital sikrar seg kontroll over denne industrien for å verna sine eigne bedrifter andre stader.

5) Internasjonale konsern står strategisk sterkt overfor dei tilsette — og også overfor styresmaktene.

Dei kan truga med å innskrenka produksjonen eller leggja ned bedrifta og i staden utvida produksjonen i land der styresmaktene kan lokka med gunstigare vilkår og med lågare løner. Slike trugsmål fekk t.d. Sauda-arbeidarane høyra då dei var i streik ved den utanlandsk-eigde EFP-bedrifta i 1970.

### **Meir kapital til landet?**

Det blir ofte lagt stor vekt på at utanlandske etableringar i Noreg gjer at det kjem meir kapital inn i landet, og at det dermed blir auka økonomisk vekst. Og det har til no vore eit vilkår at utanlandske firma som vil etablere seg i Noreg, må finansiera dette med utanlandsk kapital. Dette fell bort om Noreg kjem med i EF. Utanlandske konsern vil då faktisk kunna skaffa seg pengar på den norske lånemarknaden til å kjøpa opp norske bedrifter eller slå seg ned med konkurrerande dotterselskap.

Samtidig står norske kapitaleigarar fritt til å føre *sin* kapital ut or landet. Særleg kan dette bli aktuelt for eksportnæringar som ønskjer å få større innpass på det europeiske kontinentet. Her kan mange tilhøve spela inn: Kortare veg til marknaden, lågare løner og sosiale utgifter, færre restriksjonar frå styresmaktene osv. Norsk EF-medlemskap kan altså både føra til *minska* kapitalimport, og *aukt* kapital-eksport.

### **Eksportindustrien.**

Eksportindustrien vil tvillaust ha fordelar av at varene kan seljast fritt på den vest-europeiske marknaden. Tilhengarar av medlemskap meiner industrien vil kunna tapa fleire hundre millionar kroner på å bli ståande utanfor tollmurane rundt EF. Framståande økonomar hevdar at desse vanskaner er sterkt overdrivne, og at EF-medlemskap ikkje kjem til å føra til stort større auke i nasjonalproduktet enn om vi blir ståande utanfor. Nokre prosent toll gjer dessutan ikkje større utslag jamført med t.d. konjunktursvingingar. Ei mindre oppskrivning eller nedskrivning av valutaen i eitt einskild land kan føra til større endringar i internasjonal handel på ein einaste dag enn mange år med fjerna tollgrenser.

Ein kan heller ikkje sjå tollmurar utover isolert frå andre tiltak i EF som har innverknad på industri-utviklinga. Rentenivået er mykje høgare i EF, og vi blir nøydde til å ta ei oppjustering. For små bedrifter med liten eigenkapital vil det føra til auka vanskar ved fornying, utviding o.l.

EF krev også ein felles energipolitikk. Storindustrien i Noreg har

til no hatt fordelene av låge straumprisar. Desse vil venteleg bli pressa opp på EF-nivå.

Ein stor del av eksportindustrien vår arbeider dessutan med importerte råvarer. Mange råvarer og anna som norske bedrifter no importerer tollfritt, vil bli toll-lagde i EF. Dette vil sjølvstund gjera dei norske eksportvarene dyrare, både i EF og på andre marknader.

Det er heller ingen grunn til å tru at den delen av norsk næringsliv som strir med vanskar utanfor EF i dag, vil få det lettare om vi kjem med. Aluminiumsindustrien t.d. er i dag rysta av store kriser og sterk innbyrdes konkurranse. Det same gjeld treforedlingsindustrien. I EF er det forbode å ty til statlege hjelptiltak, subsidiering og anna for å styrka konkurranse-evna og hjelpa viktig industri over midlertidige vanskar. Det er ikkje lovleg å gjera noko som kan «forvri» den «frie» konkurransen.

Mange andre faktorar kjem dessutan inn i biletet for norsk eksportindustri om Noreg blir ståande utanfor EF. Konkurrerende bedrifter innanfor EF konsentrerer seg gjerne meir om EF-marknaden og gjer det lettare for norske bedrifter på andre marknader. Ein del av toll-tyngslene for norske bedrifter blir tatt av kjøparar i EF. Valutakursane vil kunna justerast til fordel for eksportnæringane. Dette siste vil som nemnt kunna ha langt større verknad enn tollsatsar. Med den planlagde fastlåsinga av valutakursane innan EF vil slike stimuleringsiltak for norsk eksport måtte falla bort.

Det er liten grunn til å tru at eksporten vår til EF-landa vil gå tilbake. Dei siste åra har den tvert om auka meir til EF-land enn til EFTA. Tal for 1969—70 viser at 30 % av auken gjekk til dei 6 noverande EF-landa, medan berre 14,5 % gjekk til EFTA. Men ein skal heller ikkje gløyma at 50 % av norsk eksport går til land som vil bli ståande utanfor eit utvida EF.

Aftenpostens Bryssel-korrespondent slo nyss fast at det hadde vore ein føresetnad for dei norske tingingane at det ikkje skulle bli tollmurar mellom dei noverande EFTA-land. Er det rett, vil norsk eksport ha same marknadsvilkår utanfor som ein har i dag. Frihandel for store delar av norsk industri er i alle fall på tale.

### **Heimemarknads-industri og sentralisering.**

Skremslene om økonomisk stagnasjon og fare for nedleggjing av norske arbeidsplasser om Noreg ikkje kjem med i EF, gjer seg nok godt i propagandaen for medlemskap. Men dei kan knapt kallast anna enn lause påstandar. Tvert om er EF-medlemskap eit *trugs-mål* mot mange norske arbeidsplassar. Sjølv om EF-medlemskap

skulle gi visse delar av eksportindustrien større inntekter, vil det samtidig stimulera den same utviklinga som er til skade for heimeindustrien: hardare konkurranse, auka struktur-rasjonalisering med stadig større einingar, større sentralisering og større utanlandsk kontroll.

Industrien som vidare-arbeider landbruksvarer vil t.d. etter få år misse det heilt spesielle vernet han har hatt, berre for å nemna eit døme på ei industri-grein som spelar stor rolle for sysselsetjinga i distrikta.

Ut i frå interessene til dei som eig kapitalen, er rasjonaliseringa og sentraliseringa ei heil naturleg og gunstig utvikling. Like naturleg og gunstig verkar det vel knapt for dei som må dra frå heimane sine og stå i bustad- og trafikk-køar i pressområde, heller ikkje for dei som må betala for bustader, vegar, skulebygg og sosiale institusjonar på dyre tomter i dei same pressområda, særleg når ein veit at mange av dei som bur der, heller hadde ønskt seg arbeid på heimstaden sin der husa deira no står tomme. Det er vel heller ikkje lett å skjøna ein økonomisk reknemåte som går ut på at nasjonalproduktet stig meir når folk brukar pengar til bussreiser enn når dei brødfør seg sjølve på eigen gard. Men slike utrekningar er det som ligg til grunn for den økonomiske politikken, både her i Noreg og i endå høgare grad innanfor EF.

### Heile Noreg eit utkant-område?

Som vist tidlegare, må vi rekna med at i EF vil sentraliseringa halda fram og endå til skyta ny fart. Då vil vi få ein industristruktur med større einingar og auka spesialisering. Det vil nok framleis vera von om at råvarer og halvfabrikata vil bli produserte mange stader rundt om i landet, men ferdigprodukta vil venteleg bli laga på større tettstader med meir utvikla industrimiljø, betre tilgang på billeg arbeidskraft og kortare veg til dei store marknadene.

Medlemskap i EF vil ikkje hindra oss i å byggje ut nye industri-senter rundt om i landet, men i EF-samanheng trengst det monaleg større senter enn det vi ofta har tala om her heime. Landsdelsplanane har alt gitt oss døme på moderne regionalplanleggjing der ein helt medvite satsar på å utvikla heller få, men berekraftige senter for at ein skal hindra utflytting frå landsdelen.

Midt i alt snakket om såkalla «regionalpolitikk» i EF, held øydeleggjinga av lokalsamfunna i Sør-Italia, Sicilia og andre utkant-område fram. Den store marknaden i EF verkar som ein magnet: Arbeidskraft og kapital blir i stadig sterkare grad dratt til sentrum. Dette trekket ved det kapitalistiske samfunnet er eit alvor-

leg problem i kvart einiskilt vest-europeisk land i dag. I EF blir dette overført frå eit nasjonalt til eit kontinentalt problem. I staden for underutvikla område, kan det bli tale om underutvikla land. I EF-perspektiv er det ikkje unaturleg å sjå på heile Noreg som eit utkantområde. I EF-sammenheng kan det vera meir realistisk å styrkja dei industrielle sentra vi alt har i Noreg framfor å byggje ut nye sentra som likevel ikkje vil vera tevfelore i EF. Her kan såleis nemnast at medan Frankrike tidlegare hadde etableringskontroll i Paris-området, talar dei no om å styrka denne regionen, slik at han kan konkurrera med industrivekstområde i t.d. Vest-Tyskland.

### Norske arbeidarar i EF.

Arbeidarar som bur og arbeider i dagens industrialiserte bystrok, har sterk interesse av at det desentraliserte busetjings-mønsteret i Noreg blir halde ved lag og styrkt. Industriarbeidarar, bønder og fiskarar har i høg grad sams interesser i så måte. Ein ting er det auka presset på bustadar, sosiale gode, levekostnader osv. som den aukande folkestraumen til pressområda fører med seg — både for dei som må flytta og dei som bur i pressområda frå før. I tillegg kjem at tilstrøyminga av ny, meir eller mindre tvangsflytta arbeidskraft gjer det lettare for bedriftseigarane å halda lønene nede. Den generelle profitt-raten er høgare i EF-landa enn i Noreg, medan lønene er lågare (omlag 15 %). Ei sannsynleg følgje av EF-medlemskap er lønsnedgang for arbeidarane. Arbeidarane kan — med god grunn — skremmast med at arbeidsplassane deira er i fåre og at det vil bli kapitalflukt frå landet dersom dei ikkje er meir smålatne i krava sine. Kapitalen vil kunna flyttast mot bransjar og regionar der profitt-raten er høg, medan den «frie» arbeidsmarknaden skal syta for at det til dei same regionane og bransjane blir tilført så mange arbeidarar at lønskostnadene kan haldast nede og fortjeneste-marginane sikrast.

Den harde produkt-marknaden verkar slett ikkje lokkande på alle norske bedriftseigarar. Det som lokkar er rimelegvis arbeids-marknaden i EF. Frie kapitalrørsler, fjerning av valutakontrollen, fri etableringsrett og «fri» arbeidsmarknad: alt dette vil føra til hardare tevling om arbeidsplassane i Noreg og gjera sitt til at arbeidskostnadene blir pressa i retning av EF-nivået. Innan EF vil kapitaleigarane ha nye våpen mot arbeidarklassen: Kjem arbeidarane med «urimelege» krav, kan heile produksjonsanlegg flyttast til område med lågare lønsnivå, eller det kan importerast billigare arbeidskraft frå område med relativ overbefolkning.

### **Framandarbeidarar.**

*Framandarbeidarane* utgjer ved sida av kvinnene, strukturrasjonaliserte bønder, fiskarar og utkantarbeidarar, den moderne reservearmeen for den europeiske kapitalismen. Importen av arbeidskraft tener til å halda lønene nede når dei økonomiske konjunkturane svinger oppover. Statistikkane viser klårt korleis talet på framandarbeidarar i t.d. Vest-Tyskland har variert med konjunkturane. Under oppgangskonjunktoren i 1966 var talet på framandarbeidarar i Vest-Tyskland 5,7 %. Under den relative økonomiske nedgangen to år seinare gjekk talet ned med heile 18,5 %.

Det er «lett» å flytta på dei utanlandske arbeidarene. Arbeidsstokken kan på relativt kort tid minskast eller flyttast utan at det dermed dannar seg ein hær av arbeidslause som trugar lønnsarbeidssystemet for alvor. Samtidig er systemet med framandarbeidarar med på å hindra einskap i arbeidarklassen. Dei innanlandske arbeidarane oppfattar — med rette — framandarbeidarane som eit trugsmål mot sine eigne arbeidsplassar. Kløyvinga blir forsterka av kulturelle barrierer, t.d. språkvanskar, og av at framandarbeidarane blir isolerte i reine bu-gettoar. Desse «konjunktur-kuliane» som i stor mon går på løner under tariffen jamvel midt i oppgangskonjunkturane, betaler ågerleiger for nokre få kvadratmeter i rivningsblokker og falleferdige brakker.

Stadig fleire framandarbeidarar er blitt henta frå eit land som Tyrkia. EF-styresmaktene har tatt konsekvensen av det og fatta prinsippvedtak om at Tyrkia frå 1976 skal vera innlema i EF's «felles arbeidsmarknad». Andre land som står for tur, er Hellas, Spania og Portugal.

I ein artikkel i «Der Spiegel» heiter det at «den franske økonomien har stor trong for desse kuliane. Alt i dag er kvar femte arbeidar i industrien utlending. I åra som kjem vil annankvar ny arbeidsplass bli fylt av ein framandarbeidar».

Påstanden om at dette ikkje blir aktuelt for Noreg, blir grunnsett med at landet vårt i praksis alt er ope for import av arbeidskraft. Men først innanfor EF vil norske kapitaleigarar måtta pressa ned arbeidskostnadene p.g.a. den meir utsette posisjonen norske bedrifter vil få på produktmarknaden og deira relativt låge eigenkapital. Å pressa ned arbeidskostnadene på noko nær EF-nivå vil i praksis blant anna seia å auka importen av utanlandsk arbeidskraft. I dag kan ei norsk regjering stoppa eller avgrrensa slik import om ho ønskjer det. Det han ho ikkje innanfor EF.

Det dreier seg om dobbelt utbytting: Både av framandarbeidarane som blir utbytta og utnytta både arbeidsmessig og sosialt, og av dei innanlandske arbeidarane som blir offer for minska løner og



utrygge arbeidsplassar. Den som viser til faren for arbeidskraft-import, risikerer straks å bli stempla som rasist. Men om det finst rasistar i denne samanhengen, så er det dei bedriftseigarane som grovt utbytter framandarbeidarar, og redaktørar i vulgæraviser over heile Vest-Europa som hetsar mot og bakvaskar framandarbeidarane for å kløyva arbeidarklassen.

### Fagrørsla.

I Noreg er på lag 65 % av arbeidstakarane i industrien fagorganiserte. I dei fleste EF-landa ligg organisasjonsprosenten langt lågare; i Vest-Tyskland er han 30, i Nederland 34, Belgia 35, Luxembourg 35, Italia 35 og i Frankrike 23 %. Berre tredjedelen av dei 55 mill. arbeidstakarane i EF er såleis fagorganiserte.

Landsorganisasjonen er bygt opp etter prinsippet om at det skal vera berre eit forbund på kvar arbeidsplass. I EF-landa finst det opptil 4-5 forbund på kvar arbeidsplass, og ofte kivast dei meir seg imellom enn dei samarbeider om betre kår for medlemene sine. Stoda til arbeidarane i Fellesmarknaden er også relativt sett svakare når ein tenkjer på dei motstandarane dei står overfor: Dei store fleirnasjonale selskapa som kan ta sine avgjerder på tvers av landegrensene og ubunde av lokale omsyn.

Korleis er så *den formelle stoda* til fagrørsla i EF-organa? Fagrørsla er ikkje representert i eit einaste organ som kan ta avgjerder. Ho har sete berre i ein av EF's 199 faste komitear, den økonomiske og sosiale komiteen, og der har ikkje representantane ein gong innverknad på saklista. Saklista for 1972 vart såleis sett opp av Kommisjonen i juli 1971. Arbeidarrepresentane i denne komiteen blir oppnemnde av regjeringane og ikkje valde av arbeidarane.

Det er ingen ting som tyder på at *den reele stoda* til fagrørsla er sterkare enn den formelle syner. Sicco Mansholt, visepresident i Kommisjonen, sa såleis i samtalar med norske sosialdemokrater sommaren 1970 (delegasjonen var leia av Bratteli) at fagrørsla hadde svært liten innverknad, medan storindustrien, dei multinasjonale selskapa, har enorm makt i Europa og i internasjonal samanheng. Korkje regjeringane eller fagrørsla har i dag middel til å kontrollera denne utviklinga. Dette er i og for seg rimeleg. Arbeidarane har aldri fått noko gratis utan aktiv kamp, og når våpna blir svekka på denne måten, blir også kampen svekka.

Mange klubbar og fagforeningar krev i dag forbundsvise oppgjer i staden for sentraliserte og samordna oppgjer. Utviklinga i EF går i ei anna lei, mot løns- og inntektsoppgjer utforma på sentralt hald i Bryssel. Eitt av måla for Wernerplanen er såleis ein felles-

européisk inntektspolitikk. Innan enkelte bransjar ser vi alt dei første stega mot ei felles-européisk tariffavtale. Såleis har dei 185 000 tilsette i Philipskonsernets 150 fabrikkar fått ei internasjonalt, kollektiv lønsavtale. Som nemnt ligg gjennomsnittsløna her i landet 15 % over gjennomsnittet i EF. Men med alle dei lettene EF gjev arbeidsgjevarane, må det hardt kamp til for arbeidstakarane her i landet om ikkje lønane skal gå monaleg ned. Slike avtalar trugar såleis levestandarden i Noreg.

#### Auka levekostnader.

I Noreg har prisauken i 60-åra lege på 3-4 prosent årleg, i 1971 var han oppe i 7 %. Men i EF-landa har prisauken vore endå sterkare enn i Noreg. I følgje Stortingsmelding nr. 1, 1972, var prisauken i EF-landa slik i 1971 (tala er utrekna på grunnlag av prisauken første halvåret):

Belgia	6,2 %
Frankrike	4,4 %
Vest-Tyskland	8,2 %
Italia	10,0 %
Nederland	15,8 %
(Storbritannia)	12,8 %

Såleis vil ikkje EF vera noko garanti mot prisstigning, men tvert om føre til at prisauken riv med seg ein endå større del av lønningsspen for folk flest her i landet.

Særleg vil bukostnadene auka. Dei viktigaste grunnane til det er at rentenivået er langt høgare i EF enn i Noreg (og med fri kapitalmarknad vil renta i Noreg bli tilpassa dette) og at folkekonsentrasjonen i tettstader blir større. Det siste aukar tilgangen på menneske som treng ein stad å bu og gjer at huseigarane i storbyane kan ta høge prisar på bustadene. Sjølv om flytting finn stad i større mon i EF enn i Noreg, blir det bygt færre bustader der. I EF blir det såleis bygt 7,3 bustader i året pr. 1 000 personar, i Noreg 8,6. Etter behovsanalysane skulle det byggjast minst 10,8 bustader pr. 1 000 personar. Lovverket i EF kan ikkje hindra bustadmangel og -spekulasjon. Det europeiske sosialfondet skal minske problema ved strukturrasjonalisering og flytting, heiter det. Til no har 9/10 av stonaden frå dette fondet gått til omskulering og 1/10 til flyttebidrag. Bustadproblema blir ikkje tilgodesette i det heile.

#### EF blir førebudd.

På ulike vis får vi nordmenn alt no kjenna kva EF vil innebera for oss. Som nemnt var prisauken i 1971 dobbelt så stor som gjen-

nomsnittet i 1960-åra. Dei siste åra har velstandsauken stoppa opp ved at prisstiginga har ete opp lønseuken. Mykje talar for at lønsoppgjeret til våren vil bli eit dårleg oppgjer. Ialfall stiller LO-leinga svært smålåtne krav, og grunngjev kravleysa med konjunkturnedgangen og vanskane for industrien. Vanskane for delar av industrien har oppstått ikkje minst på grunn av den påskunda strukturrasjonaliseringa og andre førebuingar til EF. Då dei 4 største målingsfabrikkane i Noreg nyst gjekk saman til eit selskap, sa dei at dette var eit tiltak for å møte EF. Det førte også til at 35 % av seljarane deira fekk sparken. Lenge har det heitt at 15 gardsbruk blir lagt ned om dagen (no har det forresten auka til 25—30), det siste halvåret har også ei bedrift gått konkurs om dagen. Dessutan aukar talet på samanslåingar. Storbankane og storbedriftene slår dei små konkurs eller legg dei under seg for at dei skal styrke seg sjølve til EF-medlemskap.

I dette arbeidet stør staten storverksemdene og ikkje dei små, og med ei mengd tiltak. På same vis som EF-landa har Noreg innført «moms», slikt at skattesystemet kan gjera det lettare for det norske næringslivet å tilpassa seg strukturen i EF. Dette har ført til redusert skattlegging av næringslivet (m.a. er selskapsskatten redusert frå 30 til 26 %, skatten på investeringsvarer er også blitt mindre og skal falle bort, og skatten på fortienesta ved aksjesal er alt fallen bort). Dette fører til høgare prisar og hardare skattestrykk for vanlege arbeidsfolk, men også for dei små i næringslivet. Statsbudsjettet for 1972 gjekk klart i same lei. Medan stønaden til industrien gjekk opp med 22 %, gjekk stønaden til jordbruket opp med berre 6 % og stønaden til fisket gjekk ned med heile 18 %. I tillegg kom auken i arbeidsgjevaravgift, som går ut over bønder og fiskarar, men også over verksemdar som har mange tilsette i høve til produksjonen. Helvta av pengane frå denne avgifta går til eit fond som heiter A/S Strukturfinans og som blir nytta til å fremja strukturrasjonalisering i næringslivet. Saman med andre statlege og halvstatlege fond, som Tiltaksfondet, Omstillingsfondet og Den Norske Industribank, disponerer staten med dette 900 millionar kroner til å fremja strukturrasjonaliseringa. I tillegg kjem Industridepartementets budsjett, som også langt på veg blir nytta til å fremja strukturrasjonalisering. «Det gjenstår ennu mye når det gjelder fusjoner, samarbeid og oppkjøp», som statssekretæren i Industridepartementet nyleg sa.

Staten fungerer såleis ikkje i dag ubunde av kredittinstitusjoner og andre kapitalkrefter, tvert om er han så samanfiltra med dei at sjansane til å handla mot deira interesser er små. Innanfor EF vil desse kapitalkreftene få endå sterkare innverknad, og skal ein

lita på at deira interesser fell saman med våre og at styresmaktene harmoniserer alt på beste måte, kan mykje vera tapt for ein sannkjenner at ein tek feil. Vi kjem ingen veg om vi ber dei konservere samfunnet slik det er i dag, for ei slik bøn let seg likevel ikkje oppfylle. Vi må ikkje lita på at andre legg tilhøva til rette for oss, men heller sjølve kjempa aktivt for ei betre framtid.

### **Studiespørsmål:**

Emnet for kapittel 4 er svært viktig og omfattande. Det kan difor løna seg for gruppa å dela kapitlet i to møte, og setja seg inn i meir litteratur i tillegg til kapitlet her. Eit skilje går mellom industriens kår i EF og arbeidsfolks kår i EF.

1) Kva endringar i industristrukturen må ein rekna med i EF samanlikna med situasjonen i dag (med omsyn til kor store bedriftene blir, kvar i landet dei helst blir plasserte, kva dei vil produsera og kva slag kapitalinteresser som vil gjera seg sterkast gjeldande)?

2) Kva verknader (i positiv og/eller negativ lei) vil industripolitikken i EF få for norsk industripolitikk? Drøft især regionalpolitikken.

3) Kva stilling meiner gruppa ein bør ta til framandarbeidarimporten?

4) Drøft vilkåra for fagrørsla i Noreg og EF.

5) Korleis vil levekostnadene auka ved norsk EF-medlemskap? På kva vis merkar vi levekostnadsauken alt no? Drøft kvar produksjonsvinsten hamnar når arbeidsfolk får mindre i løningsposen.

6) Korleis merkar gruppa EF-førebuingane? Drøft særleg lokale tilhøve. Kva stilling bør EF-motstandarar ta til desse?

### **Litteratur:**

ABC om EEC, side 57—62 og 64—75, EEC og dyrtid, side 14—23, Vardøger nr. 4, 1971. EEC truer våre arbeidsplassar, Nr. 2 i AKMED's hefteserie om EF. Arne Nygaardsmoen: EEC-medlemskap og den betydning det vil få for norske utkantstrøk og pressområder, hefte utgjeve av Folkerørsla. EEC — Strukturrasjonalisering, pendlere og fremmedarbeidere i Østlandsområdet, hefte utgjeve av Det Norske Studentersamfund hausten 1971.

## Kapittel 5.

# Noreg og sosialpolitikken i EF

Av Steinar Westin. (6.2. 1972)

Vi som til dagleg arbeider i helsesektoren, er vane med å sjå korleis arbeids- og levetilhøva til folk verkar inn på den daglege helsa og trivnaden. Difor er sosialpolitikken ikkje berre eit spørsmål om kor lett det er for folk å få medisinsk hjelp eller sosiale trygder når sjukdom og uforleik råkar dei, men like mykje eit spørsmål om korleis den økonomiske politikken, distriktspolitikken osv., verkar inn på dei tilhøva som *skaper* sjukdom og mistilpassing. Dette er ikkje noko nytt. Men det er viktig å sjå desse to sidene ved saka når vi skal diskutere korleis eit eventuelt EF-medlemskap vil verke inn på helsetilhøva og sosialpolitikken i landet vårt.

### Samfunnsutvikling og helseproblem i Noreg i dag.

Det som framfor alt merkjer utviklinga i Noreg i dag, er den sterke sentraliseringa av industri og busetnad i byar og tettstader, medan bygde-Noreg blir avfolka og øydelagt fordi næringsgrunnlaget blir teke bort. Desse tilhøva og årsakene deira blir tekne opp til grundigare drøfting andre stader i dette heftet. Denne omlegginga og sentraliseringa av næringslivet og nedlegginga av delar av primærnæringane (jordbruk og fiske) blir gjerne kalla *strukturnasjonalisering*.

Kva skjer med folk som må flytte inn til *byane og tettstadene* for å skaffe seg arbeid? Først og fremst møter dei bustadproblema. Dei fleste innflyttarfamiliane blir stua saman i bustadblokker i drabantbyane, som mange stader har utvikla seg til å bli reine «betongslummen». I desse områda er dei sosiale tilhøva ofte svært dårlege. Folk med heilt ulik bakgrunn og frå ulike delar av landet blir plasserte saman, og dette gjer at samhaldet og samkjensla frå bygdesamfunnet går i oppløysing. Det viser seg at lokale for sosiale aktivitetar, barnehagar, leikeplassar og ungdomssentra, kjem lågast på løyvingslista. Det blir gjerne ikkje løyvt meir enn det minstemålet som skal til for å sikre at folk kan møte på arbeid

kvar dag. Er det då merkeleg at desse stadene masseproduserer sjukdom og mistilpassing? Nervøse husmodre, skilsmål, ungdomskriminalitet, stoffmisbruk og psykisk stress er blitt gjennomgangstema for helse- og sosialarbeidarar.

Mange tener nok meir enn dei gjorde før dei flytta til byen, men denne inntektsauken blir gjerne eten opp av høge husleiger, aukande levekostnader og reiseutgifter til og frå jobben. Avisene har alt teke til å nytte omgrepet «*drabantby-fattigdom*» om denne nye forma for «velstandsutvikling». I visse drabantbyar nær Oslo har stundom opp til 25 % av innbyggjarane vore registrerte som klientar ved det lokale sosialkontoret og fleirtalet av desse har hatt økonomiska vanskar.

Kva så med den andre sida av saka, *avfolkingdistrikta*? Også her oppstår det nye helseproblem når næringsgrunnlaget blir rive bort, anten det kjem av at lokale industriføretak blir nedlagde, eller av at jordbruk og fiske «ikkje løner seg». Mange lokalsamfunn kjem inn i ein vond sirkel, der minkande skatteinntekter gjer det meir og meir vanskeleg for kommunen å halde liv i dei sosiale institusjonane som er naudsynte. Sviktende helseteneste og vanskar med å få seg utdanning og opplæring kan vere dråpen i begeret for mange som vel å flytte ut. Det har blitt gjort vitskaplege granskningar (døme Sterling County-granskinga frå Canada) som viser auke i sjukdomar, særleg då psykiatriske, i slike lokalsamfunn som er i oppløysing, og auken grunnar seg ikkje berre på at eldre og sjuklege menneske gjerne blir tilbake.

I arbeidslivet ser vi ei liknande utvikling som skaper sjukdom og mistrivnad. Krava til effektivitet og tempo aukar på dei fleste arbeidsplassane, og arbeidet er mange stader blitt meir einseitig og stressprega gjennom rasjonaliseringstiltak og skiftarbeid for å halde lønsemda oppe. Vi spør: lønsemd for kven?

Likevel har vi sett korleis konkursar og samanslutningar av verksemdar fører til oppseiingar og arbeidsløyse for mange arbeidstakarar. I første rekkje fell funksjonshemma og eldre arbeidstakarar av lasset i denne utviklinga. Ein nyttar seg av omgrepet «*marginal arbeidskraft*» som er den delen av arbeidsfolket som står i fåre for å falle ut av arbeidslivet for godt på grunn av alder eller funksjonshemming. Fleire sosialmedisinatarar reknar med at denne prosenten kjem opp i over 20 % av alle yrkesaktive menneske, med stigande tendens etter kvart som krava til tempo og effektivitet blir skjerpja i arbeidslivet.

Er det slik at desse ikkje kan gjere ein nyttig innsats? Nei, men for den «forretningsmessige lønsemda» til den einskilde verksemda kan ei slik nedskjering i lønsutgiftene som ein oppnår ved å setje

dei veikaste på porten, gi eit større økonomisk overskot og dermed bli tolka som eit teikn på økonomisk vekst.

Frå samfunnet si side ser det sjølvstøtt annleis ut. Dei som fell utanfor, blir førtidspensjonerte, uføretrygda, sosialunderstøtta eller liknande, og representerer på mange måtar «den kamuflerte arbeidsløysa» i vår tid. Utgiftene til dette må også bli dekte, i hovudsaka av skattar og trygdepemiar frå arbeidstakarane. Dessutan representerer desse «overflødige» eit menneskeleg problem som ikkje kan målast i pengar, som helse- og sosialapparatet må yte mykje for å ta seg av.

### **Kan EF hjelpe til å løyse desse helseproblema?**

Lat oss sjå kva regjeringa seier om dette: I Stortingsmelding nr. 90, 1970—71 heiter det:

«... Man kan likevel ikke se bort fra at en eventuell tilknytning til EEC, selv med tilfredsstillende ordninger for jordbruk og fiske, kan innebære en risiko for en forsterkning av urbaniserings- og konsentrasjonstendensene i Norge og også medføre økte strukturproblemer i mange grener av næringslivet, og at dette i tilfelle vil kunne få sosiale konsekvenser».

Stort klårare kan det vel ikkje seiast i departemental stil. «... kan innebære en risiko ... selv med tilfredsstillende ordninger for jordbruk og fiske» heiter det, og vi veit altså at desse ordningane ikkje vart meir tilfredsstillande enn at Noregs Bondelag og Landbrukets Sentralforbund kravde brot i tingingane og at fiskeriministeren fann det naudsynleg å gå ut av regjeringa då fiskeritingingane var førde til endes.

Marknadsutvalet si arbeidsgruppe om sosialpolitiske spørsmål har i rapporten sin frå 17. desember 1971 lagt fram synspunkt som peikar i same lei. På side 19 heiter det m.a.:

«Ved norsk medlemskap i EF kan man ikke se bort fra *forserte* strukturendringer og rasjonaliseringstiltak også på norske arbeidsplasser.» (vår understreking)

Det kan altså ikkje komme på tale at EF skal løyse dei helse- og sosialproblema som blei omtale i førre kapitlet. Tvert imot må vi rekne med at tempoet i denne helse-skadelege utviklinga vil *auke* dersom Noreg kjem med i EF.

### **Kva seier Roma-traktaten om helse- og sosialpolitikken?**

EF-landa har berre i liten grad freista å løyse sosiale og helsemessige problem innanfor ramma av Fellesmarknaden. Ein får inntrykk av at desse spørsmåla har låg prioritet og fullt ut er underordna den økonomiske planlegginga. Hovudtyngda av dei sosial-

politiske tiltaka på Fellesmarknadsplanet tek for seg retningslinene i samband med den felles arbeidsmarknaden for arbeidstakarar (MUR, sosialpolitikken side 34), som skal gjere det lettare for storindustrien å flytte arbeidskrafta over landegrensene etter tronge næringsinteresser.

Dei konkrete vedtektene i Romatraktaten om sosialpolitikken er omhandla i eit heller kort kapittel frå artikkel 117 til 122. Deretter følgjer artiklane 123—127, som tek for seg Det Europeiske Sosialfond. Dette er oppretta for, som det heiter: «å forebygge arbeidsløshet og for å bedre arbeidstakernes sysselsettingsmuligheter». Av interesse for sosialpolitikken er og artiklane 48 og 49 om den felles arbeidsmarknaden og artikkel 51 om visse trygderettar for vandrearbeidarar og deira næraste. Av særleg interesse for folk som arbeider i helse- og sosialsektoren er og artikkel 128 som føreset ein sams politikk for yrkesopplæring i EEC-landa. Dessutan vil artikkel 97 om monopola si stilling verke inn på den samfunnsnyttige målsettinga som ligg til grunn for opprettinga av A/S Vinmonopolet og Norsk Medisinaldepot og for arbeidet til Spesialitetsnemnda, som til no har ført ei restriktiv line når det gjeld å godkjenne lækjemiddel for den norske marknaden.

I det informasjonsheftet som Utanriksdepartementet (UD) har gitt ut om helse- og sosialpolitikken i EF (EF-hefte nr. 6) slår UD fast at «Romatraktaten er en økonomisk avtale som er sterkt preget av sosial tankegang.» I heftet blir denne overraskande opplysninga underbygd med eit sitat frå byrjinga av Romatraktaten, artikkel 117, der det heiter:

«Medlemsstatene er enige om at det er nødvendig å fremme en bedring av arbeidstakernes leve- og arbeidsvilkår for der- ved å muliggjøre en utjevning på et stadig høyere nivå.»

Dette høyrest nok vakkert ut. Men går vi dei sosialpolitiske realitetane i EF nøgnare etter i saumane, får vi eit heilt anna inntrykk. Mange av oss som arbeider i helse- og sosialsektoren har den same kjensla ved å lese UD-brosjyra som dei tyske soldatane hadde då dei hørde den oppmuntrande talen til Hitler-generalen før slaget ved Stalingrad: «Ta det med ro, gutar, allting kjem til å ordne seg til det beste.»

Lat oss først ta oss tid til å lese artikkel 117 ferdig. Der står det om korleis denne nivåhevinga skal gå føre seg:

«De (medlemsstatene) er av den mening at en slik utvikling vil følge både av at det felles marked virker gunstig for tilnærmingen mellom de sosiale systemer, av de framgangsmåter som er fastsatt i denne traktat og av tilnærmingen mellom lover og forordninger og administrative forskrifter.»



Kva står eigenleg her? Jau, at tilnærminga mellom dei sosiale systema skal verke bra. Kven er det her i Noreg som verkeleg trur at vi vil betre våre helse-, sosial- og trygdetilhøve i Fellesmarknaden der ein på mange måtar er langt meir tilbakeståande på desse områda enn her i Noreg (meir om dette seinare)?

Det eigenlege innhaldet i denne artikkelen er vel ikkje finare enn at «fordi Fellesmarknaden er bra, vil nok dei sosiale problema løyse seg på eit vis». Stort meir er det ikkje i den «sosiale tankegangen» i Romatraktaten. Han er utan perspektiv, byråkratisk og heilt ut underlagt den økonomiske politikken.

Dette viser seg og i artikkel 118 som slår fast at Kommisjonen skal fremje eit nært samarbeid mellom medlemslanda på følgjande sosiale område: Sysselsetjing, arbeidsrettslovgjeving og arbeidsvilkår, yrkesopplæring og vidareutdanning, sosial tryggleik, vern mot arbeidsulykker og yrkessjukdomar, arbeidshygiene og organisasjonsrett og kollektive tingingar mellom arbeidsgjevarar og arbeidstakarar.

Marknadsutvalet i Regjeringa har etter kvart gjeve rapportar om utviklinga av samarbeidet under artikkel 118, og har kvar einaste gong slått fast at arbeidet har hatt liten framgang, *bortsett frå dei tiltak som knyter seg til fri arbeidsmarknad, omstillingshjelp gjennom sosialfondet og trygd for vandrearbeidarar* — altså på dei områda der sosialpolitikken blir utnytta som økonomisk verkemiddel for storindustrien.

Artikkel 119 og 120 tek for seg likelønsprinsippet og ferielønsordningar. Dette er reine juridiske prinsipp, og er difor inga hindring for at arbeidstakarar med dårleg utdanning frå utkantane i Europa, m.a. frå Sør-Italia, blir sette til dei jobbane som er dårlegast betalte. Av same årsak må kvinnene ofte finne seg i å ta lågtlønsjobbar, sjølv om ein mann i *samme jobben* formelt ville fått same betalinga.

### **Det Europeiske Sosialfondet**

blir omtala i *artikkel 123*. Her heiter det:

«For å bedre arbeidstakernes sysselsettingsmuligheter innen det felles marked og på denne måten bidra til å heve levestandarden, skal det i samsvar med de etterfølgende bestemmelser opprettes et Europeisk Sosialfond som skal ha til oppgave å bedre arbeidstakernes muligheter for å få sysselsetting og skifte arbeidssted og yrke innen Fellesskapet.»

På visse vilkår betalar dette fondet attende 50 % av dei utgiftene som eit medlemsland har til omskolering og flytting av arbeidskraft. Inntil desember 1969 hadde fondet betalt ut i alt 243 mill. \$

til omskolering eller flytting av i alt 1 134 000 arbeidarar innan EF-området.

Føremålet er heilt klårt å få regjeringane i medlemslanda til å auke tempoet i strukturrasjonaliseringa innan jordbruk, fiske og industri. Det skal «løne seg» endå betre. Når ein har sett dei omstillingsvanskane som råkar dei familiane der forsytaeren («arbeidskrafta») må flytte for å få seg arbeid, sjølv der dette skjer berre innan eitt land, kan ikkje Sosialfondet sjåast på som anna enn ein omsynslaus freistnad på å utnytte arbeidstakarane utan omsyn til den sosiale situasjonen deira. Å kalle dette «Sosialfond» er sanneleg misvisande!

Endå meir alvorlege er utsegnene om den vidare verksemda til Fondet. EF-byråkratene tykkjer ikkje at det har vore effektivt nok. Nå heiter det at «... fondet ikke skal innskrenke seg til å kreve inn og betale ut penger, men også arbeide aktivt for å fremme omskoleringstiltak». (MUR nr. 6, s. 106) (vår understreking). Dersom vi kjem med i EF, skal nok folk på Vestlandet og i Nord-Noreg få mykje glede av Det Europeiske Sosialfondet.

Heilt i samsvar med grunntanken i Det Europeiske Sosialfondet inneheld *artikkel 48 og 49* føreskrifter om korleis ein skal ta bort dei praktiske hindringane for at arbeidstakarane fritt skal kunne flytte mellom dei ymse medlemslanda. I regjeringa si EF-brosjyre nr. 6 er dette blitt framstilt som ein *rett* og ein *fridom* for kvar einskild arbeidstakar, som eit slag tenesteyting. Ein omskolert småbrukar frå Vestlandet skal altså ha full «rett» til å ta seg arbeid i eit stålverk når bruket hans er blitt ulønsamt gjennom import av billege, tollfrie landbruksvarer frå Sentral-Europa.

### **Framanarbeidarane.**

Slike omflytte arbeidarar går under nemninga «*vandrearbeidarar*» når dei kjem frå eit anna EF-land. Dessutan har EF-landa gjennomført ei storstilla innføring av framandarbeidarar frå land utanfor Fellesmarknaden, land som Jugoslavia, Tyrkia, Hellas, Spania og Portugal. Desse arbeidarane vert kalla «*gjestearbeidarar*», trass i at dei i heller liten grad opplever nokon gjestefridom. Bak denne storstilla menneskehandelen ser ein kynismen i dette systemet. Det er i dag over 10 mill. framandarbeidarar i Europa, dei aller fleste i EF-land. I vertslandet er dei mest utan rettar og blir til vanleg utnytta, både på arbeids- og bustadmarknaden. Dette fører til store helse- og sosialproblem, noko det mest ikkje skulle vere naudsynt å nemne. Formelt vil Noreg ha rett til å avgrense importen av framandarbeidarar frå tredjeland, også som medlem av

EF. Men på den andre sida har importen av framanarbeidarar frå tredjeland ført til stor arbeidsløyse mellom fastbuande i mange EF-land. Med den låge arbeidsløysa vi har i landet vårt nå, må vi nok rekne med eit tilsig av arbeidslause frå EF-området. Dersom dette skulle hende, vil det truleg heller raskt råke vår eiga «marginale arbeidskraft» som kjem til å bli sett utanfor i tevling med yngre og friskare folk frå utlandet. Dette vil i så fall råke nett den gruppa som vi helse- og sosialarbeidarar nyttar mesteparten av tida vår på.

### Statsmonopola.

*Artikkel 37* tek for seg stillinga til statsmonopola. Ved eit eventuelt medlemskap vil dette ha sitt å seie for visse sider av verksemda til A/S Vinmonopolet og Norsk Medisinaldepot.

For *Vinmonopolet* vil monoopolet på import av utanlandsk øl falle bort. Somme vil kanskje helse dette med glede. Men på den andre sida fører dette til at ein må sleppe til eit stort marknadsføringsapparat frå utanlandske konsern, og i verste fall vil dei norske ølprodusentane bli nøydde til å følgje opp med auka reklame og kanskje ei viss pris-minsking for å kunne tevla med utlandet. Dette vil utan tvil også koma til å merka edruskapspolitikken vår.

*Medisinaldepotet* som har einerett på import og engrosomsetjinga av lækjemiddel, kan halde fram med verksemda si ved eit eventuelt medlemskap. Men Spesialitetsnemnda har til no utført ei svært viktig oppgåve ved å avgrense importen av «parallellpreparat», slik at talet på varemerke for lækjemiddel har vorte halde innafør nokonlunde oversiktlege rammer, knapt 2000 preparat, mot Vest-Tyskland sine 25 000. Denne såkalla «behovsprøvingen» blir av EF-landa oppfatta som «restriksjon på det frie varebytte mellom landene». (Kontrast nr. 30, s. 33). I ein kommentar om dette heiter det at:

«Alle administrative regler vedrørende fremstilling og handel med medisinske specialiteter skal i første rekke tjene til beskyttelse af den offentlige sunnhed. Dette må dog nås med midler, der ikke kan hemme udviklingen af den farmaceutiske industri og handelen med farmaceutiske produkter innen fællesskabet (EEC) (Dansk utgåve, vår understreking.)

Denne formuleringa er typisk i den måten den dekkjer til motsetnader mellom samfunnet sine interesser på den eine sida og storkapitalen sine profittmotiv på den andre sida. Her, som elles i Romatraktaten, har storkapitalen fått trygga dei juridiske rettane sine. Marknadsutvalet si arbeidsgruppe for sosialpolitikk seiar om dette på s. 32 at dersom det omtala direktivet nr. 65/65 blir sett

ut i livet, «... vil den behovsprøving som Spesialitetsnemnda utfører for å hindre markedsføring av parallellpreparater sannsynligvis bortfalle, fordi en slik behovsprøving ikke er anført som nekteselsgrunn for markedsføring i direktiv 65/65».

#### «Harmonisering» av sosialpolitikken.

Tidlegare har vi lagt særskilt vekt på lover og føresegner i EF som vil få direkte innverknad på sosialpolitikken i Noreg ved eit eventuelt medlemskap. Roma-traktaten har dessutan nytta seg av prinsippet om ei ålmenn tilnærming mellom lovverka i medlemslanda i *artiklane 100—102*, og dessutan særskilt for sosialpolitikken i *artikkel 117*. Dermed vert det interessant å sjå nærare på kva vi skal «harmoniseres» med. Eit gjennomgåande drag ved helsestellet i EF-landa er at det er fagleg ujamnt, og at det er ålmennt godteke med ulik handsaming av folk etter den inntekta og den sosiale status dei har. T.d. er sjukehusa i Vest-Tyskland inndelte i 3 ulike grupper. Dei beste, gruppe 1 og 2, tek mot pasientar som er trygda i private trygdeselskap, medan vanlege arbeidstakarar, som er offentleg trygda, kjem på dei dårlegaste sjukehusa i gruppe 3. Når vi dessutan veit at mange sjukdomar og plager er mest vanlege i lågare sosiale lag, ser vi at dei som kanskje treng med medisinske handsaminga mest, får det dårlegaste tilbodet. Det private innslaget er sterkt, både i trygdebransjen og i sjølve handsamings- og hjelpeapparatet, og det gjer sitt til at denne sosiale diskrimineringa kan halde fram. Det er eit ope spørsmål om denne sosialpolitiske tenkjemåten kjem til å få innverknad på norsk helsevesen.

I denne framstillinga er det ikkje gjort nokon freistnad på å rose-måle norske helsetilhøve eller det norske sosiale og medisinske hjelpeapparatet. Men sjølv med dei tendensane som valdar vanskar for oss i norsk samfunnsutvikling i dag, står vi på mange område langt betre rusta enn Fellesmarknadslanda. Arbeidsløysa er framleis lita, m.a. fordi ein her i landet aldri har vilja ta i bruk arbeidsløyse som middel til å bremse inflasjonen, slik EF-landa gjer det. Sjølv om bygde-Noreg er blitt sterkt utarma av den nåverande sentraliseringspolitikken, har vi ennå mykje å ta vare på. Norsk helse- og sosialvesen er nok utilstrekkeleg på mange område, men det er trass alt gjennomsyra av ein likskaps- og rettferdsideologi som står i skarp motsetnad til den ulike handsaminga som er vanleg i mange EEC-land.

Og framfor alt: Det er sær viktig at vi ikkje let hovet gå frå oss til sjøl å skape ein sosialpolitikk som kan stanse skadeverknadene

i tide. Det vil vi ikkje få høve til i EEC, som set heilt andre om-syn i høgsetet.

### Studiespørsmål til kapitlet om helse- og sosialpolitikken:

- 1) Drøft i kva grad norsk EF-medlemskap kan forsterke dei problemskapande sidene ved samfunnsutviklinga. Kan dette få verk-nader for heimstaden eller arbeidsplassen?
- 2) Sosialministeren sa på eit møte i Bergen hausten 1971: «Om vi ikkje går inn i EEC, vil vi måtte strukturrasjonalisere og effekti-visere endå hardare og dermed få større helsemessige problem.» Drøft denne påstanden. Drøft også kva strukturrasjonalisering ty-der og kva helseproblem det fører med seg.
- 3) Kva konsekvensar kan norsk EF-medlemskap få for helse- og sosialpolitikken vår? Kva for nye helseproblem kan oppstå? So-sialministeren har på det same møtet i Bergen hevda: «Går vi inn i EEC, vil dette skape økonomisk grunnlag for å kanalisere meir ressursar til helsesektoren — dersom vi ønskjer det.» Drøft dette og legg også vekt på siste delen av utsegna. Kven er «vi» i denne utsegna? Med andre ord: Kva for krefter er det som har pressa fram dei sosiale og helsemessige goda våre?
- 4) Det europeiske sosialfondet skal subsidiere kostnadene ved omskolering og flytting av arbeidskraft innanfor EF-området. Kor-leis vil dette fondet verke inn på sysselsetjinga, i Nord-Noreg og på Vestlandet t.d.?
- 5) I EF-brosjyra til Utanriksdepartementet om sosialpolitikken står det på side 7: «Dersom Norge slutter seg til Fellesskapet, må vi foreta mindre justeringer av vår sosialpolitikk på enkelte spesial-områder. Men Romatraktaten forplikter ikke oss til å legge om vår sosialpolitikk. Norge vil i tilfelle ha mulighet for å gjøre sin inn-flytelse gjeldende på like fot med de andre medlemsland.» Drøft innhaldet i desse formuleringane.
- 6) Narkotika- og stoffmisbruk blant ungdom er blitt eit alvorleg helseproblem dei siste åra. Vil eit eventuelt norsk EF-medlemskap verke inn på desse tilhøva?
- 7) Kva for sosiale og helsemessige problem kan bli følgjene av ein fri arbeidsmarknad? Drøft også framandarbeidarane sin stilling i Noreg i dag.

#### Litteratur:

EF-hefte nr. 6 (Utanriksdepartementet): Sosialpolitikken, «Vi har noe å forsvare». Arbeiderkomiteen mot EEC og dyrtid, hefte nr. 3, Helse-politikk og EEC. En orientering fra sosialistiske legers forening (hefte), Norge og EF — Sosialpolitikken. Markedsutvalgets arbeidsgruppe om sosialpolitiske spørsmål (17.12 1971). Stensil forebels ikkje trykt.). (Oppmodar alle om å skrive til Utanriksdep. Oslo Dep — Informasjons-avd. for å få denne tilsendt!)

## Kapittel 6.

# EF og utdanningspolitikken

Av Åse Berge. (6:2. 1972)

### I. Innleiing.

I EF-debatten til denne tid har tilhengjarar, såvel som einskilde motstandarar, hevda at EF ikkje har nokon serskild utdanningspolitikk, og at medlemskap difor ikkje vil få innverknad på vår nasjonale utdanningspolitikk. Stort sett har emnet i det heile ikkje vore drøfta. Folk som Bjartmar Gjerde (og Håkon Lie) sier kort i denne samanhengen at «EF har ingen utdanningspolitikk».

Men i den aktuelle skule- og universitetsstriden sist haust kom det fram argument som peika på at det finst materiale frå «EF-kontinentet» som greitt og utvetydig slær fast at EF *har* ein utdanningspolitikk, såvel som ein jordbruks- og fiskeripolitikk. Då statsråd Gjerde vart konfrontert med opplysningar om desse tilhøva i eit TV-program, svara han at dette var ukjent for han, og at han ikkje kunne innsjå at vi her i Noreg ikkje skulle kunne føre ein uavhengig utdanningspolitikk, om vi kjem med i EF.

Slike fråsegner, det vere frå statsråd Gjerde eller frå motstandshald — vitnar om naivitet eller for dårlig innsikt i den grunnleggjande og altomfattande strukturen EF byggjer på.

Fordi denne sida ved EF's politikk er lite kjend i Noreg, men mest fordi den er eit overlag viktig aspekt ved EF *på lengre sikt*, vil eg i denne artikkelen leggje vekt på fylgjande 4 punkt:

1. Dokumentasjon omkring EF's uttala målsetjing og konkrete arbeid på dette området.
2. EF's utdanningspolitikk heng nøye saman med dei såkalla 3 «fridomsrettane» Romatraktaten byggjer på.
3. Samanlikning av norsk og «europeisk» planlegging på desse områda — særleg gjeld det arbeidsmarknadspolitik og yrkes- og vidareutdanningspolitikk.
4. Ein *overnasjonal* utdanningspolitikk under Bryssels kontroll vil vere ein naudsynt reidskap for å oppfylle Romatraktatens mål om *politisk og økonomisk* integrasjon i Europa.

## II. Harmoniseringa av yrkesopplæringa i EF.

I Romatraktaten er tilhøve som vedkjem yrkesopplæringa nemnt i fylgjande artiklar:

Art. 50 som gjeld utveksling av arbeidstakarar.

Art. 57 som gjeld gjensidig godkjenning av eksamenar.

Art. 118 som gjeld samarbeidet mellom medlemsstatane om m.a. yrkesopplæring og vidareutdanning.

Art. 128 som gjeld prinsippa for gjennomføring av ein sams yrkesopplæringspolitikk som treng Ministerrådet si godkjenning.

Som vi ser her, er det prinsippet om den «frie» arbeidsmarknaden som er den direkte årsaka til at EF må arbeide seg fram til ei såkalla «harmonisering» av utdanningsvesenet. Det er vel også naturleg i den samanhengen at ein først og fremst satsar på sams yrkesopplæring, i det industrien i dei ulike EF-landa skal vere sikra mobil og kvalifisert arbeidskraft. Om dette spørsmålet uttala generaldirektøren for presse og informasjon i EF til representantar for norske lærarstudentar i fjor: «Skal den frie bevegelse av arbeidskraften kunne gjennomføres, forutsettes det at det skjer en harmonisering av diplomer og profesjonelle yrkesutdanninger.»

Alt så tidleg som i 1963 vedtok Ministerrådet retningslinene for ein sams politikk for yrkesopplæring. Her heiter det m.a. at føremålet er at «opplæringsmulighetene svarer til næringslivets behov» og at det vert oppretta «gode forbindelser mellom yrkesopplæring og næringsliv».

Desse, og liknande ting, er også tydeleg og langt meir konkret utarbeidde frå EF-organa si side det siste tiåret. Markedsutvalget,<sup>1</sup> som er oppnemnt av Regjeringa til å informere Stortinget om EF-spørsmål, nemner også det arbeidet som er gjort på dette feltet innan EF. Om yrkesopplæringa og retningslinene for denne, kan vi lese i rapport nr. 1, side 86:

a) «den felles politikk for yrkesopplæring har som mål blant annet å skape forutsetninger for at enhver kan få yrkesopplæring og at opplæringsmulighetene svarer til næringslivets behov, å unngå uheldig avbrekk mellom allmenn- og yrkesutdanning og fremme videreutdanning og omskolering, å gi den enkelte arbeidstaker forutsetninger for opprykk og skape gode forbindelser mellom yrkesopplæring og næringsliv.»

b) «det skal legges særlig vekt på *beregning* av etterspørselen av arbeidskraft i ulike næringsgrener og de konsekvenser dette får for yrkesopplæringen.» (Mi utheving.)

c) «medlemsstatene — eventuelt med Kommissjonens støtte — skal

virke for å bedre utdannelsen av yrkeslærere, samtidig som en tilnærming av denne utdanning i medlemslandene skal tilstrebes. Det tas sikte på en *skrittvis utjevning* av *utdanningsnivåene* og av *eksamenskravene* for å oppnå *gjensidig anerkjennelse av vitnemål* for avsluttet yrkesopplæring.» (Mine uthevingar.)

d) «det skal tas i bruk yrkesopplæringsprogrammer for å fremme arbeidsformidlingen innen Fellesskapet, særlig med sikte på den *tekniske utvikling* og *strukturendringer* i enkelte yrker og områder.» (Mine uthevingar.)

e) «Det skal tas særlig hensyn til særproblemer på de enkelte arbeidsområder. Tiltak innenfor den felles yrkesopplæringspolitikk kan finansieres på fellesskapsbasis.»

Ein kan i samanheng med sitatet under d) tenkje seg korleis arbeid for å fremje arbeidsformidlinga i EF i samband med den tekniske utviklinga og strukturendringar i einskilde yrke og område, vil slå ut i høve til primærnæringane og vanskelegstilt industri i utkantdistrikt<sup>2</sup> i vårt eige land. Dette punktet vil eg komme attande til nedanfor.

Med det systemet som er i ferd med å utvikle seg i EF-landa i dag, og med den overgangsordninga som m.a. Ottosenkomiteen<sup>3</sup> legg opp til mellom distriktshøgskular og universitet, er det ein illusjon å tru at universiteta (eller det vidaregåande skuleverket elles) skal kunne gå fri av den same målsetjinga som gjeld for yrkesutdanninga.

Det er då heller ikkje tilfelle, slik nyare dokument frå kontinentet tydeleg viser. Men i fyrste omgang skal vi vente med både universitets- og forskningspolitikken og heller ta for oss den innverknaden som dei retningslinene som her er skisserte, venteleg vil få for omorganiseringa av yrkesskular, tekniske skular — omskuleing og vidareutdanning i norsk perspektiv.

### III. Kvifor er omorganisering naudsynt?

I perspektiv av den fleksibilitet og mobilitet i utdanningssystemet som prinsippet om den frie arbeidsmarknaden krev, er det ikkje vanskeleg å tenkje seg kor viktig ei gjennomgripande omorganisering og rasjonalisering av heile utdanningsverket vil vere for dei sentrale EF-organana.

Også på dette området er det den «anonyme» marknadsmekanismen som skal få rå. Utdanna arbeidskraft er ei vare på line med stål og fleisk, og like avhengig av tilbod-etterspurnadformelen i EF's system. Kanskje er det ikkje så lett for EF-byråkratane å produsere, kontrollere og dirigere denne «vara» slik at dei opp-



når friksjonslaus «flyt» på arbeidsmarknaden. Nettopp difor er ei omorganisering under Bryssels fulle kontroll så viktig.

Kva for krefter er det som ynskjer og tvingar fram desse altomfattande endringane som vil gjere utdanningsvesenet vårt til ein «termostatinnstilt automat» som spyr ut «kvalifiserte» teknikarar, ingeniørar, lærarar etc. i takt med svingningane på arbeidsmarknaden? I alvor: Eg har ikkje her prøvd å formulere eit «morsomt» spørsmål, men kjenner meg inspirert av eit statleg dokument frå Italia<sup>4</sup> om utdanningspolitikk i 1970-åra:

«Strukturutviklingen (i næringslivet — min merknad) må gå sammen med en *kvalitativ* tilpasning av utdanningssystemet i samsvar med frihandelsmarkedets hurtige endringer i yrkesaktiviteter.» (Mi utheving.)

Når det gjeld årsakssamanhengen mellom dei to faktorane, er det lett å sjå, ut frå EF's økonomiske system, at næringslivet — dvs. monopola — går fyrst — utdanninga må fylgja etter. Som vi har sett i sitata om yrkesopplæringspolitikken, er utviklinga og harmoniseringa av utdanningsvesenet sett i samanheng med, og må forståast utfrå, prinsippet om den «frie arbeidsmarknaden» (les: dei til eikvar tid mobile arbeidstakarar). Men dette prinsippet står i eit like nært tilhøve til prinsippet om den frie kapitalrørsla og den frie etableringsretten. Det er såleis eit indre, nødvendig tilhøve mellom desse tre faktorane, og utdanninga i dette biletet er å forstå som ein *sekundær* faktor, som skal hjelpe til å fremje og stabilisere tilhøvet mellom desse. (Om økonomiske tilhøve i EF — strukturrasjonalisering osv. — sjå artikkelen om tettstadmiljø og industriutvikling i dette heftet).

Såleis vert yrkesopplæring, omskulering og vidareutdanning i EF-systemet nytta til å drive ein såkalla «aktiv» arbeidsmarknadspolitikk — dvs. som ein *reidskap* til å fremja dei økonomiske måla som i størst mon vert definert av dei store monopolkonserna og av Bryssel-byråkratiet.

Denne «aktive» arbeidsmarknadspolitikken er også komen til uttrykk i *norsk* planlegging på dette området, m.a. i innstilling nr. 45 om arbeidsmarknadspolitikken (frå 1968/69). Der heiter det t.d.: «Arbeidsmarkedspolitikken er først og fremst en viktig side av den økonomiske politikk.» Og vidare: «Arbeidsmarkedspolitikken har en betydelig sammenheng med oppbyggingen av vårt undervisningssystem, fordi den bygger på nærings- og arbeidslivets samlede krav til utdanningsnivå og yrkesopplæring for de forskjellige grupper av arbeidstakere.»

Vi ser her at det i mangt er same type tankegang som gjer seg gjeldande både i Noreg og EF, særleg mellom dei gruppene som

sterkast dominerer debatten om økonomisk vekst og strukturendring i norsk næringsliv.

Langt klarare, og meir konkret, kjem dette fram i samband med dei spørsmåla eg tek opp i neste avsnitt:

#### IV. Strukturendringar og distriktspolitikk i høve til EF's yrkesopplæring.

Med Noreg som medlem av EF kan fylgjande planleggingsideologi frå «norsk» hald tilpassast EF's målsetjing og realiserast innanfor Romatraktaten sin økonomiske politikk: «Det ville være en fordel om utenlandske bedrifter kjøper opp norske og omvendt fordi en slik utvikling vil være et viktig ledd i strukturrasjonaliseringen av norsk industri.» (Sitat frå Stortingsmelding 39 frå 1967—68.) La oss så sjå på arbeidsmarknadspolitikken i høve til dette ynsket. Kjelda er framleis St.melding nr. 45:

«Ved å øke mobiliteten bidrar den (arbeidsmarknadspolitikken) til å fjerne flaskehalsen på arbeidskraftsiden og skaffe bedre dekning for arbeidskraft i ekspansive næringer (les: i monopolbedrifter) og til distrikter med stramt arbeidsmarked» (les: pressområde). Som kjent opnar Romatraktaten og medlemskap i EF nettopp for at slike framtidvisjoner skal bli mogelege, og at mennesket i endå høgare grad skal bli produksjonsbrikker på kapitalens sjakkbrett. Såleis pressar utviklinga innan kapitalismen i den fasen ein kallar den monopolkapitalistiske, fram endringar i livsmønster — arbeidstilhøve — livsmiljø, og i utdanningsmønsteret. Ingen sektor i samfunns- eller menneskelivet går fri av dei grunnleggjande målsetjingane i EF — målsetjingar som *ikkje* er bestemt av oss, men av dei økonomisk sterkaste og av Bryssel-byråkratiet. Utvikling og endring er ikkje i seg sjølv berre av det vonde — men det avgjerande er om ho tener storparten av det arbeidande folket.

I kva lei denne utviklinga ber for ein vanleg arbeidstakar i høve til *yrkesutdanning* — *omskulering* og *arbeidsvilkår*<sup>5</sup> — får vi m.a. eit bilete av i Steenkomiteen si innstilling om yrkesskule/gymnasstrukturen i Noreg, og ikkje minst i Ottosenkomiteen si innstilling nr. 5 om vidareutdanninga. I begge desse dokumenta vert det gjeve uttrykk for (som grunnlag for arbeidet?) at ein vanleg arbeidstakar må *rekne med å skifte yrke minst 3-4 gonger* i løpet av ein arbeidsfor livsperiode.

Med den sterke mobiliteten på arbeidsmarknaden som EF byggjer på (ein har dei siste åra faktisk prøvd å bremse denne, fordi den har kosta samfunnet for mykje reint sosialt, men også økonomisk!), vil slike forhold som dei eg har skissert ovanfor bli realitetar for dei fleste arbeidsfolk her i landet.

Grunnlaget for ei slik planlegging av utdanning og vaksenopplæring, både m.o.t. innhald og organisering, har ikkje *mennesket* som mål — men rettar seg til ei kvar tid etter dei krava om kvalifikasjonar og arbeidsoperasjonar som kapitalen finn mest lønsam. Under slike tilhøve får ein ikkje mykje høve til å slå rot i sitt eige, heimlege miljø og lære seg det yrket ein har evner og hug til, men at «de til enhver tid skiftende behov på arbeidsmarkedet» (les: kapitalens krumspring) tvingar ein til å bryte opp frå heimstaden — skifte arbeidsplass — pendle — skifte bustadmiljø — ta omskulering — vidareutdanning — kanskje berre for å måtte reise til ein annan region og ta arbeid der. Utryggleik — rotløyse — familieproblem — fylgjer i kjølvatnet. (Om sosiale og helsemessige problem: sjå Westins artikkel om desse spørsmåla i dette heftet.)

Det er ikkje einast framandarbeidarane,<sup>6</sup> dvs. arbeidarar som kjem frå land utanfor EF, som kjenner desse problema på kroppen. Også store grupper arbeidarar frå vanskelegstilte område i EF (t.d. Sør-Italia og Sør-Frankrike) er i dag utsette for denne ublide handsaminga av dei kapitaldirigerande kreftene i EF — sjølsagt under dekke av individets beste — omskulering og vidareutdanning. Eg siterer frå Markedsutvalgets rapport nr. 1:

«Det er også planer om felles program for forsering av yrkesopplæring for voksne, nemlig for 3000 ufaglærte italienske arbeidere som er villige til å utvandre. Disse skal få opplæring i bygnings- og metallindustrien og i hotell- og restaurantnæringen.» (Mine uthevingar.)

Der står faktisk her at desse 3000 italienarane er viljuge til å utvandre — *men det står ikkje at EF er viljug til å investere kapital* for å skaffe arbeid til desse framandarbeidarane i *deira eige heimland!*

Primærnæringane<sup>7</sup> — jordbruk og fiske — som i mange norske bygder er grunnlaget for folkesetnaden, er tiltenkt ein ussel lagnad i EF. Det er her viktig å merkje seg at vidareutdannings- og omskuleringspolitikken i EF er ein reidskap for å gjennomføre ei meir smertefri omstilling til EF-tilhøve — Mansholtplan og fabrikkfiske.

I Markedsutvalgets innstilling nr. 5, side 17, kan ein lese om dette m.a.:

«En kunstig opprettholdelse av uøkonomisk virksomhet er også skadelig av sosiale grunner, i det investeringer i omskuleringstiltak er en bedre måte å sikre arbeidstakerne trygge og godt avlønnete stillinger på.»

Som vi alle no veit er norsk jordbruk (men også store delar av

norsk industri — serskilt heimeindustrien) såkalla «uøkonomisk virksomhet» i EF-perspektiv.

Skulle det ikkje t.d. vere mogeleg å sikre folk trygge arbeidsplassar innanfor jordbruket, dersom ein hadde politisk vilje til det? Slik vilje fins ikkje i EF!

Same rapporten, på side 31:

«Kommissjonens forslag med sikte på å *lette* avgangen fra næringen (jordbruket — min merknad) — som førepensjonering — avgangsvederlag — omskolering og utvikling av nye arbeidsplasser i distriktene — finner alminnelig støtte.» (Mi utheving.)

Vi veit at Mansholtplanen tek sikte på å redusere talet på bønder i EF frå 10 mill. til 5 mill. fram til 1980. Norsk jordbruk har ikkje oppnådd varige særordningar i forhandlingane med EF, og denne politikken vil derfor også bli gjeldande for norske bønder. Til slutt skal det nemnast at det i EF finst eit spesialprogram for landbruksutdanning med det føremålet å auke produktiviteten i næringa. Det høyrer kanskje positivt ut. Men ei utdanning er ikkje utan vidare i vanlege folk si interesse — som vi har sett. I EF-samanheng tyder propaganda for auka produktivitet i landbruket at bygdeungdomen skal tutast øyro fulle om føremonene ved stor-drift og nedleggjing av gardar i Mansholtplanen si ånd.

#### V. a. Universitetspolitikken i EF-overnasjonal styring.

«Med et rikt sortiment av skiftende fagkombinasjoner kan universitetet blande den kunnskapsmix som må til for å dekke nye behov i et stadig mer differensiert næringsliv.»

Dette sitatet, som kan stå som eit motto for det universitetsideal som held på å vekse seg fram (og delvis bli realisert), gjennom nyare reformer i EF-land — skriv seg ikkje frå noko Ministerråds-møte eller konferanse av universitetsfolk, men frå Næringsrevyen, eit blad frå vårt heimlege «næringsmiljø». Såleis er det også i høg grad representativt for den type opinion i Noreg som arbeider hardest for å få Noreg med i EF — i populær tale gjerne kalla «Kapitalrørsla for norsk medlemskap i EF (Industriforbundet — Rederforbundet — bank- og finansorganisasjonar — NAF osv.)». Prinsippet om den frie arbeidsmarknaden gjeld ikkje berre for ufaglært og faglært arbeidskraft i industri — transport — service osv. — men også for den høgt kvalifiserte, eller akademiske arbeidskrafta.<sup>8</sup>

Før eg går meir grundig inn på EF's universitetspolitikk — er det naudsynt å seie noko tilhøvet mellom vår tids «heilage ku», den økonomiske vekst, på den eine sida, og hogare utdanning/forskning på den andre. Amerikanske undersøkingar viser at auka

utdanning av arbeidskrafta i samband med industri og produksjonsliv elles, svarar for opptil 42 % av veksten for nasjonalinntekt pr. sysselsatt i perioden 1929—1947.

I perioden etter krigen har denne utviklinga auka sterkt. Vi finn eit stendig meir intimt og direkte tilhøve mellom utdanning på høgare nivå/forskning og utvikling/vekst i industri og produksjonsliv allment. Først og fremst gjeld dette område som produktutvikling og teknologi. Resultata frå kjemikarens laboratorium og organisasjonsteoretikarens gruppeforskning (tidsstudiar —!) går direkte til industrien og fører til rasjonalisering — teknologisk utvikling — auka konkurranseevne m.o.t. produktutvikling t.d.

Dette tilhøvet har gjort at samfunnsforskarane i dag omtalar utdanning og forskning som ei svært viktig *produktivkraft*<sup>9</sup> som bidreg direkte i produksjonen på line med vanlege arbeidstakarar — maskinar — ressursar etc.

(Diskusjonen om desse spørsmåla vart teken opp her i Europa i 1960-åra av franskmannen Jean-Jaques Servan-Schreiber i boka: «Den amerikanske utfordringen».)

Politikarar — økonomar og planleggjarar i EF er sjølvsgt merksame på dette tilhøvet, og det kjem då også tydeleg fram når det gjeld deira syn på universitets- og forskningspolitikk i EF-perspektiv. Her heime finn vi dei same tendensane, om enn ikkje like pragmatisk uttrykt, i Regjeringens Perspektivanalyser, og i den no vidkjende Ottosenkomiteen sine innstillingar. For forskinga sin del er same bakgrunnen viktig for Hovedkomiteen for norsk forskning. Sistnemnde emne har eg ikkje nok materiale på til at eg kan ta den opp serskilt — men det er ikkje å gisse for mykje om ein seier at den i vel så høg grad som utdanninga elles skal fylgje «næringslivets behov».

Om denne heiter det m.a. i den danske<sup>10</sup> embetsmannsrapporten (tilsvarande Markedsutvalget): «Virksomheden indenfor Fællesskaberne vil igennem den økonomiske integration få større mulighed for i samarbejde at gennemføre den tekniske og videnskabelige forskning og de produktive investeringer som er nødvendige for at følge med i den tekniske udvikling.»

Ein talar der vidare om USA's teknologiske forsprang, men at ein sams europeisk marknad vil kunne utjamna skilnaden. Vidare heiter det:

«Det vil i første række blive de største europæiske industriforetagender, der vil få høste fordel av en sådan udvikling, men den kan også få betydning for dansk industri, idet en herigennem fremmet økonomisk vækst i Europa også har betydning for danske virksomheder, hvis produktion fortrinsvis afsættes i Europa — —»

Kommentarar i høve til norske tilhøve synest her å vere overflødige.

Når eg tek med så mykje om desse spørsmåla her, er det for å rette eit kritisk auge på *realitetar*, og ikkje minst ordval, i dei dokumenta som omhandlar universitets- og utdanningspolitikk allment i EF — og forsåvidt også i Noreg.

### V. b. Kort om noverande universitetsstruktur.

Det «tradisjonelle» universitet etter tysk mønster (frå førre hundreåret) medfører ein viss form for autonomi (dvs. sjølstyre) i høve til styresmakter og samfunnet elles. Denne autonomien gjeld disponering av ressursar, opplegg av undervisning og innhald av denne og i forskninga osv. Dette sjølstyret er med tida blitt undergravd ein del (særleg dei siste tjue åra), mest når det gjeld ressursbruk, administrasjon og tidsrammer for studia. Dessutan er der ein aukande tendens til at universiteta får stadig mindre løyvingar til fri forskning, i det utanforståande institusjonar, som m.a. er knytta til industrien, får større del av dei samla forskningsløyvingane. (Denne tendensen er langt sterkare innanfor EF-landa, og er ei uttala målsetjing i EF-organa sitt syn på forskninga sin plass i samfunnet.)

Likevel — til denne tid har utanforståande organ aldri direkte blanda seg inn i spørsmål som gjeld kva *innhald* og *form* undervisninga ved høgare læreinstitusjonar skal ha — dvs. blanda seg direkte inn i det som offisielt går under nemninga «*universitetets sjølstyre*».

Denne universitetsstrukturen er fundert på gamle, tradisjonsrike ideal med vitskapens fridom og kritiske samfunnsfunksjon, samt det akademiske studiums verd for personlegdommens utvikling, som kjerne. Svært få vil sjøl i dag nekte for at desse ideala bør vere normgjevande for universitetet si rolle i samfunnet.

### V. c. Konflikten mellom EF og dei noverande universiteta.

Konfrontert med desse ideala, og den universitetsstrukturen som hovedsakleg byggjer på desse, kjem teknokratane i EF i ein alvorleg konflikt utfrå sitt pragmatiske syn på den «kvalifiserte arbeidskrafta» og forskninga sitt verd for monopolkapitalens ekspansjon. Denne konflikten må dei *løyse*, til sin føremon. Den vegen dei må gå, er å skaffe seg kontroll over universitetssystema innanfor EF gjennom *overnasjonal styring*.

At dei uttala retningslinene for ein overnasjonal universitets- og forskningspolitikk ikkje einast eksisterer på papiret i EF, og at denne konflikten er under full utvikling i EF-landa, har vi vitne-

mål om m.a. i notat frå den vest-tyske rektorkonferansen i 1970 (Omtala som WRK). Desse autoritetsmedvitne universitetsfolka finn EF's overnasjonale innverknad og sentraldirigering direkte «forstyrrende» i universitetets arbeid med å tilretteleggja og bestemme studium ved vest-tyske universitet. Dei finn også «ikke længere at kunne tolerere den situation at overnasjonale bestemmelser, der *grundlæggende påvirker studierne på universitetsniveau* og på afgørende måde binder eller hæmmer dem, er *blandet sammen med den europæiske «etableringsret»s fordele*, og udelukkende afgøres efter rådslagninger, der kun tager *økonomiske, sociale og professionelle synspunkter* i betragtning.) (Mine uthevningar).<sup>11</sup>

Stort klarare kan ikkje konflikten komme til uttrykk. Rektor ved København Universitet — Mogens Fog — har reagert kraftig i høve til desse dokumenta frå WRK, og han uttalar til Ekstra-bladet: «Jeg vil finde det rimeligt, at universitetet ytrer sig om risikoen for, at uddannelserne i EF ensrettes.» Han hevdar også, utfrå dei vest-tyske røynslene, at det er grunn til frykt for at utdanningsnivået blir dårlegare innanfor eit sentraldirigert EF — sett i høve til det som er rekna for forsvarleg universitetsnivå i Danmark.

Interessant i same intervjuet er det at den danske undervisningsministeren — etter å ha blitt gjort kjend med desse papira — hevdar (slik som Gjerde) — at det er lite truleg at «— EF-Kommissionen skulde få indflydelse på undervisningsplanerne for de enkelte lands universiteter.»

Like interessant er det at WRK referer til liknande fråsegner frå rektorkollegia i Italia og Frankrike — der omforminga av universiteta er komen mykje lenger enn i Vest-Tyskland.

#### **V. d. EF's arbeid med harmoniseringa av universiteta.**

La oss så gå konkret inn på EF's arbeid med universitetspolitikken.

Det har vore arbeidd med ei samordning av denne innanfor EF sidan 1959. På bakgrunn av materiale frå Kommisjonen kan retninglinene summerast opp i desse punkta:

1. Utdanningssystema i medlemslanda skal vere tilpassa dei framtidige politiske, økonomiske og sosiale realitetar.
2. «Kjensgjerningen» om det «europæiske samarbeide» skal gjerast kjent gjennom undervisninga i skular og universitet. (Propaganda?)
3. Også akademisk utdanna arbeidskraft og arbeidskraft på «teknikarnivå» skal vere mobil.
4. Dette skal sikrast ved at undervisning og utdanning i medlems-

landa skal vere mest mogeleg einskapleg — dvs. mest mogeleg harmonisert. Hittil er det vedteke (i Kommisjonen) einskaplege studieopplegg for fylgjande grupper: faglærte handverkarar — ingeniørar — arkitekter — lækjarar og tannlækjarar — farmasøytar — optikarar, — samt for ei rekkje tradisjonelle yrkes- og handverksutdanningar.

Noko som diffust kallast embetsmenn og funksjonærar er også nemnt her. Arbeidet er i gang også for andre grupper sitt vedkomande.

Det er viktig å merkje seg at det her dreier seg om svært detaljerte planar og opplegg som tek frå universiteta og høgskular retten til å bestemme over innhald — eksamenskrav og evt. endringar av desse — samt tidsrammene. Det skal (sjølsagt) vere einskaplege eksamenskrav — former og vitnemål for desse utdanningane.

Sjølv om EF-organa såleis har fremja «harmoniseringa» på ei rekkje viktige felt, går ikkje arbeidet snøgt nok. I samband med «harmoniseringsstrevet» vert det sagt: «Det fremholdes i denne forbindelse at det europeiske samarbeid på undervisningens område er *sakket sørgelig akterut* for det økende økonomiske samarbeid under de siste 10 år.»

Eit medlem av Europa-parlamentet<sup>12</sup> klagar over at Romatraktatens lovnad om arbeid med sikte på å ta bort barrierar som splittar Europa — ikkje var blitt gjort nok gjeldande overfor nokre av dei mest solide — nemleg dei djupe skilja mellom strukturane i skular og universitet — såvel som eksamenar — program og metodar — for ikkje å snakke om språkskilja.

Som vi ser — viljen er i alle fall tilstades når det gjeld å bryte ned den nasjonale utdanningspolitikken.

Når det gjeld vidare arbeid frå EF-organa si side, så har ein konferanse av undervisningsministrane i EF<sup>13</sup> vedteke å opprette eit såkalla «Europa-universitet» i Firenze. Det skjedde i 1971. WRK finn å måtte åtvare mot dette tiltaket slik Kommisjonen i Bryssel har utforma det. Dei meiner at «fællesskabet af universiteterne i de europæiske lande udgør det «europæiske universitet» og at det derfor ingen grund er til opprettelsen af et nyt universitet med navnet «europæisk universitet.»

Det vesentlege for oss i denne samanhengen er at denne form for «europeerinsering» og «harmonisering» vil medføre mindre vekt på den nasjonale funksjonen eit lands universitetssystem tener — m.a. i høve til fagområde og innhald/problemområde i studium og forskning. Universiteta i Noreg i dag er meir innretta mot det norske samfunnet enn mot Europa — og då særleg det «Europa» som ser seg tent med eit universitet av EF's type.



At dei nasjonale universiteta spelar ei slik rolle i høve til sitt eige samfunn, er sjølsagt ikkje ynskjeleg i EF-samanheng, der det endelige siktemålet er ein politisk union. EF veit at utdanningspolitikken er med på å oppdra elevar og studentar innanfor dei verdirammene samfunnet byggjer på. Mellom EF-kommisjonen sine oppgaver finn vi då også fylgjande:

«Utviklingen av slikt arbeid innen rammen av «Felleskapet» er i overensstemmelse med den felleserklæring som ble gitt av statsoverhodene eller regjeringssjefene i Haag. Punkt 16 i denne erklæringen henviser til de skritt som må tas for å få ungdommen til å slutte seg til det skapende arbeid og de handlinger som fører til *ideologisk vekst*. Å spre kunnskap om denne virksomhet i skolen kan betraktes som første forutsetning for å oppnå at *ungdommen slutter seg Fellesskapets utvikling.*» (Mine uthevingar.)

## VI. Nyare reformarbeid på utdanningssektoren i EF-land.

Eit godt innblikk i kva overnasjonal styring av utdanningspolitikken kan få å seie for norske studentar og skuleelevar, gjev dei ulike reformplanane og retningslinene for omorganisering som er vedtekne (og delvis gjennomførde) i EF-land, som t.d. Frankrike. Der er alle studia sterkt effektiviserte og rasjonaliserte,<sup>14</sup> og dei er lagt opp svært skulemessig. Ein har ein 2-årig «første syklus» som fører fram til avsluttande eksamen. Deretter nye 2 år, som saman med dei 2 fyrste skal tilsvare ein embetseksamen (i Noreg i dag tek denne 6—7 år normalt). Etter det fjerde året reknar ein med at ca 20 % av eitt kull går vidare til ei spesialisert forskarutdanning gjennom ein doktorgrad. Det er lite høve til repetering i desse strengt organiserte studia. (Desse reformene stammar frå 1966 under namnet Fouchet-planen. Den er ein del av bakgrunnen for mai-opprøret i Frankrike i 1968.)

Ein kan lett utfrå m.a. slike tilhøve forstå Mogens Fog si frykt for kvalitetssenking og einsetting. Som han sjølv uttrykkjer det: «Bruxelles synes å ha lagt vøgt på et bestemt timental som garanti for kvaliteten. Og ikke på studiernes indhold. Det har vi protestert imod.»

I Tyskland har det tyske vitskapsrådet lagt fram ein plan som i mangt fylgjer same opplegg som i Frankrike — også med studia delt opp i avsnitt som kvar skal gjeve yrkeskompetanse — og med strengt organiserte opplegg. Planen har møtt sterk motstand mellom studentane.

Endå meir «skummel» vert denne reformeringa og planleggjinga

når ein i eit EF-land som Frankrike er byrja å skilje mellom «produktive» og «uproduktive» studia (t.d. humaniora og delar av samfunnsvitskap).<sup>15</sup>

Ein legg i samband med dette vekt på å prøve å «kanalisere» ein stadig større del av studentane over i tekniske-økonomiske og administrative fag. Humanistane kan få ei tilleggsutdanning i desse faga for å kunne gjere nytte for seg i produksjonen. Likeins har ein kome fram til ein metode for å kunne føreseie nøyaktig kor mange studentar som trengst på dei ulike falkulteta prosentvis.

Dersom ei overnasjonal styring av utdanningspolitikken også blir gjort gjeldane her i Noreg, og det vil bli tilfelle ved eit eventuelt medlemskap (Noreg har alt godteke desse prinsippa ved å under-teikne forhandlingsprotokollen) — vil det føre til ei utvikling i norsk utdanningsvesen som bryt sterkt med det vi har rekna for å vere fornuftig og forsvarleg undervisningspolitikk.

Gjennomføringa av «harmoniseringa» og lik evaluering av eksamenar — former — vitnemål vil også føre til *standardisering* av undervisningsopplegget. Dette vil føre til endringar i *innhaldet* i studia, og i den ulike vekta ein legg på delar av lærestoffet i ulike land. Desse endringane går altså i lei av *standardisering av nivået* og fylgjeleg *einsretting*. Ei slik utvikling vil få djuptgripende verknader i undervisning og arbeidstilhøve for lærarar og elevar — og føre til ringverknader nedover i heile skuleverket — t.d. i gymnasa p.g.a. opptak til studium ved universitet og høgskular. Denne standardiseringa gjer det også mogeleg — i europeisk målestokk — å nytte *ferdigprogrammerte* undervisningsopplegg i alle delar av undervisningsvesenet (med dei opningar det gjev for einsretting og indoktrinering!). Fylgjene av slik «undervisningsteknologi» — (som t.d. audio-visuelle hjelpemidlar) vil vere at lærarar og studentar/skuleelevar (samt foreldre!) får eit minimum av innverknad på sin eigen undervisnings- og arbeidssituasjon. (Norske skuleelevar har i ein viss mon byrja røyne litt av kva dette systemet medfører gjennom bruk av normerte prøver.)

Dersom dei einskilde skular eller universitet i dei ulike medlemslanda — t.d. Noreg — skulle ynskje å endre noko av dette opplegget, ville det støyte på vanskar m.o.t. den sams evalueringa — eksamenskrav — etc.

Ein ser her at undervisninga skal vere underlagd retningslinjer og planar utarbeidde i Bryssel, og eventuelle endringsframlegg vil måtte gå gjennom eit omfattande byråkrati der, og i dei ulike medlemslanda. Difor vil Noregs innverknad i det totale mønsteret bli svært liten, og på lengre sikt (det er umogeleg å spå no kor fort dette kan gå) vil vi måtte endre på svært mykje i utdannings-

vesenet vårt — *ikkje* etter egne ynskje — men etter direktiv frå Bryssel. Desse spørsmåla er det aldri blitt forhandla om i Bryssel!

### VII. Kort om måten denne omorganiseringa vil skje på.

Ei slik omfattande omorganisering av utdanningssystemet — særleg av akademiske studium — som EF tenkjer seg — har som føresetnad at *staten* har eit godt grep over dette for å kunne tvinge igjennom dei reformene som er naudsynnte.

Denne prosessen er i gang i dei fleste EF-land — og som fråsegnene frå Vest-Tyskland vitnar om (med referanse også til Frankrike og Italia) går denne ikkje utan friksjonar.

I andre omgang vert så denne makta — eller kontrollen — overført til sentrale EF-organ, som vedtek eller godkjenner undervisningsopplegg — forskningsopplegg etc. Reint budsjettmessig, eller økonomisk, kan også EF-organane verke inn over tid — i det den såkalla Wernerplanen opnar for ein viss kontroll med statsbudsjetta i dei ulike land.

Dessutan skal EF-landa føre ein sams avgifts- og skattepolitikk. Eit land med så spreidd folkesetnad som Noreg vil ha særleg høge utgifter t.d. på kommunikasjonssektoren. Dette vil igjen påverka *staten* (og kommunen) si økonomiske evne t.d. med å oppretthalde skular i utkantdistrikt. Det vil såleis bli mykje vanskelegare for oss økonomisk å kunne fylgje opp ynskjet om ein meir desentralisert skule.

Auka skulesentralisering, samt ein vidareutdannings- og omskuleringspolitikk som m.a. tek sikte på «å lette avgangen frå næringsen» — (jordbruket — Markedsutvalgets rapport nr. 5, side 17), syner at EF's skulepolitikk vil verke som ei *forsterking* av den sentraliserande økonomien, og vere med å auke fråflytting og stagnasjon i mange landsdelar. I aukande grad vil denne politikken føre til at dei unge blir tvinga (eller «kanalisert») over i såkalla «produktive næringar» i byar og tettstadmiljø.

### VIII. Kvar står skule-elevar, studentar og lærarar i dag?

Utviklinga på skule- og universitetsfronten i Noreg dei siste 5 åra, viser at det er mange planleggjarar og teknokrater med EF-perspektiv på utdanninga også i norsk skulepolitikk. Vi har fått Ottsenkomiteen, Steen- og Gjeldsvikkomiteen sine innstillingar — med framlegg om normerte prøver — sentralinstitutt for utarbeiding av desse — om fastlagde universitetsstudium og rasjonalisering av undervisninga på høgskular og universitet.

Sentraliseringstendensane i det norske skuleverket har dessutan

vore til uboteleg skade mange stader i landet — og opinionen for desentralisering er aukande.

Mesteparten av dei framstøytane som er komne frå dei som spring ærend for andre sine interesser, er i mangt slegne attende. Normerte prøver er ikkje blitt obligatoriske — m.a. fordi elevorganisasjonane og elevane sjølve har gått så hardt imot. Ottosenkomiteen sine idear vågar ein ikkje ope å innføre på universitetet, men prøver å få dei inn «bakvegen», t.d. via dårlegare løyvingar til universiteta, slik som sist haust — slik at universitetsleiinga må effektivisere og rasjonalisere det vesle dei har å rutte med — og kanskje måtte gå til lukking av fleire fakultet (situasjonen i dag). Det norske skule- og universitetssystemet er inne i vanskar — og vil på nytt og på nytt bli utsett for åtak frå krefter som vil setje band på det mon av sjølstyre og innverknad over utviklinga som i dag ligg til universitetsleiing og andre leiande skuleorgan. Som ei fylgje av denne utviklinga har også *interesskampen* blitt sterkare dei siste åra, og vi har fått sterke elev- og studentorganisasjonar, som styresmaktene ikkje utan vidare vågar å gå forbi.

Innanfor EF ser det ut som det vil vakse fram same type korporative representasjonssystem på EF-basis som t.d. fagorganisasjonane har. Det fører til at det elev- og studentdemokratiet vi i dag så smått skal byrje å utforme, vert smuldra opp.

Det er lite truleg at EF-kommisjonen og dei sentrale EF-planleggjarane vil ta særlege omsyn til ynskjemål frå lærarar, elevar eller foreldre når dei skal utforme sine undervisningsopplegg.

Konklusjonen vår må derfor bli at det er lettare å kjempe mot statsråd Gjerde (t.d. i lærebokssaka — lånekassesak — etc.) enn mot Bryssel-byråkratiet!

*Difor: Studentar — elevar — lærarar og foreldre — TIL KAMP mot EF!*

## IX. Notar og tilleggs litteratur.

1) *Markedsutvalget* er eit regjeringsoppnemnt utval som har til oppgåve å greie ut EF-spørsmålet for Storting og regjering.

2) «*utkant*» er alltid relativt til omgrepet «sentrum». Med Bryssel og kontinentet som «sentrum» — vert *heile* Noreg ein utkant — også Oslo t.d.

3) Same tilhøve synest å vere retningsgjevande for Steenkomiteen si innstilling om gymnasyrkeskulestrukturen og overgangen mellom desse.

4) Sitatet er henta frå Knut Kjeldstadlis artikkel i *Kontrast* frå oktober 1971 — om «EEC og utdanningspolitikken». Artikkelen er det beste som er skrive om emnet i Noreg til denne tid — og eignar seg godt som bakgrunnsmateriale. Heftet kan bestillast hos bokhandlarane frå Pax forlag.

5) Om desse spørsmåla sjå også Westins artikkel i dette heftet.

6) Godt bakgrunnsstoff om framandarbeidarane i EF i Pax-boka: «Den billige arbeidskraften» av Ragnar Kvam jr.

7) Sjå artikkelen til Johs. Kvestad og Jarle Varpe om primærnærings- gane i dette heftet.

8) Mobilitet av universitetslærarar — vitenskapleg personale og studen- tar innanfor EF var m.a. emne for ein konferanse av undervis- ningsministrar i og utanfor EF i 1971.

9) For dei som er interessert i emnet, finst det mange gode debatt- boker som tek opp diskusjonar om universitetet dei siste fem åra — t.d. «Kampen om universitet» og Kontrast nr. -, 1969: «Nytt universitet».

10) Opplysningane er henta frå notat oversend Norsk studentunion frå søsterorganisasjonen Danske Studenters Fællesråd — også andre danske sitat skriv seg derifrå.

11) Henta frå notat oversend Mogens Fog — til NSU via DSF.

12) Europaparlamentet (forsamlinga) — sjå artikkel nr. 2 i dette heftet.

13) På dette møtet har sannsynlegvis også norske representantar fra KUD møtt.

14) Rasjonaliseringa viser til at staten må skjere ned utgiftene til «produksjon» av akademisk arbeidskraft m.a. ved å opprette meir ras- sjonelle universitet. Kva som i EF-land ligg i dette uttrykket, kjem fram ved eit døme frå Vest-Tyskland (Ruhr-området). Eit universitet bygd for 18 000 studentar — har i dag nesten det doble! Dette vert kalla «rasjonelt». I så tilfelle vil t.d. det kriserammas Oslo Universitet vere «rasjonelt», då det er i same situasjon. Litteratur: Studiebrev nr. 1. «EEC og Universitetet», utgjeve av Arbeiderkomiteen mot EEC og dyrtid.

15) Opplysningane henta frå notat utarbeidde av DSF.

### Studiespørsmål:

1.a. Grei ut verknadene av EF's yrkes- vidare utdannings- og om- skuleringspolitikk i høve til norske primærnæringsar og småindu- strien i distrikta. b) Korleis skal ein t.d. vurdere Steenkomiteen og DH-skulane (teknisk — økonomisk — administrative liner) i denne samanhengen? c) Korleis kjenner de sjølve tilhøvet mellom utdanning og fråflytting i dykkar eige distrikt?

2.a. I kva forstand tener utdanninga, slik EF ynskjer den, å lette gjennomføringa av den frie arbeidsmarknaden? b) Er det eit rett synspunkt — økonomisk — menneskjeleg — sosialt — at det løner seg for kapitalen å flytte arbeidskrafta t.d.? c) Korleis skal ein vurdere det motsette — å flytte kapital i stadenfor arbeidskraft? d) Korleis slår desse tilhøva ut *samfunnsøkonomisk*, i motsetnad til bedriftøkonomisk?

3.a. Ta for dykk studium og utdanningar som i dag direkte knyter seg til produksjonslivet, også akademiske. b) Vurder sjansane for at undervisninga i desse faga kan rette seg etter kritiske vitkaps- ideal utfrå EF's målsetjing om tilpasning til politiske — økonomis- ke og sosiale realitetar. c) Er t.d. ein agronom eller ein kjemikar som fagmann å forstå *eintydig*, uavhengig av kva han har lært

i sitt fag og måten dette skal praktiserast på? d) Grei ut skilnader mellom ein landbrukskandidat frå Ås i dag (la oss seie frå Landbruksøkonomisk Institutt) og ein som er utdanna etter EF's landbruksøkonomiske realitetar.

4.a. Kva er skilnaden på eit universitet i nasjonal samanheng, og eit tilpassa «Europatanken»? 1) i høve til vekt på nasjonale, spesifikke problem/interessefelt — og eit innretta på monopola i EF og «europisering» av kultur og ideologi? 2) enn i høve til forskning for offentlege sektorar som t.d. helse- og sosialspørsmål, i motsetnad til «produktiv» forskning?

5.a. Ta for dykk verknadene av *standardisering* og harmonisering innan heile *skuleverket* utfrå ein «europeisk» norm, b) Korleis er denne standardiseringa å forstå i høve til liknande ting i den norske skulen i dag?

6. Vurder skule- og undervisningssystemet som «ideologi-apparat» for samfunnet, dvs. som verdi- og normskapande faktor. Korleis stiller t.d. *sann nasjonalisme/internasjonisme* seg i høve til «Felleskapets» idear om ideologisk vekst mellom ungdommen til gagn for ein framtidig politisk/økonomisk union i Vest- og Sør-Europa?

## To viktige debattbøker

### MÅL OG MAKT

Ny politikk for nynorsken og bygdekulturen.

Redigert av Jan Askeland. Med artiklar av Bjarne Fidjestøl, Berge Furre, Einfrid Grønvik, Egil Nysæter, Rolf Sagen og Gunnar Skirbekk. Kr. 16,00.

### NRK OG DISTRIKTA

Av Oddvar Natvik og Karl Arne Utgård.

Kvasst, men sakleg og grundig dokumentert åtak på storbydominansen i radio og fjernsyn: Kan Norsk Riksringkasting bli ei riksringkasting? Kr. 12,00.

I BILLIGBOKSERIEN ORION-BØKENE

**Det Norske Samlaget**

## Kapittel 7.

# EF og kulturen

Dette kapitlet tek for seg eit viktig emne. Men dessverre har det til no vorte gjort svært lite for å finne ut kva konsekvensar norsk EF-medlemskap vil få for kulturen, og artiklane som følgjer ber preg av skorten på grunnmateriale. Vi lyt difor be lesaren sjå på dei meir som første spadestikk i ubrotten mark enn som dekkjande oversyn.

Om nokon vil ha eit pro-EF-syn til jamføring, så finst det eit hefte av Lars Roar Langslet med tittelen «Norsk kulturliv og europeisk fellesskap». Heftet er gjeve ut av Europabevegelsen, og ein får det om ein skriv til Europabevegelsen i Norge, Pilestredet 28, Oslo 1.

*Forfattarane.*

## **KULTUR FOR MONOPOLA ELLER KULTUR FOR FOLKET?**

**Av Edvard Hoem.**

Når kulturspørsmål er framme i ordskiftet om EF, er det dei som legg sterk vekt på at landet vårt er nært knytt til ein europeisk kulturtradisjon, og særleg til kulturverdiar som er utvikla i dei vesteuropeiske landa. Denne kulturfellesskapen blir eit argument for at vi knyter oss til ei samanslutning som, etter det tilhengarane seier, først og fremst har eit økonomisk siktemål. Skyldskapen i retts-, tru- og moraloppfatning, i sed og skikk, i menneskesyn og samfunnssyn, gjer det naturleg at dei vesteuropeiske landa held i hop, blir det sagt. Omvendt vil dei ha det til at å bli ståande utanfor EF er det same som å skjere av dei viktigaste åndelege tilførselslinene landet vårt har hatt, og å setje opp ein mur mot fruktberande innverknad utanfrå.

Det kan vere av interesse å peike på at dei som hevdar dette, vedgår at dei økonomiske grunntilhøva får innverknad på utviklinga

av kulturen. Denne artikkelen bygger på at ein slik samanheng finst. Men i staden for veifting med flotte gloser som «den vest-europeiske kulturtradisjonen», skal utgangspunktet her vere: Finst det ulike slags kulturformer i Noreg? Kva slags kulturformer er det vanlege menneske kjenner seg knytte til, og korleis vil tilhøva for denne kulturen bli om vi kjem med i EF?

Ser vi nærare på det som blir kalla den norske kulturen, vil vi finne at han ikkje skil seg ut frå kulturen i andre land på grunnleggande måte. Dei kulturelle ulikskapane følgjer ikkje først og fremst landegrensene. Skriven litteratur, dramatisk verksemd, musikk, veremåtar, munnlege tradisjonar osv. kan ein finne motstykke til i andre land. Bare formene, og først og fremst språket, skifter etter dei nasjonale grensene. Dei nasjonale særkjenna har lite med det eigentlege innhaldet å gjere. Men dei er nøkkelen som kan hjelpe oss til å forstå kvifor visse folkegrupper i visse land kjenner seg særleg knytte til sine eigne former for kultur.

Dei kulturelle ulikskapane som opplagt finst, følgjer andre skiljelinjer enn dei geografiske. I Noreg som i dei fleste andre land, vil ein finne motstridande interesser i kulturlivet. Dei kulturelle skikt som dermed oppstår, har nær samanheng med dei sosiale klassane i samfunnet.

### **Den borgarlege kulturen.**

Fordi kulturen folk skaper er avhengig av om dei har økonomisk og politisk makt eller ikkje, finn ein to heilt ulike kulturar i Noreg. Dei skal her kallast den borgarlege kulturen og den folkelege kulturen. Fordi borgarskapet, dei som eig produksjonsmidla, er den rådande klassen, har deira kultur og eit overtak over kulturen til folket.

Den borgarlege kulturen tar to hovudformer. Den eine forma er særskild eksklusiv og vedkjem til dagleg bare eit lite mindretal av storfolk og intellektuelle. Denne kulturforma dominerer ved teatera, i litteraturen, målarkunsten, operaen og musikken. Jamvel om denne kulturen blir marknadsført gjennom massemedia og utdanningsinstitusjonane og blir spreidd gjennom den kulturelle distriktutbygginga til staten, er ikkje denne kulturforma i vøkster eller utvikling. Det er mest snakk om ei spreiding og drovtygging på verk og former som voks fram i den tida da borgarskapet var ein klasse i framgang. Men innanfor rammene av denne kulturen kan det dukke opp kulturarbeidarar og mottakargrupper som skil seg ut frå fleirtalet. Dei kan opptre i open protest mot det som samfunnet står for, men ennå er systemet så romsleg at dei ikkje blir utestengde frå forlag, teater og kunstutstillingar.



Det finst også ein borgarleg kultur med ei heilt anna gjennomslagskraft, som her skal kallast den borgarlege massekulturen. Denne kulturen kan karakteriserast ved at han blir produsert på reint profittbasis, og at utanlandske og innanlandske kulturkverner slåst om marknaden for han. Hit reknar vi hovudtyngda av vekeblada, av film og plateproduksjonen, kan hende også slike ting som klesmotar og andre sosiale regelverk og vanar.

Desse to formene for borgarleg kultur representerer hovudtyngda av den kulturelle verksemda her i landet i dag. Vi skal ikkje ta opp nokon diskusjon om kultur og ukultur, men slå fast at dette er den rådande kulturen i Noreg, vår nasjonale kultur, fordi det er bare dette som er så utbreidd og systematisert at dei utgjør einskaplege livsformer. Rett nok trengst det andre pyntefjør i hatten når ein presentere norsk kultur utover. Desse fjøra kan ein til dømes hente frå den norske bygdekulturen, som blir omtala i ein særskilt artikkel lenger ute. Utanom det borgarlege kulturherredømmet finst det nemleg tillop til og brotstykke av andre kulturformer. Desse er anten restar av kulturformer som er i ferd med å gå i oppløysing, eller spirer til den kulturen som skal komme. Desse utanforliggende kulturformene kan få reserveplass innanfor det borgarlege kultursystemet, som dei er framande for, så lenge dei tener til å gi borgarkulturen eit skin av å vera altomfemnande, allmenn, sams eige for heile folket. Dei kjem i radioen og på musea som folkloreprogram, som felespel frå bygdene og skillingviser frå arbeidsfolks liv i eldre tid.

Kvifor kallar vi så elitekulturen og massekulturen for ein borgarleg kultur? Dersom ein reknar dei som lever av andres arbeid i samfunnet for borgarar, er det heilt klårt at denne kulturen rekk lenger enn til dei. For å svare på dette spørsmålet, må ein sjå på to ting: For det første kven som kontrollerer den kulturen som blir skapt, for det andre kva som er føremålet med kulturspreiinga, den kulturelle distriktsutbygginga, med kulturformidlinga gjennom massemedia, slik som den går føre seg i dag.

### **Kultur og kapitalinteresser.**

Bak massekulturen står dei same penge- og maktinteressene som bak alle andre former for produksjon i samfunnet. Går ein eigarinteressene etter i saumane, vil ein finne at trådane møtest på relativt få hender, hos dei som i hovudsak sit med kontrollen over storindustrien, bankane og skipsfarten. Gjennom annonser og meir innvikla former for økonomisk samarbeid held eigarklassen sitt eige massekulturapparat ved lag.

Utbreiinga av elitekulturen er det staten som regulerer, fordi den-

ne blir definert som direkte samfunnsgagnleg, kulturberande, folkeopplysande, som det beste i vår nasjonale kultur. Det er viktig å legge merke til at den statlege kulturutbygginga nå går hand i hand med den økonomiske reguleringa av samfunnet, og som skal gi samfunnet sin utsjånad som høver innanfor EF, som høver til måtane storkapitalen vil plassera pengane sine på. For det er kapitalen som kontrollerer staten også, gjennom eit lovverk og eit byråkrati som tener deira interesser. Statsmakta tilslyr korleis den røynelege samanhengen mellom elitekulturen og pengemakta er. Dette siste ser ein best når ein går til det andre punktet eg nemnde: Kva er foremålet med kulturspreiinga? Og for å sjå dette må vi til innhaldet i den borgarlege kulturen: Kva for samfunnssyn og menneskesyn er han uttrykk for?

Tilsynelatande kan spranget vere stort frå ei vekebladsnovelle til ei utstilling av målarstykke i Nationalgalleriet. Dei som held seg til det siste, liker gjerne å sjå med forakt på dei som har hugnad av det første. Men sett frå ein politisk synsstand vil samanhengane komme klårt fram:

Den borgarlege kulturen er eit uttrykk for korleis borgarskapet forstår seg sjølv som klasse. Kunsten er ei formidling av dei objektive samfunnstilhøva i den tida han oppstår. Men han er også ei attgiving av korleis ein viss klasse har forstått samfunnstilhøva, korleis denne klassen har grunnlagt sitt eige økonomiske herredømme og kvifor ei anna samfunnskiping for dei ikkje er mogleg. Denne innverknaden på kunsten frå dei rådande oppfatningane i tida er det vi kallar kunstens ideologiske innhald. Ordet ideologi er samnemnaren for dei rettslege moralske, politiske oppfatningane som rår i eit visst samfunn. Det er forklaringar som rettferdiggjer dei samfunnstilhøva som er, som gir dei ut for å vere uforanderlege, og rettar søkelyset mot mindre vesentlege problem, eller nektar at slike problem finst. Ideologien blir brukt som eit maktmiddel for å halde opposisjonelle grupper i samfunnet nede, og avgrense innverknaden deira. Når det kjem til open konflikt mellom ulike samfunnsgrupper, blir oppgåva til ideologien i stor monn overtatt av militære maktmiddel. Men framleis vil den dyktige strategen legge stor vekt på den ideologiske striden. Eit nærliggjande døme er kor stor vekt tyskarane under krigen la på å få nazistisk opplæring i skolen og nazistisk propaganda frå preikestolane.

Den borgarlege kunsten er altså ikkje sjølv ideologi, men kan vere meir eller mindre ideologisk påverka. Fordi denne kunsten i dag bare når ut til relativt snevre grupper, kan makthavarane tillate dette. Men det finst døme på at borgarlege kunstnarar har komme

i hardt ver fordi dei utfordra det ideologiske herredømmet til borgarskapet. Eit døme på dette er oppstyret som Ibsens skodespel i si tid vekte, der han avslørte dobbeltmoralen i dei betre laga i folket.

Dei einskilde verka som er skapte i den borgarlege perioden, kan ha stor kunstnarleg verdi. Men sett i system verkar likevel den borgarlege kulturen ideologisk. Den politiske sida av han er sterkare enn den kunstnarlege. Dei kulturmonstra som er knytte til eliteinstitusjonane, t.d. skjønnlitteraturen og teatera, bygger på falsk forståing av samfunnstilhøva og makttilhøva i samfunnet. Menneskelivet blir ikkje forstått ut frå dei grunnleggande økonomiske lovene, men som lausrivne problem, der den viktigaste av alle førsetnader, kva klasse mennesket hører til, blir halde utanfor.

### Massekultur og ideologi.

Går vi nå til den borgarlege massekulturen, vil vi finne at det meste av han har lite med skaping å gjere. Medan mangt i den borgarlege kunsten kan seiast å vere eit uttrykk for både dei materielle tilhøva og korleis menneska forstår dei, er massekulturen omlag rein ideologi. Massekulturen speglar nok også samfunnet, eit samfunn der einskapen mellom menneske og natur og ekte forhold mellom menneske og menneske langt på veg er gjort umogleg fordi den rådande klassen bruker alle middel til å halde sitt eige herredømme ved lag. Men han tildekkjer årsakene til mishøva og leverer løysingar som for folket er falske og villeiande. Massekulturen bruker former frå den folkelege kulturen, om enn i ei vulgær utgåve, der alt anna enn det måtelege er skore bort. Desse formene blir fylte med det ideologiske innhaldet til borgarkulturen. Massekulturen er prega av at den naturlege einskapen mellom form og innhald, og samspelet mellom dei, er oppheva. Og for å få denne bastarden ut til alt folket, har den herskande klassen tatt i bruk heile det teknologiske apparatet som står til rådvelde for massekommunikasjonen i dag. Det er ikkje teknikken, men dei som har herredømmet over han, som har skulda for dette. I seg sjølv er teknikken tvertom på det arbeidande folket si side. Han er med på å bryte ned den eksklusiviteten som pregar mange kunstarter i dag, og vil på lengre sikt truleg endre alle vår omgrep om kva som er kunst og kultur.

Det er altså den kommersielle massekulturen som spelar ideologisk hovudrolle i den borgarlege kulturen. Dette er grunnen at elitekulturen nå lever under stadig trongare kår.

Både teatera og dei større orkestra slit i dag hardt for å greie seg. Men dei fyller ikkje lenger ei ideologisk rolle som borgarska-

pet nødvendigvis treng ta vare på. Massekulturen er som ideologisk reiskap langt meir effektiv.

I Frankrike og Tyskland og andre EF-land er denne utviklinga komme lenger enn hos oss. Den tradisjonelle borgarlege kulturen er i ferd med å bli redusert til eit minimum, avdi han for det første ikkje er særleg lønnsam, og for det andre ikkje fyller nokon ideologisk plass. Det er ikkje utenkeleg at denne kulturforma på lengre sikt vil dukke under. Dei største forlaga i Tyskland, som Rowolt, seier nå opent frå om at dei ikkje vil satse på å gi ut såkalla verdfull skjønnlitteratur lenger. Bestseljarane og kasettane vil bli att. I Frankrike er det vanskelegare og vanskelegare til dømes å gi ut lyrikk. Ein debutant eller mindre kjend lyrikar må svare eit depositum på omlag 2000 franc for at boka hans i det heile skal bli prenta. I Amerika er det komme så langt at den borgarlege elitekulturen omlag ikkje finst lenger. På det skjønnlitterære området eksisterer omlag bare det som blir til i ulike former for submiljø, knytt til mindre forlagstiltak. Det same ser ut til å skje i Vest-Europa også.

I denne situasjonen er det ikkje så vanskeleg å forstå at borgarlege kulturprofetar heller snakkar om den «vestlege kulturarven» enn den «vestlege kulturen». Dei kulturformene som voks fram med opplysningstida og utvikla seg den tida borgarskapet var ein klasse i oppgang ser vi kan hende byrjinga til slutten på. Dette er fordi det objektive grunnlaget for borgarskapets klasseherredømme er i ferd med å bli borte. Men grunnen er også den vi alt har vore inne på: I massekulturens tidsalder utgjør ikkje dei tradisjonelle kulturartene noko viktig ideologisk potensial, og makt-havarane si interesse for dei døyrt ut.

### **Norsk kultur og EF.**

Kulturarbeidarane i Noreg er sett under eitt i ein betre situasjon enn kollegaene i dei fleste andre land i Vest-Europa. Fordi den norske kapitalen aleine er forholdsvis veik, har det vore lettare for dei å kjempe gjennom faglege krav. Medlemskap i EF vil gjere posisjonen deira veikare. Det er ikkje sagt at lovreglane i Fellesmarknaden utan vidare kan brukast til å få bort dei stønadsordningane som finst. På lengre sikt vil det likevel bli vanskeleg å halde dei oppe. Utanlandske selskap vil kunne gjere bruk av dei offentlege løyvingane både til produksjon og omsetning av kultur. Det kulturelle distrikts-utbyggingsapparatet kan bli ein god kanal for utanlandsk kapitalkultur. På den andre sida vil staten legge ned stønadstiltak som ikkje har verdi i denne samanhengen. Ein representant for departementet har sagt at stønaden til norsk film

slik den nå er ikkje kan haldast oppe ved EF-medlemskap. Når dei gigantiske utanlandske forlaga for alvor tar til å interessere seg for den norske marknaden, vil dei norske forlaga komme i fare. Det kan komme så langt at bare eit par norske forlag vil greie seg når ei tid er gått. Gyldendal Norsk Forlag har tatt konsekvensen av dette og gått inn i eit samnordisk kasettiltak som vil prøve å ta opp konkurransen med dei kontinentale produsentane. Kva konsekvensar dette vil få for norsk skjønnlitteratur, kan alle tenke seg. Truleg representerer Den norske Bokklubben typen på den omsetningsforma som kan tenkast i det sameinte Europa. Likeins er det grunn til å rekne med at det ei tid framover kan svare seg å gi ut bestseljarar i norsk språkdrakt. Cappelen ser ut til å vere best førebudd for denne oppgåva. Det er eit teikn i tida at også norske forlag nå er i ferd med å kaste kulturmaska, eller børs-katedralansiktet, overbord. Forlaga engasjerer ikkje lenger åndshovdingar, men folk frå storindustrien til å marknadsføre sine produkt. Det er likevel tvilsamt om det er nok på lengre sikt. Ein kan rekne med at utanlandske forlag vil prøve å presse dei norske ut, i første omgang kan dei tilmed tenkast å omsetja produkta sine, til grunnen er budd på fellesspråkleg såd.

Trass i planar om regionale sentra både for målarkunst og dramatik, ser ikkje arbeidsmarknaden lys ut for norske kulturarbeidarar på desse områda. I dei større europeiske landa eksisterer filleproletariat av kulturarbeidarar, folk som går i år etter år utan å få engasjement. Teateret treng sin mann kveld etter kveld, filmen er laga ein gong for alle. Filmen, TV-produksjonen og kassetten løner seg for kapitalen, og den har hand om alt saman. Forfallet i produksjonen ved dei norske teatera, tendensen mot fleire og fleire musikkspel og underhaldningsprogram er bare er byrjing på det som kan komme. Verken kulturarbeidarane eller folket er tente med ei slik utvikling. Grunnlaget for ein norsk produksjon er i ferd med å bli rive bort. Som i dei fleste andre tilfella er dette meir enn noko anna eit åtak på det norske språket. Det skal eg komme tilbake til i slutten av artikkelen.

Norske vekeblad, norsk film og TV-produksjon, norske aviser og norsk faglitteratur og populærlitteratur vil møte ein enda sterkare konkurranse enn nå. Utanlandske stormagasinet er på full fart inn på marknaden. Ein mindre og mindre del av det som alt finst på norsk er produsert her i landet. Readers Digest har nære skyldfolk som vil gi produkta sine norsk språkform i innkjøringsfasen, etter kvart vil profittgrunnlaget for slik tilpassing falle bort. Vekebladsforlaga i Noreg er fullt klar over kva veg det ber. Størst sjanse har dei som sikrar kapital og teknisk hjelp gjennom samarbeid

med andre produksjonsgreiner, dei som slår tølene saman til monopol med eller utan kontinentale pengeinteresser i bakhanda. Spreiinga av massekulturen innanfor EF går over på færre og færre hender. I fleire utviklingsland har eurpoeiske kjempeforlag alt monopol på all spreing av litteratur. Omlag på same tid som England fekk forhandlingsfoten inn i Fellesskapet gjekk det engelske forlaget Longman saman med det franske Armand Colin og det tyske Langenscheidt for å produsere skolebøker for den afrikanske marknaden. Når norsk undervisning blir «harmonisert» med resten av Europa, vil dei ha marknad også her. Det er vel grunn til at staten vil vere like interessert i å halde oppe ei norsk skolebokproduksjon som han nå er til å stø nynorske bøker. Vest-europeisk monopolkapital vil såleis få kontroll med det ideologiske innhaldet i alt undervisningsmateriell og gjennom massekulturen avgjere kva vi skal fylle fritida vår med. Det er dette ein kallar kulturimperialisme, og det skal legges grunnen for ei sterkare utbytting av arbeidsfolk på det økonomiske området.

#### **Den folkelege kulturen.**

Folkekulturen står i motsetnad til denne monopolkulturen. I dei ligg spiren til kampen som folket må føre for sine eigne levevilkår, både på det økonomiske og politiske område. Dei folkelege kulturformene er uttrykk for samkjensle mellom dei som soknar til dei, ei samkjensle som spring ut av sams kår, sams lagnad og sams forhåpningar om noko anna enn kapitalens undertrykking og utbytting. Den norske folkekulturen er ikkje sterk, er ikkje utvikla, har få og ingen institusjonar, få og ingen tilskott frå staten, er ikkje noko anna enn glimt, pustehol som flodbølgjene frå massekulturen ikkje når inn i. Folkekulturen er ti menneske samla om ein gitar, ei god historie som går frå mann til mann, eit Mardøla-protestmøte, sirkus på Grønlands torg, juletreffest på bedehuset heime. Og han har ein og annan finger i dei fleste smetthol i borgarkulturens stormaska garn, i bortgøymd avisartiklar og mellom linene i obskure tidsskrift, overalt det folk finst som stiller seg på folket si side.

Folkets kultur er amatørmessig og profesjonell, og handlar om både den ytre og den indre roydommen, om ver og vind, om kjærleik og avstand, om storindustriens tilskitning av luft, jord og vatn, og om grønt gras. Vi må vere på vakt mot avvik i retning av å avgrense folkekulturens område til arkaiske og dillettantiske kulturformer. Pianoet og teaterscenen er ikkje ufolkelege eller folkefiendtlige i seg sjølv. Og det er ikkje meir folkekultur når ein

lærer i Stangvik skriv dikt i André Bjerke-stil enn når André Bjerke sjølv gjer det.

Det finst ein folkeleg kultur, men han finst som åtskilde element, og bare den politiske fellesskapen bind han saman. Han blir sterkare gjennom den politiske mobiliseringa som går føre seg i Noreg i dag, som fører fram til den dagen da folket krev sin rett, på det økonomiske området og det kulturelle området, ved at dei krev makta i samfunnet.

Den folkelege kulturfronten mot EF.

Den folkelege kulturen må gjerast til ein reiskap i kampen mot EF. Denne sida av kampen er svært lite utvikla ennå, og situasjonen krev at vi tar opp arbeidet for å styrke ho. Konkret vil det seie at vi tar songen, diktinga, teateret og dei andre artene kjem i bruk, i folket si teneste. Fordi hovudtyngda av all norsk kultur er truga, og fordi dette på lengre sikt kan føre til at dei tar språket frå oss, må vi samle oss i brei front til vern om dei, til ein forsvarskamp som kan føre større delar av institusjonane og organisasjonane over på vår side. Vi har ingen nasjonal kultur å forsvare, for den nasjonale kulturen er dominert av borgarskapet, av dei som vil ha oss med i EF. Men vi må stå vern om det folket har tilkjempa seg av rett til å overleve kulturelt sett i det norske samfunnet, og dette kan vi bare gjere ved å kjempe for det norske kulturapparatet. Vi kjemper for folkets kultur i den nasjonale kulturen.

Fører dette til allianse med motparten? Til borgarleg nasjonalisme i staden for motstand på folkeleg grunn? Ikkje dersom grunnlaget for den sams fronten er klårt. Eit døme: Det norske Teatret er i dag eit borgarleg teater. Det treng ikkje alltid bli slik. Kampen innanfor fronten må gå saman med kampen mot hovudmotstandaren, kapitalen i EF og den vest-tyske imperialismen.

For norsk språk og norsk folkeleg kultur er dette ein avgjerande kamp. Når pengemakta vil gjere norske forlag, norsk vekepresse og norske aviser til sine reiskap, må vi svare med å kjempe oss rom for folkekulturen, innanfor og utanfor det borgarlege kulturapparatet. Det er ikkje noko framsteg for folket om Det Norske Samlaget taper kampen mot Springer. Ataket på nasjonale institusjonar er eit åtak på språket vårt, og ikkje minst på yringsfridommen som blir borte den dagen utanlandsk storkapital kontrollerer alle norske meiningar og all norsk kunst. Men ei slik overtaking er eit aktuelt mål for kapitalen. Jan Myrdal syner dette med eit døme frå Sverige: Gjennom det svensk-amerikanske kultursamarbeidet tilbyr amerikanske forlagskonsern seg nå å ta over

all utgiving av samfunnsvitskapleg litteratur i Sverige. Litteraturen skal eventuelt bli gitt ut på engelsk. Ei slik utvikling vil isolere både all progressiv forskning og isolere folket frå den forskinga som har stilt seg på deira side, men aldri kjem ut. Framom alt blir derfor eit standpunkt for nasjonalspråket eit standpunkt for folket. Vi avviser den utanlandske kapitalens kontroll over norske kultur-institusjonar, vi avviser norsk medlemskap i Fellesmarknaden.

## **NORSK BYGDEKULTUR OG EF.**

Av Olav Randen.

Med bygdekultur meiner eg bygdefolks idear, kunst, organisasjonar og institusjonar. Desse tinga eksisterer ikkje lausrivi frå dei økonomiske tilhøva i samfunnet, men tvert om i intimt samspel med desse. I dette samspillet er det dei økonomiske tilhøva som er avgjerande. Når vi skal røkje etter kva norsk EF-medlemskap vil få å seia for bygdekulturen, må vi difor først sjå på korleis EF vil endre levekåra for bygdefolk. Det er drøfta i andre kapittel i studieboka vår — eg skal berre ta opp att nokre hovuddrag.

### **EF trugar arbeidsplassane i bygdene.**

EF's fire fridomar — fri kapitalrørsle, fri arbeidsmarknad, etableringsfridom og fri varehandel mellom landa — er fridomer for kapitaleigarane og ikkje for det arbeidande folket. Til dømes virkar ikkje den frie arbeidsmarknaden slik ein av brosjyrane frå Utanriksdepartementet tek til: «Enhver borger i ett av de seks landene som i dag utgjør Det europeiske fellesskap kan fritt ta seg arbeid i de andre fem landene.» Dei 700 000 italienarane som er underbetalte framandarbeidarar eller går arbeidslause i andre EF-land, ser det neppe på den måten. For dei er fri arbeidsmarknad ingen fridom, derimot er det ein fridom for EF-kapitalistane til å kjøpe arbeidskrafta der ho er rimelegast og nytte ho der ho gjev dei — kapitalistane — størst profitt.

Denne profitten får dei ikkje i småbedrifter i bygdene, men i store, gjennomrasjonaliserte verksemdar som jamnast blir plasserte i storbyane. Målet med den såkalla regionpolitikken i EF er ikkje å halde oppe busetnaden og bygdenæringane, det er å flytte folk mellom regionane og innafor regionane slik at kvar region får ein struktur som er tilmåta storindustriens krav. I rapport VI frå Marknadsutvalet blir det sagt slik: «Mens det tidligere ble lagt vekt på farene ved konsentrasjonstendensene, understreker Kom-



misjonen nå at en slik utvikling som hovedregel er nødvendig og ønskelig og at Kommisjonen ser det som sin oppgave å rydde av veien mulige hindringer ...» I Frankrike er det 8 slike regionar bygt opp omkring storbyar. Kvar region har 4-5 millionar innbyggjarar, og er såleis større enn Noreg i folketal.

Ei slik utvikling for Noreg vil føre til at mange av dei mindre bedriftene lyt bukke under, og det er desse som saman med jordbruk og fiske held oppe busetnaden i bygde-Noreg. Såleis driv heile 75 % av dei som er sysselsette i industrien, produksjon for heime-marknaden.

Norske bønder vil miste over halve arbeidsinntekta si dersom bruksmåtar og prisar blir verande uendra. Ved ei tilpassing av jordbruket til EF-strukturen vil nedgangen i lønsnivå bli noko mindre, men likevel mellom 20 og 40 %. I og med at dei fleste bøndene alt no lever nær eit eksistensminimum, vil denne inntektsnedgangen føre til at kanskje 90—95 % av bruka må leggjast ned.

Utanlandske fiskemonopol vil rive næringsgrunnlaget vekk for store delar av kystfolket. Alle restriksjonar på trålfiske og fabrikkfiske skal med tida bort, og foredlingsindustrien, som er ein viktig arbeidsplass for kystfolket, vil bli underlagt dei same prinsippa som annan industri. Småbåtfiskarane er avhengige av stutt leveringsveg til foredlingsverksemda. Storfabrikkar som Findus i Hammerfest gagnar trålarane og går ut over småbåtfiskarane, og det er nett-opp fabrikkar av Findus-typen vil vil få i EF.

Alle dei tre hovudnæringane i bygdene — jordbruket, kystfisket og heimeindustrien — vil såleis bli hardt råka om Noreg blir EF-medlem. Særleg vil yrkeskombinasjonane jordbruk/fiske og jordbruk/industri bli ille ute. Bygder som har grunnlaget sitt i ei storbedrift, som Årdal og Sauda, vil kanskje greie seg like godt i som utanfor EF. Men i godt som alle mindre bygder vil næringsgrunnlaget rivast vekk og avfolkinga skyte ny fart.

### **EF øydelegg bygdekulturen.**

På eine sida står pengemakta, som vil ha oss inn i EF, og på hi sida står folket — bygdefolk og byfolk saman — som eit EF-medlemskap går ut over. Det er ikkje berre i spørsmålet om EF vi har dette skiljet: vi har her den viktigaste kloyvingslina i samfunnet, som møter oss i alle samanhengar. Når vi skal studere kulturen, må vi også akte oss så vi ikkje ser berre den dominerande sida og definerer kultur ut frå det som herskarklassen vil kalle kultur. Vi må ikkje tenkje slik at i og med at det finst lite teater og lite litteratur og i det heile ikkje opera i bygdene, så har bygdekulturen døydd bort.

La oss heller sjå på nokre element i bygdefolks kultur slik denne kulturen finst i dag. Bygdekultur er — sjølv sagt — felemusikk og rosemåling, folkedans og bunader. Men bygdekulturen er mykje meir enn det:

I mange bygder finst framleis eit visst, om enn svært avgrensa, lokalt sjølvstyre. I kommunestyra sit ikkje berre partipampar, men stundom folkevalde som verkeleg prøver å representere folket. Eit døme: Minst tre kommunestyre har slutta seg samroystes til aksjonen for nynorske lærebøker i vidaregåande skolar, som er ein ulovleg, men rettkomen aksjon. Den harde kampen folk kringom i landet har ført mot kommunesamanslåingar og krinssamanslåingar, er eit teikn på at dei restane av kommunalt og lokalt sjølvstyre som enno finst, er viktige å forsvare når dei er truga.

Heimstadjensla og tradisjonsbanda har mykje å seia for mange bygdefolk. Det ser ein til dømes av det veldige arbeidet mange har lagt ned i slektsstudiar og lokalhistoriegransking. Vi har bibliotekvegger av bygdesoger her i landet, og brorparten av dei er framifrå arbeid. Dei fleste er ikkje skrivne av sprenglærde faghistorikarar, men av amatørforfargar i bygdene. Dei mange bygdemusea fortel oss også ein del om kor viktig heimstadjensle og tradisjonsband er for mange.

Andre element i bygdekulturen lyt eg nøye meg med å nemne med stikkord: Lokalavisene, grendeskolane, foreningslivet, matlaginga (til dømes lefsebakst), arbeidssongar og barnerim, vitsar og ord-tøkje, gåter, segner og eventyr, norske og samiske dialektar, nynorsk og samisk skriftspråk. Alt dette og mykje meir er bygdekultur.

Eit serkjeppen ved det meste av bygdekulturen er at han er anonym, usignert. Han er ikkje ei vare som blir selt og kjøpt, han er heile folkets eigedom. Rettnok leitar etnologar og folkloristar med lys og lykt etter opphavsmenn i staden for å sjå på desse tinga som noko som har vakse fram gjennom ein bestemt samfunnstype og ei bestemt vereform. Men dei slit jamnast tungt i arbeidet med å leite fram desse, av di bygdefolk flest ikkje interesserer seg synderleg for kven som har måla ei kiste, komponert ein slått eller skapt ei god historie. Det skapte er alles eigedom. Det at bygdefolks kultur er anonym, har han sams med arbeidsfolks kultur i byane, men det skil han frå borgarskapets finkultur, der nettopp opphavsmannen, enkeltpersonen som liksom skal ha skapt kulturverket uavhengig av det samfunnet han lever i, blir framstilt som vesentleg.

Dette fører oss over i eit anna skilje mellom borgarskapets rå-dande kultur og folkekulturen. Borgaren syng ikkje songar om livet

i sjefsstolen, livet som profittmaksimerar og utsugar av folket. Slike songar ynskjer han at ingen skal syngje, av di sann viten om korleis samfunnet virkar vil kunne gå ut over utsugarane og gagne dei utsogne på den måten at kunnskapen set oss i stand til å endre samfunnet. Difor lever borgaren — dersom han har kulturelle interesser (av ulike grunner, som eg ikkje skal ta opp til drøfting her, har stadig færre borgarar kulturelle interesser) — eitt liv i den materielle verda og eit anna i åndsverda, og han ynskjer at andre skal gjera det same. Difor handlar hans teater og opera om «allmennmenneskelege problem», og ein går dit fordi ein skal få «kulturopplevingar». Sjølv om også denne kulturen meir eller mindre speglar av dei røynlige tilhøva i samfunnet, blir han på mange vis abstrakt, røyndomsfjern og falsk av di banda mellom kulturen og dei økonomiske tilhøva i samfunnet ikkje blir knytt, av di slike «kulturopplevingar» er prøvd heva over kvar dagen og arbeidslivet og såleis fjerna frå den konkrete livssituasjonen til folk, og av di det ikkje er «allmennmenneskelege problem» som er viktige, men konkrete problem, som EF, klasseproblema, borgarskapets dominans og nedkuinga av folket. I tillegg til denne meir metafysiske kulturen dyrkar borgarskapet kultur som vare, som objekt for profitable pengeplasseringsar — frå målarstykke av Picasso og Weidemann via vekeblad og snufsemusikk til bunadkledd og felespelande turistlokkemat. Det viktige ved bygdefolks kultur derimot er ting som gjennomsyrrar kvardagsstrevet og som såleis ikkje er prøvd skilt frå det jordiske livet, men tvert om er ein del av heile tilveret. Også når det gjeld dette er bygdekulturen av same slag som annan folkekultur.

Eit kjenneteikn ved delar av bygdekulturen er at han er knytt til eit bestemt lokalsamfunn og kan vanskeleg leva andre stader. Det gjeld til dømes dialektane, ei mengd segner og soger, skikkar og omgangsformer. Bygdekulturen er stadbunden i større mon enn både den proletære kulturen, borgarskapets finkultur og den kommersielle massekulturen.

Dei fleste viktige elementa i bygdekulturen, så som barnerim, historieforteljing, litterær kvardagsskiltring og folkelege viser blir ikkje på nokon måte gjeve skikkelege vekstkråv av borgarskapet og staten, men tvert om prøvd nedkua på same vis som folket blir nedkua økonomisk. Døme frå ulike tidspunkt: Nokre av dei eventyra Asbjørnsen og Moe samla inn, har aldri vorte gjevne ut av di dei er for folkelege. Endåtil dei kjente historiene under tittelen Plankekjørere var vanskelege å melte for borgarskapet, med di dei gjev innsyn i den tids klassemotsetnader. Tidsskriftet Profil fekk ros av borgarpressa og stønad frå staten så lenge det var litte

rært og røyndomsfernt. Så vart Profil meir folkeleg og farleg, og stonaden vart inndregen.

Spørsmålet om kva lagnad bygdekulturen går i møte dersom vi kjem med i EF, avheng på to måtar av korleis det går med bygdesamfunna og levekåra for bygdefolket dersom vi kjem med i monopolas fellesskap. For det eine fører nye tyngsler herskarklassen legg på folket, også til hardare kulturell nedking. Om derimot folket lykkast i å velte av seg tyngslene og tryggje levekåra, vil det kunne gje grunnlag for ny trivnad, større fridom og kulturell vekst. For det andre er som nemnt mykje av bygdekulturen stad-bunden og vil vanskeleg kunne leva andre stader enn i det bygdesamfunnet han eigentleg er knytt til. Vågå-målføret vil knapt bli eit langt liv laga dersom vagværene lyt flytte til Ruhr-området, Paris og London for å få seg arbeid.

Som nemnt går vi to typar bygdesamfunn i møte dersom vi kjem med i EF — samfunn som Årdal og Husnes, der ei bedrift utgjer eksistensgrunnlaget, og fråflyttingssamfunnet, der eksistensgrunnlaget har vorte rivi vekk. Ingen av desse vil gje grobotn for kulturell utfalding. La oss først sjå på samfunn av typen Årdal og Husnes:

Eit sitat av AOF-sekretær Gjerløw Midtbø fortel ikkje så lite om forholda på Husnes: «Bedriften Sør-Al begynte å etablere seg på Husnes i 1963. Da bedriften november 1965 starta ordinær drift, var planlegginga av permanente boliger for de ansatte ennå på tegnebrettet, og folkene måtte for det meste bo i brakkebyen. Stedet manglet praktisk talt alt det mennesker i dag krever av sitt miljø for å trives: skoler, forsamlingshus, idrettsanlegg, organisasjonsliv, veier og kommunikasjoner, helsetjeneste. Så sent som til 1969 var det fra statlig hold ikke investert noe som helst for å løse de oppgaver som naturlig tilligger staten. Kommunen manglet en teknisk etat som kunne ta fatt på den kommunale planlegging.» Rett nok er forholda noko meir menneskelege til dømes i Årdal. Det er likevel rett å seia at dei fleste bygdesamfunna av dette slaget manglar mykje av det som krevst for menneskeleg kontakt og tryggleik (skolar, idrettsanlegg, forsamlingshus, skikkelege bu-miljø o.l.). Dei har usikre arbeidsplassar, stor gjennomtrekk, hardt skiftarbeid for arbeidstakarane, mykje arbeidsulykker og sjukdom på grunn av arbeidet og store sosiale problem. Det seier seg sjølv at under slike menneskefiendtlige levekår er det lite tenkjeleg at ein rik bygdekultur skal kunne vekse fram.

Vi har mange fråflyttingssamfunn i Noreg i dag, og kan difor seia litt om kva grunnlag dei gjev for kulturell utfalding. Dei unge flytter ut. Særleg flytter evnerik ungdom, av di dei meir enn an-

dre får brukande tilbod andre stader. Når folketalet kryp nedover, mister bygda slike gode som post, skole, rutebil og landhandel, og det fører på nytt lag til at avfolkinga skyt fart. Utarminga av bygda er på denne måten ein sjølvforsterkande prosess.

Menneske utfaldar seg i sosialt samkvem med andre, men eit disharmonisk samfunn med skeiv alders- og kjønnsfordeling, der dei mest dugande folka er tappa ut, eit samfunn som har vorte for spreidd busett til at god kontakt kan haldast mellom dei som bur der, eit samfunn kanskje utan skule og landhandel og skikkeleg postlevering, eit samfunn på veg mot grava, vil ikkje gje høve til kulturell utfalding i eit godt sosialt miljø.

Begge dei typane bygdesamfunn vi kan vente å få innafor EF, vil såleis føre til sterkare utarming av bygdene og bygdekulturen.

Men ein del av bygdekulturen har langt på veg vorte akseptert av borgarskapet. Ein kan kalle han museumskulturen, med felespel, folkedans, rosemåla bollar og utkanteksotiske dialektar. Denne delen av bygdekulturen har heller aldri fått skikkelege vekstkår, for det er uråd utan ei økonomisk frigjerung av dei gruppene han primært høyrer til, men han har fått bygdelagssida i Aftenposten, folkemusikkhalvtimen i radioen, folkloreprogram i fjernsynet o.l. Ein kan illustrere dette med språket. Eg er frå ei utkantbygd. Folk frå borgarskapet i Oslo har fortalt meg at eg pratar vakkert og ekte norsk mål når eg nyttar dialekten min. Men ein arbeidar på Vålerenga eller Kampen, som også nyttar sin naturlege dialekt, får aldri høyre det same. Hans talemål er berre vulgært og stygt i borgarskapets øyre.

Korleis har det seg at ein del av bygdekulturen blir godteken av herskarklassen? Som eg har prøvt å få fram, heng kulturen og den økonomiske grunnvullen i eit samfunn saman, og grunnvullen er hovudsida i dette samspelet. La oss difor sjå på denne:

Mellomlaga eller småborgarskapet, det vil seia bønder, fiskarar, småhandlarar, handverkarar, intellektuelle osfr. står i ei vaklande stilling klassemessig. Dei står ikkje i beinveges motsetnad til den eine eller den andre av dei to hovudklassane, som er kapitaleigarane og arbeidarklassen. Om til dømes bøndene går til mjølkestreik, så vil streiken i første omgang råke både kapitaleigar og arbeidar. Men i likskap med arbeidarane lever bøndene og fiskarane av sitt eige arbeid og ikkje av andres arbeid slik kapitalistane gjer det, og liksom arbeidarane får ikkje bønder og fiskarar flest sin rettkomne del av det som blir produsert i samfunnet. Difor har dei også i røynda felles interesser med arbeidarane i å skape eit samfunn der folket og ikkje pengemakta rår, og difor er herskarklassen livredd at mellomlaga skal skjone dette, gå saman med ar-

beidarane og ta opp kampen mot uretten. For å hindre at det skjer, prøver borgarskapet blant anna å dra ei klår skiljeline mellom delar av småborgarskapet og arbeidarklassen. Samstundes med at klassen prøver å støyte ned og vanvørde dei reint proletære elementa i småborgarskapets kultur på same vis som klassen prøver å støyte ned og vanvørde den proletære kulturen, godtek hersarklassen og held til dels oppe element av bygdekulturen som kan vera med og dra dette for dei viktige skiljet. Det dei godtek, er den delen av bygdekulturen som minst er knytt til kvardagen og arbeidslivet åt bygdefolket, og som såleis ligg nærast den idealistiske finkulturen. Dei aksepterer dialekten min, folkedans i bunad og felespel og bygdeungdomslaga i Oslo så lenge mellomlaga står for ein potensiell fare som dei ynskjer at ikkje skal bli reell. Men denne godtakinga av ein del av mellomlagskulturen — for både dialekten min, folkedans i bunad og felespel høyrer i hovudsak til mellomlagskulturen — er avhengig av at mellomlaga er ei etter måten sterk gruppe som kan representere eit røyntleg trugsmål mot borgarskapet. Når mellomlaga blir reduserte så mykje at borgarskapet ikkje lenger ser på dei som eit viktig trugsmål, så vil borgarskapet og staten heller ikkje lenger ha nokon interesse av å stø den delen av mellomlagskulturen som dei før har sett med ei viss velvilje på. Unntaket er om denne kulturen kan seljast liksom andre varer.

Statsbudsjettet for 1972 er eit budsjett som tek sikte på å tilpasse produksjonsforholda i Noreg til produksjonsforholda i EF, slik at innmeldinga skal gå lettare og samveksingstida bli stuttare. I dette budsjettet ser ein også kva lei utviklinga går når det gjeld mellomlaga og bygdekulturen, og at vi alt ligg nær den nedre grensa for akseptering av delar av bygdekulturen.

Medan budsjettet samla viser ein auke på 14,6%, aukar løyvingane til landbruket berre med 6,7 %, og løyvingane til fisket går ned med heile 18,4 %. Kyrkje- og undervisningsdepartementets budsjett viser det same trøysteslause biletet. Løyvingane til kulturformål flest ligg langt under det som trengst berre for å føre vidare dei tiltaka som er sett i gang. Når det gjeld dei delane av kulturen som har tilknytning til bygdetilhøve og mellomlaga, er dette gapet særleg stort. Nokre døme: Riksantikvaren har fått innvilga ein av dei 10 millionane det vart søkt om. Rikskonsertane har fått ein så liten sum at det i følgje direktøren der er å grava grunnen vekk under institusjonen. Hålogaland teater fekk ei løyving på 400 000 kroner i 1. halvår i år, for heile neste år vil det få 600 000 kroner. Museumsfolk vil måtte drive tivoli og bingo for å få pengane til å nå til. Dagbladet kommenterer løyvingane til bygdemusea slik:

«Denne gruppe museer er lokalisert over hele landet og representerer en stor kulturkapital som med en effektiv støtte kunne drive med aktivt kulturarbeid på et desentralisert plan. I dag er imidlertid situasjonen den at man ikke har midler til tilsyn og vedlikehold av samlingene. Museene har ingen muligheter til å gi undervisningstilbud for skoleelever og andre publikumsgrupper. De har store problemer med å gjennomføre registreringsoppgaver både i museene og distriktene, og uten registrering vil ting og forhold bli borte for alltid. Man mangler ressurser til å drive aktiv kulturpolitikk. Man har ikke midler til å ansette fagfolk»

Tendensen er klar: Dei delane av bygdekulturen som staten og borgarskapet til no har godteke, er i ferd med å bli underminerte. Vi nærmar oss ei grense i mellomlaga si maktstode, og ei underskriding av denne grensa vil føre til ei kvalitativ forverring av tilhøva for denne delen av mellomlagskulturen på den måten at han vil bli nedstøytt liksom den proletære kulturen. Folkemusikken i radioen og bygdelagssida i Aftenposten vil snart bli borte dersom utviklinga skal gå vidare inn i EF.

Konklusjonen blir at bygdene og bygdekulturen vil gå vesentleg verre kår i møte i EF. Når det gjeld dei delane av bygdekulturen som ikkje blir rekna som kultur i Norge, og det er det viktigaste i bygdekulturen, vil det skje ei gradvis kverking, som blir forsterka etter kvart som utarminga og avfolkinga av bygdene skyt fart. Når det gjeld dei delane av bygdekulturen som i ein viss mon har vorte godtekte som kultur i Norge, vil ei kvalitativ forverring skje på den måten at også desse delane av bygdekulturen vil bli vraka av borgarskapet og staten.

### **Vi kan gjera bygdekulturen til ein mektig reiskap i kampen mot EF!**

Dersom bygdekulturen skal kunne bli ein mektig reiskap i kampen mot EF, må arbeidet først på mange måtar.

Kulturarbeidarar må stille seg i spissen og slåst mot EF med penn og pensel, meisel og fotoapparat.

Fleire folkelege organisasjonar må ta opp kampen, og han må først hardare. Ein del organisasjonar som er knytte til bygdemiljø, har teke standpunkt mot EF. Det gjeld Noregs Mållag, Noregs Student- og Elevmållag, Noregs Ungdomslag og Bygdelags-samskipnaden. Alle EF-motstandarar må arbeide for at dette ikkje blir papirvedtak, men avgjerder som slår ut i aktiv kamp mot EF. Til dømes har ungdomslag og bygdelag rundt om i landet lang røynsle med amatørteater. No bør dei gjera teateret til eit våpen mot EF.

Bygdekulturen må gjennomsyraast av kampen mot EF. Bøndene i EF-landa har siste året skipa dei største bondedemonstrasjonane etter den store franske revolusjonen, med mest 100 000 bønder frå alle EF-landa samla i Bryssel midt i travlaste våronna i vår. På plakataane deira stod: Det er ikkje 5 millionar bønder for mykje i EF, men ein Mansholt for mykje. Og dei ropa: Hitler-Mansholt. Bøndene i EF-landa har også sperra grensa mot Danmark for å syne danske bønder at dei bør slåst mot og ikkje slutte seg til monopola sitt fellesskap. Aviser flest fortel lite om dette, vi må sjølve fortelja folk om det, og vi må ta kampen opp på same måten. Når folk flest har skjont for det eine at EF vil forverre levekåra og med det også kulturen for folket og for det andre av at folket kan hindre at dette skjer, vil også denne forståinga bli forvandla til ei materiell kraft som er sterk nok til å halde oss utanfor EF. Eg har prøvd å syne at folkekulturen er knytt til den økonomiske grunnvollen i samfunnet og er underordna denne. Det vil seia at hardare utsuging av folket medfører skinnare vekstkår for folkekulturen. Men det vil også seia at det å gjera folkekulturen og derunder bygdekulturen til mektige reiskapar i kampen mot EF, ikkje berre vil styrkje kampen mot EF. Det vil også føre til ny bløming og ny vekst for folkekulturen.

#### Studiespørsmål til artiklane om EF og kulturen.

- 1) Artikkelforfattarane hevdar at det er eit nøyte samspel mellom dei økonomiske tilhøva i eit samfunn og kulturen, og at dei økonomiske tilhøva er avgjerande for kva slags kultur det er i eit samfunn. Drøft denne samanhengen.
- 2) Finst det ein spesiell nasjonal kultur her i landet, eller finst det fleire typar kulturar? I motsetnad til Hoem og Randen hevdar Lars Roar Langslet at det finst ein sereigen europeisk kultur, som i minsto har to kjenneteikn: Fornuftsidealet og «en sterk sans for enkeltmenneskets verdighet». Ingen annan kultur har utvikla dette så godt som den europeiske, skriv han. Jamfør dette synet på kulturen med det synet Hoem og Randen gjev uttrykk for. Kven sine interesser tener Langslets kultursyn?
- 3) Drøft tilhøva for a) den borgarlege finkulturen, b) den borgarlege massekulturen og c) folkekulturen utanfor og i EF. Er det rett som Hoem hevdar, at framveksten av den borgarlege massekulturen skjer på kostnad av både finkulturen og folkekulturen?
- 4) Er det norske språket truga av EF-medlemskap?
- 5) Randen hevdar at herskarklassen i samfunnet samstundes som dei støyter ned og vanvörder den reine folkekulturen, har hatt



interesse av å halde oppe ein del av mellomlagskulturen. Grunnen til dette er at herskarane vil hindre at mellomlaga innser at dei har sams interesserer med arbeidarklassen mot herskarane. Men når mellomlaga no stadig minkar i tal og styrke, vil dei heller ikkje lenger verå noko viktig trugsmål mot borgarskapet. Difor vil også borgarskapets interesse av å halde oppe desse delane av mellomlagskulturen snøgt døy bort. Drøft dette.

*Tilleggs litteratur:*

V. I. Lenin: Nasjonal politikk og proletarisk internasjonalisme. Ny Dag 1971. Jan Myrdal: Skriftstalling 3. Stockholm 1971 (især side 114—118). Lars Roar Langslet: Norsk kulturliv og europeisk fellesskap. Europabevegelsen 1971.

*Opplýsnings- og ungdomsorganisasjonen*

**NOREGS UNGDOMSLAG**

har omlag 27 000 medlemmer i nærare 800 einskildlag.

Blant mange andre aktivitetar står kursverksemda høgt.

I 1970 var omlag 35 000 med på ulike kurs innan studie-, teater- og leikarbeidet.

N.U. har sjølv kursplanar for ymse emne, m.a. <ferdig-pakka> studie- og debattopplegg om EEC.

## Kapittel 8.

# Nynorsk, arbeidsfolk og nasjonalt sjølvstende

Av Anders M. Andersen.

Dei fleste born i Noreg har bokmål til opplæringsmål. På skulen lærer då dei fleste at det målet dei talar og som foreldra og kameratane talar er «feil». Skrivning og lesing går føre seg på eit anna språk. Ikkje einast lyt visse ord skantast til så at dei får den ålmenne, godkjende forma. Heile seiemåten, setningsbyggnaden og det grammatiske systemet er annleis, og dertil kjem ei mengd ord og former som altså er «feil». Tenk berre på gjerningsorda. Regelrette verb har i bokmålet ei ending i fortid (-et! hentet) som er heilt ukjend i 99 % av dialektane. Så lærer dei fleste heller ikkje å nytta skriftmålet på skikkeleg vis. Årsaka er ikkje at folk flest er dumme, heller ikkje at dei har for lite utdanning. Ein treng ikkje gå eit halvt liv på skule for å læra å skriva sitt eige mål, men «ta» eit anna mål kan berre folk med særleg givnad for det.

Dermed får folk flest i Noreg ikkje læra sitt eige mål. Svært mange blir usikre. Sitt eige mål kan ein ikkje nytta, og det andre er så nærskyldt at ein lett blandar i hop. Noko av det verste ein kan be mange vituge og gløgge menneske om er å skriva. Målet er teke frå folket, og dermed er folk flest vanhjelpte i mange livshøve. Dette går særleg ut over vanlege arbeidsfolk. Måltilstanden i Noreg er såleis ei undertrykking av det store fleirtalet av folket.

Dette gjer og at vanlege menneske i Noreg har *serlege* vanskar når dei skal tala i forsamlingar eller i kringkastinga. Arbeidsfolk i dei fleste land har vanskar i den situasjonen på grunn av heile den borgarlege og glatte stilen i framferd og veremåte som er knesett i slike høve.

Den greier likevel ein usnobbet og medviten arbeidar lett å koma over, ved å vera seg sjølv. Men det kan ikkje nordmannen i mange slike høve. Han er utan munn og mæle. Dialekten kan han vanskeleg nytta. Då er han redd at mange ikkje skjønar han. Og bok-

målet kan han ikkje. Kor mange har ikkje lagt merke til kor ledug og lett vanlege danske arbeidarar ordlegg seg i radio eller på møte. Har ikkje dei dialektar? Er ikkje der skilje mellom dialekt og skriftmål?

Skilnadene er ikkje heilt små heller. Men normalmålet og dialekten er likevel same målet.

Eit anna døme: Under storstreika i Kiruna vinteren 1969—70 kunne vi høyra arbeidarar som aldri hadde vore utanom Norrland leggja ut i radio og på store møte. Stilen var sermerkt, men målet var normalt svensk riksmål — meir korrekt og mindre slurvut enn det radiofolk i Stockholm til vanleg nyttar — og likevel flytande og naturleg.

Deira eigen dialekt var det ikkje. Trass i litt andre endingar her og der, tala dei noko nær sitt eige mål.

Nordmenn flest har i slike høve eitt av to å gjera. Tala dialekt eller prøva seg på bokmålet. Det *siste* blir i regelen både hakkande og hjelpelaust, så ein gjerne ikkje får fram det ein ville. Så er då og talarstol og mikrofon i store delar av landet berre for profesjonistar og folk med lang utdanning. Vanlege menneske teier. Dei har ikkje noko val. Og vanlege folk har såleis større vanskar med å koma til orde i Noreg enn i dei fleste land vi kjenner.

Visse forfattarar av eliten har meint at dette er slik fordi vi nordmenn er så sereigne og sære i sjelslivet vårt. Det er meir enn tvilsamt. Vi er nok som folk flest. Men målstoda i landet vårt er ikkje som i andre land.

I alle klassesamfunn er det såleis at herskarklassen fører det store ordet. Dei nyttar då slike ord som er tenlege for dei og som dekkjer over den sanninga som kan vera farleg å leggja i dagen. Ord som «bondetamp» og «pøbel» er ikkje laga av folket. Dei kallar arbeidaren «arbeidstakar», endå det er kapitalisten som tek meirverdet av det arbeidaren skapar med sin innsats. Kapitalisten kallar seg «arbeidsgjevar» som om det skulle vera ei gåve å ta fruktene av det arbeidaren lagar.

Gjennom herredømet over aviser, bokutgjeving og kringkasting får herskarklassen banka inn sine omgrep. Dermed tener sjølve målbruken til å teikna verda slik det tener overklassen.

På hi sida har underklassen sin måte å nytta målet på, dei har sine ord, som formar verda i *deira* bilete: «pamp», «snobb», «flåar», «utsugar», «slavedrivar», «kapitalist» osv. Her har dei lågare klasane eit viktig våpen. Såleis er det herredømet over produksjonsmidla som gjev herskarklassen eit overtak når det gjeld målbruken, men sjølve målet har ingen klasse åleine makt over.

I ein nasjon med «normal» målstode, eit sams nasjonalmål, er

målet sams for alle klassar. Vi skal sjå litt nærare på dette tilhøvet.

Produksjonstilhøva utgjer det økonomiske grunnlaget for alle samfunn, sjølve grunnvollen. Over denne grunnvollen reiser herskar-klassen ein overbyggnad av juridisk og politisk organisering som svarar til dette samfunnet sitt medvit om seg sjølv. Overbyggnaden er bunden til grunnvollen, og tener til å halda ved lag dei produksjonstilhøva han er tufta på. Produksjonsforma er såleis grunnlaget for det sosiale, politiske og åndelege livet i kvar tidbolck.

Høyrrer då målet til denne overbyggnaden? Er ikkje målet ein del av åndslivet? Nei, målet høyrrer ikkje til overbyggnaden og er ikkje ein del av åndslivet. Målet høyrrer heller ikkje til den økonomiske strukturen (grunnvollen). Som reiskap for all tankeverksemd er målet derimot eit *vilkår* og ei *hjelperåd* både for produksjonen og åndslivet.

Målet er ikkje blitt til i ein einskild tidbolck, men av heile samfunnsutviklinga. Det er ikkje laga av ein einskild klasse, men av heile samfunnet, av alle samfunnsklassane i eit arbeid gjennom hundretals ættleder.

Samfunnsformer og produksjonstilhøve har løyst seg opp og gått under, nye har vakse fram. I målet går det og føre seg omskifte. Men sjølve målet er ikkje blitt skifta ut kvar gong produksjonstilhøva har skifta og ein ny klasse har teke makta. Ord og uttrykk går av bruk, nye kjem inn, tydingsinnhaldet i ord skifter og, men det grunnleggjande ordtilfanget og den grammatiske oppbyggnaden skifter over lag seint, og står ved lag frå den eine ættleden til den andre, frå gamle samfunnsformer over i nye. Målet er produkt av ei heil rekkje av tidbolckar, der det frå form, utviklar seg, veks og blir avslipt. Såleis lever målet mykje lenger enn nokon grunnvoll eller nokon overbyggnad.

Idear, politikk, lover og resten av overbyggnaden er knytt til produksjonsprosessen på indirekte vis gjennom økonomien, gjennom grunnvollen. Ikkje så med målet, som knyter seg direkte til sjølve produksjonsverksemda liksom til all anna menneskeleg verksemd. Dermed vil målet beinveges spegla av omskifta, og alle klassar og alle grupper verkar inn på målutviklinga. Den økonomiske grunnvollen treng ikkje endrast for at målet skal utvikla seg. Dette er ei årsak til at ordtilfanget stendig skifter og veks. Målet er såleis ein tenar og ein reiskap for alle samfunnsklassar. Utan eit sams mål ville samfunnet brotna ihop. Klassane er ikkje heilt skilde frå einannan. Arbeidar og kapitalist er knytte ihop gjennom økonomien som delar av det kapitalistiske samfunnet. Målet er eit vilkår for produksjonen og difor er målet føresetnaden for alt samfunnsliv.

Det store fleirtalet av folket er arbeidande folk, alle dei som lever av sitt eige arbeid og ikkje eignar til seg rikdommen av det andre produserer. Største og viktigaste delen av det arbeidande folket er i Noreg i dag arbeidarklassen. Det er klassen av dei som ikkje sjølve eig produksjonsmidla, men som lever av å selja arbeidskrafta si til eigaren av verksemda, kapitalisten. Han eignar til seg meirverdet av det arbeidaren skaper med sitt arbeid. Av det produktet arbeidaren skaper, får han sjølv berre ein liten del. Resten, meirverdet, tek kapitalisten. Til det arbeidande folket høyrer og dei som lever av det arbeidet dei utfører med produksjonsmiddel dei eig sjølve. Dette gjeld fiskarar, småbrukarar og mindre bønder, småhandlarar og elles folk som driv småverksemdar. Dei sel ikkje arbeidskrafta si til andre. Dermed høyrer dei ikkje til arbeidarklassen, men dei lever av sitt eige arbeid og høyrer med til det arbeidande folket.

Det spesielle ved målstoda i Noreg er at vi har to språk. Dei øvre lag av borgarskapet talar her eit heilt anna mål enn dei breie lag av folket, men dette målet er likevel skriftmål for det store fleirtalet.

Bokmålet er ein arv frå dansketida og frå det embetsstandet som i førre hundreåret hadde leiinga over det norske samfunnet. Deira mål har så vore mønster og ideal for nye herskarklasser opp til i dag. Dette målet er i hovudsak utvikla på dansk grunn. Det som er grunnleggjande i målet, gramatikken, setningsbyggnaden og store delar av ordtilfanget er vakse fram gjennom mange hundreår i nært samband med framvoksteren av den danske nasjonen. Bokmålet og nynorsken er nok nærskyilde, og bokmålet er heller ikkje dansk. Bokmålet har fått ei mengd norske ord og nokre heller få norske former. Men stilgrunnlaget er ikke norsk, og oppnorskinga av bokmålet byggjer på det framande stilgrunnlaget. Dette set grenser for kor norsk ein kan få dette målet. Mellom ordtilfang, ordformer, grammatikk og setningsbyggnad er det i alle mål ein indre samanheng.

I norsk byggjer vi ordleggjinga mykje meir på verb enn i andre europeiske mål som fransk, tysk og engelsk, dansk og ikkje å gløyma latin. Bokmålet har teke over mykje av det tysk-danske i stilen, med større bruk av substantiv. I bokmål har ein såleis ordgrupper som: «Den imøtesette utvikling fant sted.» I norsk naturleg tale ordlegg vi oss ikkje slik. Der seier vi at det gjekk som venta. Når ein så norskar opp ordformene i bokmålet, har det lett for å bli eit mishøve mellom folkelege former og litterær seiemåte. Ofte syner det seg at folk som prøver seg på ei slik oppnorsking, gjerne fell tilbake til dei gamle formene etter kvart.

Det har lett for å bli slik, nærast av seg sjølv, fordi stilen, seiemåten, liksom krev det. Her kunne det høva å sitera professor Emil Smith, klassisk-filologen, som sa om bokmålet at når det skal vera folkeleg, vert det gjerne vulgært, og når det skal vera høgtideleg, blir det dansk.

Grunnen til dette er at dei to måla har si rot i to nasjonar. Vi har eit framandsleg skriftmål, medan det store fleirtalet av folket talar norsk. Dei aller fleste nordmenn talar dialekten sin. På bygdeene talar så å seia kvart einaste menneske det heimlege bygdemålet. Noko meir mangleta er biletet i byane, men her og talar dei fleste den lokale dialekten. Dette gjeld for det fyrste arbeidarklassen. Det gjeld dessutan storparten av småborgarskapet og delar av borgarskapet. Rett nok er tenestemenn i handel og industri ofte nøydde til å tala bokmål på jobben. Av desse nyttar dei fleste likevel dialekten i fritida og til kvar dags, meir eller mindre gjennomført. Einast nokre mindre grupper av storborgarar og intellektuelle talar bokmålet gjennomført og til dagleg. Likevel er borgarskapet ikkje utanfor den norske språkfelleskapet. Jamvel dei som talar bokmålet konsekvent, har dialekten sin som dei har lært i oppvoksteren, «på gata», som det heiter. Ærverdige borgarar nytter seg ikkje av dette «gatesproget». Ein bergensk generaldirektør talar om at «jeg er nu kommet til en sak av stor viktighet». Men moter han ein gammal skulekamerat, kan han straks slå over i det ekte bergensmålet, og seia: «no kommer eg te nokke viktig». Men samfunnsklassane har ikkje same tilhøvet til bokmålet. Dei høgare klassane er innlevde med bokmålet; dei er nær sagt fødde med det, samstundes med at dei har lært dialekten sin i kameratflokkjen. Ein kan seia dei har to språk. For vanlege menneske derimot, er bokmålet eit framandt mål, som det ikkje fell naturleg å nytta. Men det store fleirtalet nyttar ikkje nynorsk? Nei, ikkje skriftleg. Men går vi ut frå talemålet, soknar det store fleirtalet til nynorsken. Dei aller fleste nordmenn talar ein eller annan dialekt. Dialektane er utvikla frå det gamle norske målet, og det nynorske skriftmålet er samlande skriftform for alle dialektane i landet. Er så nynorsken folket sitt eige mål? Skil ikkje den seg òg frå talemålet dei fleste stader? Det er rett nok. Alle dialekter skil seg noko frå normalnynorsken i ein del ord og former. Skilnaden kan synast stor i visse høve. Men ser ein nøyare etter, finn ein at ulikskapane helst kjem av at ein del bokmålsord er blanda inn i dialekten. Ulikskapen går ikkje på grunntraga i målet. Det gjer at dialektane, så ulike dei elles er, ikkje er eigne mål, men dialektar som høyrar til eit sams mål, norsk. Nynorsken er samnemnar for målføra i landet, bygdemåla og bymåla.

Dette er det mange som ikkje veit. Den herskande klassen gjer mykje for å løyna det. Heile riksmålsrørsla går ut på å dekkje over dette, og gje inntrykk av at det norsk-danske bokmålet er folket sitt mål, medan dialektane er slurvute og «vulgære» taleformer, utskjemt skriftmål. Resultatet er at dei fleste ikkje får læra sitt eige mål.

Målspørsmålet er ikkje den saka det store fleirtalet av arbeidsfolk er mest opptekne av. Slik kan det heller ikkje vera. For dei fleste er andre problem nærare og meir påtrengjande. Strevet og kampen for levemåten tek til vanleg det meste av tid og krefter. Dei siste åra har arbeidarar flest fått monaleg hardare arbeidspress ved «rasjonalisering» og tidsstudiar som arbeidskjoeparane gjennomfører for å driva arbeidarane hardare og såleis auka produksjonen og utbyttet. Arbeidarane produserer meir enn før, men får sjølve ein stendig mindre del av rikdomen dei skaper. Utsuginga blir såleis hardare. Dette er grunnlaget for at arbeidarklassen no reiser seg til kamp ved streiker, aksjonar osv. Det er sjølv sagt at isolert diskusjon om ordformer i denne samanhengen ter seg som borgarleg åndsprat og luksus. For bygdefolk flest kjem målspørsmålet til å stå noko på same måten. I dag lyt dei føra hard strid for at bygdesamfunnet skal overleva. Det er arbeidsløyse og fiskestogg. Avfolking trugar. Statsmakta legg ned poststader og skular. Går folketalet meir ned, blir rutebåten og bilruta borte. Etter dei nye landsdelsplanane skal det gjennomførast ei meir systematisk «strukturrasjonalisering» i stort omfang, med nedleggjing og samanslåing av bruk. Dette vil føra til avfolking.

Av dette er det råd å skjøna at målspørsmålet i seg sjølv ikkje kan vera det viktigaste for vanlege arbeidsfolk i dag. Men frigjering frå språkleg ufridom er ein naudsynt del av den sosiale reisinga til det arbeidande folket.

Kapitalistane, derimot, legg vekt på striden mot folkemålet. Avstanden til massane er stor og vanvyrnaden levande. Ein ting er at dei øvste laga av borgarskapet har liten sans for folkeleg mål. Der oppe går det mest om mengd og teknikkar, prisar og kostnader, og då greier ein seg lenge med «knowhow» og «human engineering». Men viktigare er det at herskarklassen er tent med det måltilstandet vi har. For dei er det nyttig å prenta inn i folket at dei talar «feil» og «vulgært». I alle hove skal det ikkje vera arbeidsfolk som fastset kva som er godt språk. Så lenge arbeidsfolk ikkje får læra sitt eige mål, og stottrar og leitar etter orda når noko særst står på, så lenge kan kapitaleigarane kjenna seg trygg. Det er dette som gjer at målstriden er eit område av kampen mellom klassane.

Dei sermerkte måltilhøva her i landet har bakgrunn i saga. Dansk var einaste skriftmål i landet gjennom hundreår. Embetsmennene var for det meste av dansk opphav, og det voks fram ein embetsmannskultur på dansk målgrunn. Dette er vel kjent. Mindre utgreidd er samanhengen mellom den nasjonale sjølvstendestrident, målreisinga og klassetilhøva. Då borgarskapet reiste seg som klasse, knytta han seg språkleg til den gamle embetsmannskulturen. Her er kanskje ein hovudgrunn til at vi dag har eit riksmål med dansk grunnlag medan det danske i folkemålet berre er einskilde ord utan at det går på sjølve målsystemet.

Med borgarskapet og kapitalismen vart den gamle feudale oppdelinga overvunnen og ein nasjonal marknad vart grunnlagt.

Den nasjonale lausrivinga og det nasjonale sjølvstendet høyrer i Europa til den bolken i saga då borgarskapet reiser seg som klasse. Folk med eigne samlande skriftmål gjorde målreisinga til ein del av den nasjonale frigjeringsstriden. Her i Noreg var det ikkje noko samlande mål som var levande skriftmål. Det gamle norske målet var gått under, og få innan borgarskapet visste i 1814 at Noreg framleis hadde sitt eige mål livs levande i dialektane som var utvikla frå det gamle målet.

Det norske skriftmålet vart atterreist og kom så vidt i bruk på tampen av sjølvstendestrident. Dermed kom ikkje striden for nasjonalismålet til å stå sentralt og samlande i vår nasjonale reising som i mange andre land. Målreisinga var no ei viktig kraft i den nasjonale rørsle, men målet kunne ikkje vinna fram i og med det nasjonale sjølvstendet. Målreisinga var på ei vis «for seint ute». Storborgarskapet i byane var alt språkleg knytt i hop med det danske embetsstandet. Her låg grunnlaget for framhald av det dansk-norske målet, og her er utgangspunktet for at det dansk-norske målet kom til å bli hovudsida i den språklege motseiinga. Frå slutten av førre hundreåret, då målsaka vart ein del av den nasjonale frigjeringa, hadde målreisinga stor framgang. Nasjonal frigjering var eit vilkår for og såleis ein del av den sosiale reisinga til det som den gongen var den viktigaste delen av det arbeidande folket, bøndene. I stor mon var det og dei mest progressive bøndene i lag med radikale borgarar som dreiv fram striden for nasjonalt sjølvstende.

Seinare, då sjølvstendet var vunne, vart snart arbeidarklassen den viktigaste krafta som reiste seg til klassekamp, samstundes med at fiskarar, bønder og småbrukarar no reiste seg til strid for sine interesser. No var det nasjonale ikkje lenger noko «farleg». Det retta seg ikkje mot dei nye maktthavarna, borgarskapet. I staden var det no i stor mon borgarskapet som nytta det nasjonale som



ideologisk våpen — mot den sosiale reisinga til arbeidsfolk. Som noko mystisk og åndeleg vart det nasjonale brukt til å skoddeleggja klassemotsetningane, og det voks fram ein storborgarleg og reaksjonær nasjonalisme som førde til Fedrelandslaget og Nasjonal Samling.

Opp til siste krig hadde målrørsla, serleg gjennom ungdomsrørsla, nært samband med den sosiale reisinga til bygdefolket, og det var i mellomkrigsåra småbrukarar og fiskarar for alvor kom i gang med si reising. Det var dei små i bygdesamfunnet som no tok til å reisa seg mot herreveldet til stortingane. Så lenge målrørsla kunne gå fram jambreidd med denne rørsla, hadde målrørsla framgang. Det var i denne tida nynorsken kom i bruk fleire stader på Austlandet og i Nord-Noreg. I mellomkrigsåra var likevel arbeidarklassen, som vi har sett, den største og viktigaste krafta, og arbeidarar gjennomførde i mellomkrigsåra store kamper. Men her heldt målrørsla seg tilbake, og arbeidarklassen kom eigentleg ikkje med i målrørsla.

Arbeidarrørsla var passiv i målsspørsmålet. Nokre einskildpersonar gjorde mykje for at Arbeidarpartiet skulle føra ein målvenleg språkpolitikk. Partiet vart på ei vis målvenleg, men ei kraft i målreisinga vart Arbeidarpartiet ikkje. Då partiet i mellomkrigsåra gjekk bort frå å reisa folket til kamp for sosialismen, vart spørsmålet om språkleg og kulturell klassereising redusert til eit valtaktisk spørsmål.

Krigen og etterkrigstida førde med seg eit stort skifte for målreisinga, som heng saman med eit viktig omskifte i heile samfunnet. Krisen i trettiåra og krigen førde til omfattande monopolisering i økonomien. Dei store monopolkonserna var blitt hovudkrafta i det økonomiske livet.

Små verksemdar gjekk under i hopetal, og storbankane tok over. Kjenneteiknet på monopolisering er samansmelting av bankkapital og industrikapital i store einingar som kontrollerer marknaden åleine eller i lag med nokre få andre store verksemdar.

Atterreisinga som Arbeidarpartiet administrerte, var ei atterreising av kapitalismen, men systemet tok delvis nye former i og med monopoliseringa.

Arbeidarpartiet har i etterkrigsåra ført ein politikk som har gått ut på rasering av småverksemdar og føremoner for monopolkapitalen. Som resultat av dette er titusenvis av mindre verksemdar i jordbruk, fiske, handel og industri blitt nedlagde. Arbeidarpartiet som før også var småbrukar og fiskarpartiet vart regjeringsparti for «industrien» og for «økonomisk vokster» på storkapitalen sine

vilkår med profitt og ekspansjon for monopolkapitalen som hovudmål for politikken under eitt.

Omskiftet i økonomien og produksjon førde med seg skifte i tilhøvet mellom klassekreftene. Etter at delar av borgarskapet hadde skjemt seg grundig ut både før og under krigen som nazistar og samarbeidarar, stod den sosialistiske rørsla sterkt i folket då frigjeringa kom. Arbeidsfolk ville no ha eit nytt og betre samfunn, utan klasseundertrykking og utsuging. Arbeidarpartiet fanga opp denne viljen, men administrerte i staden atterreisninga av kapitalismen. Høgkonjunkturen gav arbeidsfolket arbeid, mat i munnen og klede på kroppen, og det vart gjennomført ei rekkje sosiale tiltak. Men klassetilhøva var dei same som før. Klassekrava frå medlemmene vart underordna interessene til monopolkapitalen, «industrien» og «konkurranssevna». Dette greidde Arbeidarpartiet å gjennomføra ved at LO og dei andre interesseorganisasjonane vart lagde inn under statsmakta i eit korporativt system der toppleiarane «samordnar» krava i samsvar med kapitalinteressene og i samarbeid med Norsk Arbeidsgiverforening.

Omskiftet førde med seg ei styrking av høgrekraftene i politikk og åndsliv. Dette gjorde seg gjeldande på alle område og i dei fleste organisasjonar, ikkje einast dei gamle høre-samskipnadene, men og i folkelege og radikale lag og parti.

Det nasjonale sjølvstendet er eit hinder for dagens internasjonale monopolkapital, og det norske sjølvstendet er etter kvart blitt undergrave og uthøla av NATO-underordninga under USA-imperialismen, EEC-søknaden og Nordok-streket.

Monopolkapitalen og høgrekraftene fører klassekampen på det ideologiske området med stor innsats av pengar og dagleg trykksverte. Viktig har det anti-kommunistiske hysteriet vore for å kloyva opp og hindre arbeidsfolk i kampen. Klassekampen frå høgrekraftene har retta seg mot folkeleg kultur ålment, og serleg mot det norske målet.

Den ålmenne atterreisninga av reaksjonen sette målrørsla i ei dårlegare stode enn ho hadde vore i før krigen, då dei breie lag av folket reiste seg til kamp for sine interesser: Målrørsla hadde hatt vanskar med å finna ny strategi og nye stridsformer, og målreisninga er i stor mon blitt isolert frå massane. I staden for opplysningsarbeidet og agitasjonen mellom vanleg folk, er målsaka i altfor høg grad blitt eit spørsmål om jus og filologi, og formelle rettar, og formelle sider ved sjølve målet. Slikt kan ein sjølvsgt ikkje sjå bort frå. Det er viktige saker, som det lyt arbeidast med. Men den einsidige satsinga på det formelle, lausrive frå den sosiale samanhengen, har vore til stor skade. Få og ingen har for-

talt vanlege arbeidsfolk på ein endefram måte kva nytte og verd det har å reisa folkemålet til skriftmål.

Det nasjonale har hatt sine talsmenn, men det har helst vore tala så abstrakt og åndeleg at det lite har hatt med dagens tilhøve å gjera. Som åndeleg-mystisk tale av folk som er med på å gje opp det nasjonale sjølvstendet, som er for NATO og EEC, er det nasjonale lite anna enn holt snakk som folk med god grunn har vendt ryggen til. Men dette nasjonale har ikkje vore nokon vanleg målsideologi i seinare år. Det sosiale har det her vore meir snakk om, men helst berre snakk. Tiltak for å knyta målarbeidet saman med folkelege og politiske rørsler, interesseorganisasjonar og grovare kulturarbeid har her vore lite av. Rettkomen omsut for målforma har utarta til bokstavkrangel, naudsynt vakthald om målet i NRK og i styringsverket har utarta til juristeri og overdriven tru på kva rettskriving og formelle rettar har å seia. Eg meiner ikkje at det har vore gale å arbeida med slike saker, sjølv sagt ikkje, men det har vore gjort altfor einsidig. Denne formalismen innerter og utetter har vore utslag av høgredreinga i målrørsla. Ein har ikkje våga å lita på folket og har lite arbeidt mellom vanlege arbeidsfolk. Så har det berre vore bokstavar, presentar og lovvedtak å halde seg til.

I målpolitikken elles har målrørsla opp til den siste tida samla seg mest om å påverka Stortinget for å tryggja retten for nynorsken gjennom lover og reglar. Dette arbeidet har nok vore turvande, men Stortinget har fram gjennom åra gjort mange gilde vedtak om språkleg rettferd utan at det har blitt nemnande resultat. Lærebøker på nynorsk kjem ikkje om Stortinget seier aldri så mykje at dei skal koma.

Og no i det siste har målfolket, som andre folkegrupper, funne ut at resultatet får ein berre gjennom massekamp, ved å samle så stor styrke attom krava at maktavarane lyt gje etter. Lærebokaksjonen som Noregs Student- og Elevmållag sette i verk hausten 1971 fekk oppslutnad langt utanfor tradisjonelle målmiljø, og aksjonen auka velviljen og forståinga for saka i vide krinsar. Isoleringa frå massane var hovudårsaka til at det vart stillstand og tilbakegang for nynorsken utetter 1940- og 1950-åra. Framleis gjer motkreftene framstøytar mot nynorsken. Men i dag er ikkje dei reaksjonære så sterke lenger på noko område, så åtaka er ikkje så opne og beint på som før.

Det arbeidande folket tek no til å reisa seg til kamp for interessene sine. Kapitalismen har ikkje lenger høgkonjunktur. Eigarklassen prøver å lessa børen av dette over på det arbeidande folket, direkte ved hardare arbeidspress, og indirekte ved moms og andre

tiltak gjennom statsapparatet. Framstøytar frå herskarklassen møter vekslande motstand. Arbeidarklassen går til aksjonar og streik mot større utsuging. Bygdefolket går mot landsdelsplanane og andre avfolkingstiltak.

At striden om målet framleis er ein del av klassekampen, går tydeleg fram av den interesse og omsut skipsreiarar og monopolkonsern hyser for «riksmåls»-rørsla, mellom anna i Frisprog og Ordet. For den herskande monopolistklassen er det om å gjere å halda folkemålet nede. Dette er blitt ein viktig del av den ålmenne borgarlege ideologien. Såleis er det ein sjølvsgd ting for borgarlege ideologar å kalla det «knot» og «affektasjon» når folk held fast på dialekten sin, då visst når dialekten er eit bymål. Ein del av hetskampanjen i borgarpressa etter fjernsynsprogrammet med SUF (m-1) i vår gjekk ut på at dei unge marxist-leninistane tala «kunstig og tilgjort arbeiderspråk». Det dei tala var dialekten sin, lett normalisert mot bokmålet. Nokre av deltakarane var studentar, og omframt gale er det når dei talar dialekt, som har lært kva som er pent og rett. Etter borgarleg ideologi er det så sjølvsgt med språkleg tilgjersle at det utan vidare blir rekna som affektasjon å halde på sitt eige. Mest hetsing mot «arbeiderspråket» var det i Verdens Gang, som hadde ein heil eigen artikkel om kor mistenkjeleg og kunstig dette var. Som kjent er det «målmannen» Vegard Sletten som er sjefsredaktør i VG.

Det arbeidande folket har bruk for å odla målet sitt. Dei har bruk for nynorsken. Å reisa folkemålet til skriftmål for heile folket vil vera ein stor siger for arbeidsfolk. Folkemålet vil og vera ei styrking i sjølve striden for klasseinteressene.

Reint praktisk greier ein seg betre med sitt eige mål, og denne materielle føremonen blir samstundes ein moralsk kveik. Å reisa det norske folkemålet til hovudmål i landet er såleis ein del av den sosiale reisinga, del av den klassekamp arbeidsfolk fører. Det er arbeidsfolk som mest har bruk for det norske målet, og slik motstanden er, er det klårt at einast sigeren og herredømet til arbeidsfolket kan gje grunnlag for at det nynorske folkemålet får rett og rom som hovudmål her i landet.

Det er ein klår samanheng mellom økonomisk politikk og målsak. Sjølv om ikkje heile borgarskapet tek del i kulturkampen mot nynorsken, så er heile denne klassen med på å øydeleggja det økonomiske grunnlaget for nynorsken. Dette skjer fyrst og fremst gjennom distriktpolitikken, som heilt ut fylgjer den kapitalistiske utviklingslov, men og på andre måtar. Av «effektivitetshensyn» er det mange store fabrikkar utover landsbygda som nyttar bokmål til administrasjonsmål. I nynorske bygdeblad er i stor mon lysin-

gane på bokmål, og av omsyn til «effektivitet». Dei store forlaga er og fiendar av nynorsken. Forlaga skuldar på små opplag. Fylgjerne av dette vert at få lærebøker kjem ut på nynorsk og dei nye prøvepensja kjem ikkje ut på nynorsk i det heile. Skuleelevar og lærarar har lenge protestert mot denne uretten, og lærebokaksjonen syner at no er tolmodet slutt.

Skal arbeidsfolk flest få auga for kor viktig det er å reisa folke-målet til ålment skriftmål, er det eit vilkår at måls spørsmålet står fram i sin rette samanheng som del av den sosiale reisinga. Skal nynorsken vinna fram, er det difor om å gjere at ikkje målet blir rive laust frå det levande livet, frå samfunnssamanhengene. Røynsla frå meir enn hundre års målreising syner at målreisinga har framgang så lenge målsaka er ein lekk i frigjerings- og klassereisinga til viktige delar av det arbeidande folket.

I alle fall delvis held dette synet på å vinna fram i målrørsla. Dei fleste ser at ein kjem ikkje langt utan oppslutnad frå folket. Faren er at vi her berre tek med einskilte grupper og støyter frå oss dei største og viktigaste. Til denne tid har nynorsken stort sett vore avgrensa til bygdemiljø, men denne avgrensinga er kunstig. Det norske målet er sams for heile folket, i bygd og by, og av det arbeidande folket utgjør arbeidarklassen den viktigaste, største og mest stridsdugelege delen.

Målrørsla må no satsa på ein meir offensiv strategi for rettferdskrava våre, og samstundes ta opp arbeidarklassen sitt språkproblem og gjera det til ein del av klassereisinga.

Arbeidsfolk på bygdene har ein sjanse, og det er å drive framstøytane frå monopolkapitalen tilbake. Av monopolkapitalen og den kapitalistiske staten må vi venta avfolkningspolitikk, i ei form eller ei anna. Sentralisering og avfolking er eit livsvilkår for kapitalismen i det stadiet han er komen. Difor må både striden for bygdene og sjølve målreisinga utviklast til å gå imot monopolkapitalen sitt herredøme over samfunnet ålment og over målutviklinga serskilt. Vi står i dag ved starten av eit nytt oppsving i klassekampen. Skal det norske folkemålet kunna bli hovudmål og såleis frigjera dei breie folkemassane på det språklege området, lyt målrørsla bli ein stridsorganisasjon som arbeider for å tene det arbeidande folket. Folket og einast folket skaper historia. På dette grunnlaget må vi arbeida for å reisa det norske folkemålet til verkeleg riksmål og hovudmål i landet.

Berre ved å stø og hjelpa kvarandre kan arbeidsfolk i bygd og by vinna fram med sine krav og tryggja interessene sine. Her er målsaka ei viktig sams sak, og her har målrørsla ei stor og samlande oppgåve.

I dette perspektivet og ut frå den plassen målet har i ein nasjon, var det heilt sjølvsagt at Noregs Mållag vedtok med overveldande fleirtal på landsmøtet i 1971 å slutta seg til motstandskampen mot EF.

### Studiespørsmål.

1) I artikkelen vert det hevda at nynorsken byggjer på dialektane (eller folkespråket) og er ein tenleg reidskap for det breie lag av folket, medan bokmålet er ei kunstig leivning etter dansk embetspråk, og at det soleis har overteke den overklassestatusen som dansken hadde. Kva meiner de om dette?

2) Ei vanleg oppfatning av språkspørsmålet her til lands, er at kampen står mellom bokmål og nynorsk — altså på tvers av klassar og landsluter. Artikkelen hevdar det motsette: Grunnen til at ein stor del av det arbeidande folket nyttar bokmål er å finna i heilt andre tilhøve. Diskuter dette. Kva tilhøve er det artikkelforfattaren legg vekt på som språkbestemmar. (Tenk etter kva som har vore avgjerande for di eiga språkutvikling.)

3) Når målfolk i dag går sterkt imot EF (jamfør årsmøteresolusjonen er det ikkje fordi vi er redde for å missa kjære bøyingsformer, men avdi vi meiner at EF vil riva vekk sjøve grunnlaget for folkekulturen, det vil seie, ta frå oss den vesle råderetten vi enno har over vår eiga materielle og kulturelle utvikling. Kva meiner de om denne påstanden?

### *Litteratur eg har bygt på ved utarbeidinga av artikkelen:*

Ivar Aasen: Bidrag til vort Folkesprogs Historie. Det Norske Samlaget, Oslo 1954.

Gustav Indrebo: Norsk målsoga. John Griegs forlag, Bergen 1951.

— Målsaki frå sosial synsstad. Norsk Arbok 1930.

Halvdan Koht: Arbeidarreising og målreising. I festskriftet «Norsk folkemål». Samlaget, Oslo 1953.

J. Stalin: Maxismen og det nasjonale spørsmål. Forlaget Ny Dag, Oslo 1950.

V. I. Lenin: Om partiet — om nasjonen. Band 5 av «Verker i utvalg». Ny Dag 1957. — Imperialismen. Ny Dag 1970.

G. Dimitrov: Om enhetsfronten og folkefronten. Oktober forlag, Oslo 1970.

Fritt Norge, nr. 3, 1970.

## Kapittel 9.

# EF og utviklingslanda

Av Jan Solland og John Ferkingstad.

Vi har i dei siste åra fått ein ny dimensjon på den allment godkjende politiske skalaen — ein dimensjon som lenge har vore der, men som først det siste ti-året er komen sentralt fram i den politiske debatten. Det vi siktar til, er den såkalla Nord/Sør-konflikten som på mange måtar har overtatt den rolla som Aust/Vest-konflikten spela i «den kalde krigens» dagar i dei første etterkrigsåra.

Nord/Sør-konflikten, eller konflikten mellom utviklingsland (u-land) og industrialiserte land (i-land), har sín bakgrunn i det faktum at 2/3 av jordas folkesetnad lever på — og under — svoltgrensa, medan noen få hundre millionar vest-europearar og nord-amerikanarar lever i materiell overflod.<sup>1</sup> Offisiell økonomisk statistikk viser at denne såkalla «klofta» blir stadig større.

Enda meir politisk farlig blir Nord/Sør-motsetninga når vi må vedgå at u-landas økonomiske fattigdom og i-landas rikdom ikkje er to uavhengige tilhøve, men nær samanknytta gjennom eit spesielt økonomisk system som vi kan kalla imperialismen.

### Koloni-systemet.

Den historiske bakgrunnen for u-landsproblemet finn vi i koloni-systemet, som utvikla seg fra 1600-talet. Dei europeiske kolonimaktene la under seg det meste av Afrika og Asia, og formålet var økonomisk vinning, trass i at dei offisielle motiva ofte kunne høyrast svært så idealistiske ut. Om tilhøvet mellom tidligare koloni-status og dagens fattigdom seier konsulent Erik Nord: «De fattige land har alle med få unntak det fellestrekk at de har vært kolonier under vestlige land, og det har vært hevdet at selv om de på et tidlig tidspunkt har fått sin politiske selvstendighet, har

<sup>1</sup>) Her må tilføyast at det også i dei rike land er store fordelingspolitiske problem når det gjeld velstanden.

de i realiteten vært økonomiske satellitter under sterkere økonomiske og politiske makter — de vestlige land. I fransk u-landslitteratur bruker en betegnelsen «kolonipakten» for å beskrive dette forhold. De viktigste trekk ved kolonipakten var at koloniområdets marked var reservert for moderlandets produkter, at koloniområdets produkter bare kunne eksporteres til moderlandet, at moderlandets flåte hadde monopol på transporten, at koloniområdets matvarer hadde en privilegert stilling i moderlandet. Moderlandet ønsket ikke at koloniene bygde opp industri som kunne konkurrere med moderlandets produkter.»

### **USA/Latin-Amerika versus EF/Afrika.**

Fleire av EF-landa har vore kolonimakter, men i dag har dei aller fleste koloni-område fått sin politiske (formelle) fridom. Dermed skulle ein kanskje tru at tilhøvet mellom EF og u-landa var eit tilhøve mellom likeverdige statar. At så ikkje nødvendigvis er tilfelle, kan vi visa med å peika på USA sitt tilhøve til dei latin-amerikanske landa. Desse landa har aldri hatt formell kolonistatus, men økonomisk har dei stort sett stått i same stilling overfor USA som koloniane stod i overfor dei europeiske kolonimaktene, gjennom eit fint tilpassa samarbeid med visse overklasse- og byråkrat-grupper som USA-kapitalen pleidde i landa.

Det er dette som er mønsteret for EF-landas utbytting av dei fleste av sine tidligare koloniar i dag, og som er formelt organisert gjennom den såkalla Yaoundé-avtalen i 1963. Grunnlaget er det same som USA sitt økonomiske samband med Latin-Amerika: Behov for stabil tilførsel av rimelige råvarer for industriell vidareforedling i EF-landa, og ein marknad for dei ferdige produkta. Det er svært god kontinuitet fra kolonitida, og det er neppe stor omgrepsmisbruk å kalla dette for ny-kolonialisme.

Før vi går nærare inn på innhaldet i avtalane mellom EF og dei assosierte landa i Afrika, er det verdt å merka seg at med desse avtalane får V.-Tyskland for første gong tilgjenge til økonomisk utbytting av u-land i stor mon, noe som sikkert kjem vel med for den ekspanderande vest-tyske monopolkapitalen. (Vi bør her hugsa på Tysklands kamp om koloniar omkring hundreårsskiftet, noe som var ein ikkje uvesentlig bakgrunn for den første verdskrigen.)

### **Yaoundé-avtalen.<sup>2</sup>**

Før 1963 var EF-landas tilhøve til koloni-områda regulert av avtalar i Roma-traktatens del IV, artikkane 131—136. På grunn av

2) Underteikna i 1963 i Yaoundé, hovudstaden i Kamerun. Avtalen blei fornya i 1969 og gjeld til 31. jan. 1975.



den formelle frigjeringa av koloniane omkring 1960 var det nødvendig å gi dette samarbeidet, som i Roma-traktaten er kalla «den solidaritet som bind saman Europa og dei oversjøiske land», eit nytt organisatorisk mønster, den før nemnde Yaoundé-avtalen. Etter lange forhandlingar blei 18 afrikanske land «assosierte» med EF med detaljerte vilkår. Desse landa var: Burundi, Den Sentralafrikanske Republikk, Kamerun, Tsjad, Kongo-Kinshasa, Kongo-Brazzaville, Dahomey, Gabon, Øvre Volta, Elfenbeinskysten, Madagaskar, Mali, Mauretania, Niger, Rwanda, Senegal, Somalia og Togo. Berre Guinea valde å stå utanfor, og president Sekou Toure grunn gav dette slik: «Guinea har alltid vore motstandar av Fellesmarknadens kolonialistiske karakter, og kan derfor ikkje gå med.»

Seinare har noen engelske (tidligere) koloniar komme med. I første rekke Nigeria og noen aust-afrikanske statar. Dette har dei sett seg nøydde til p.g.a. EF sin proteksjonistiske politikk overfor tredjeland. Som vi ser har EF gjennom sin splitt-og-hersk taktikk fått stadig fleire land inn i sitt kvelande famntak.

Når nå England går inn i EF, vil fleire av Samvelde-landa få liknande avtalar med EF.

Eit grunntrekk i Yaoundé-avtalen er at dei assosierte landa skal behandlast likt av alle Fellesmarknadslanda, noe som betyr at desse tidlegare franske koloniane nå ikkje lenger er overlatt berre på Frankrikes nåde, men også belgisk, nederlandsk — og ikkje minst vest-tysk.

Ei hovudsida ved avtalen er redusering og bortfall av tollsranker mellom landa. For høgt industrialiserte land kan dette sjølsagt ha mange marknadsmessige fordeler, men annleis stiller det seg for land med svakt utbygd industri. Da industrialiseringa skaut vekst i Europa, skjedde dette under høg tollvern, noe som synest nødvendig i ein utbyggingsfase. Viss ikkje, seier det seg sjøl at masseproduserte ferdigvarer fra i-landa vil ha alle fordeler på marknaden.

Konsekvensen av denne handelsavtalen blir da også at den låser fast den tradisjonelle arbeidsdelinga mellom u-land og i-land, der u-landa forblir eit råvarereservoar for den høgt utvikla ferdigvareindustrien i i-landa.

Eit anna tilhøve som forsterkar denne tendensen, er dei unnatak som finst for frihandelen mellom EF-landa og dei assorterte. Råvarer er stort sett tollfrie til EF-landa, men på mange ferdigvarer og jordbruksprodukt som kan konkurrera med EF sin eigen produksjon, er det spesielle forbruksavgifter og i visse tilfelle kvoteordningar for tollfri import.

Nå må det også leggjast til at dei assosierte landa kan få høve

til å bruka verne-toll i visse tilhøve. Men løyve til dette må innhenta frå EF-kommisjonen, og det er ikkje vanskelig å tenkja seg kven som står sterkast i tilfelle det skulle vera store interesse-motsetningar.

Resultata av avtalen uttrykt i økonomisk statistikk viser også at denne analysen synest å vera korrekt. Som det diplomatisk heiter i ein offisiell EF-publikasjon: «Resultata har ikkje heilt svara til dei forventingar som blei stilt frå dei assosierte landa.» Eksport-auken frå dei assosierte statane har vore minimal i 60-åra, medan import (og dermed valuta-underskot) har auka relativt langt sterkare. Sjølv den vest-orienterte presidenten i Senegal, Senghor, har måtta trekka konklusjonen: «På denne måten finansierer vi i røynda den stigande levestandard i dei rike landa.»

### EF's utviklingsfond.

Ei anna side ved Yaoundé-kontrakten er opprettinga av eit «utviklingsfond». I storleik er det i perioden 69—75 1 milliard dollar, noe som er eit ganske omfattande beløp. Men ser vi meir kritisk på korleis midlane blir brukt, kjem denne nye «given» i u-hjelp i eit noe anna lys.

	1957—63	1964—68
Jordbruk og modernisering på landsbygda ..	24,3 %	48,2 %
Infra-struktur .....	43,5 %	34,1 %
Utdanning og opplæring .....	19,5 %	9,8 %
Helsevesen .....	8,7 %	5,8 %
Industrialisering .....	0,6 %	1,3 %
Diverse .....	3,4 %	6,8 %

Frå 1964 til 1968, då fondet var ca. 700 mill. dollar, blei berre 1,3 % av fondets midlar brukt til industrireising, medan 48 % blei brukt til tiltak innan jordbruk, og 34 % gjekk til infra-strukturar.

Infra-struktur som vegar, bruer o.l. har ofte som siktemål å leggja tilhøva til rette for transport av råvarer til EF-landa. Verre blir det å få midlar til kommunikasjonskanalar innanlands eller til andre u-land. U-landa kan nok sjøl komma med forslag, men igjen er det EF-kommisjonen som har det siste ordet. Da er det heller ikkje så rart at det er vanskeleg å få midlar til industrireising, som kan koma i motstrid med dei mektige kapitalinteressene i Europa.

### Yaoundé-avtalens struktur.

Det er verdt å merka seg at det einskilde assosierte landet har det same tilhøvet til alle EF-landa, medan landa innbyrdes ikkje

har noen avtale seg imellom gjennom Yaoundé-avtalen. Dette er eit organisatorisk uttrykk for dei rike landa sin splitt-og-hersk taktikk. Dei fattige landa har små muligheter til å samordna sin politikk overfor dei rike landa, og ofte blir det til at dei «oppfører seg fint» for å få flest mulig smular og for å unngå «represaliar» fra dei som sit med dei økonomiske sanksjonsmidla. Dette kjem også fram når vi ser at halvparten av den økonomiske hjelp er gått til 4 land som har vore spesielt «snille» overfor Frankrike etter at dei blei sjølstendige. (Senegal, Elfenbeinskysten, Madagaskar og Kongo-Kinshasa.

Eit anna kunstig skilje som Yaoundé-avtalen har skapt, er motsetninga mellom dei assosierte landa og dei andre u-landa, som kunne nå lengre i økonomisk sjølvstende gjennom å samarbeida meir.

### **Samhandel.**

Etter den andre verdskrigen har det vore sterk vekst i verdshandelen, gjennomsnittleg 7,5 % i året. Men den har ikkje vore like stor for alle, det er først og fremst dei rike i-landa som har drege nytte av denne veksten.

Dette heng mye saman med at i-landa har eit stort utval av varer å handla med, mens u-landa oftast berre har nokre få råvaresortar å tilby. Prisane på råvarene svingar ofte sterkt, og ein kan finna at dei har lege på same nivå i lengre tid eller til og med falle, mens prisane på meir foredla varer stig. Eit i-land vil altså vanlegvis få stigande inntekter ved eksport av same kvantum år for år, men for eit u-land vil inntekta kanskje ikkje auka, men til og med gå ned. For å bøta på dette vil u-landa ofte produsera meir, noe som kan føra til at prisane fell på grunn av denne auka produksjonen, slik at nettogevinsten for u-landet kan bli heller dårleg.

For at u-landa skal komma ut av denne uheldige marknadsstoda må dei også byrja å produsera foredla varer. Men her ser vi at EF sin politikk er heilt klar: Di meir ei vare er foredla, di høgare toll blir det på den ved eksport til EF. Denne verninga av egne interesser overfor dei assosierte landa ser vi og for jordbruksprodukt: Dei u-landsvarene som EF ikkje kan skaffe seg sjøl, får sleppa gjennom utan toll, mens dei u-landsvarene som også blir produserte innan fellesskapet — og som altså ville konkurrera med EF-jordbruket — må betala toll.

Vi ser at denne politikken freistar å fryse fast arbeidsdelinga mellom u-land og i-land. Derfor er den heller ikkje noe boteråd mot

u-landas vanskelege marknadsstode, men heller ein illustrasjon på EF's ny-koloniale karakter.

Når det gjeld hjelp til oppbygging av industrien har EF gjort lite. Etter planen skal berre 10 % av den finansielle støtta gå til industribygging i perioden 1969—75, trass i at dei assosierte landa sterkt har ønska seg meir støtte til dette føremålet. Bortsett frå Kongo-Kinshasa, Senegal og Elfenbeinskysten fins det svært lite industri i dei assosierte landa. Berre ein kvart million menneske er sysselsette i industri i desse landa.

### **Motargument.**

I brosjyren «EF og utviklingslanda» som Utanriksdepartementet har gitt ut som nr. 7 i serien om Dei Europeiske Fellesskapa, finn ein ei drofting av påstanden at u-landsavtalane er kolonialistiske (side 6). Og eit av motargumenta er at det var frivillig å gå med på avtalen, og altså at dei landa som går med ikkje finn at tilhøvet er kolonialistisk.

Vi har tidlegare sett at Guinea nett avslo assosieringsavtale på grunn av den koloniale karakteren samarbeidet ville få. Og ser vi på dei andre landa, er det eit trekk som straks fell ein i auga: Overklassen i desse landa kjenner seg ofte knytt til dei tidlegare kolonimaktene, eit resultat av kolonitidas europeiske kulturhegemoni og eit naturleg framhald på den tenarrolla han spelte for kolonimaktens økonomiske utbygging.

Det er derfor naturleg for desse herskande klassane å inngå avtale med EF. For desse er ikkje den koloniale karakteren noe negativt, men ei understøtting av deira privilegerte stilling.

I den same brosjyren blir det peika på at u-hjelpa vert gitt på rimelege vilkår, og at systemet «i høg grad verkar til å styrkje økonomien i vedkommande u-land; på den måten stimulerer ein i røynda ei utvikling som fører til økonomisk uavhengighet».

Til dette er å merka seg at vi lenger framme såg at i perioden 1964—68 gjekk 1,3 % av EF's utviklingsfond til industrireising, medan 48 % blei brukt innan jordbruk, og 34 % gjekk til infrastruktur. Og ein må spørja seg om det er dekning for påstanden at den økonomiske utviklinga blir styrkt i høg grad. Det ser heller ut til at fastfrysinga av arbeidsdelinga mellom u-land og i-land vert verande ved lag. Assosieringa gjer lite til å endra den etablerte strukturen innan dei assosierte landa og mellom dei og EF. Det ser heller ut til å forsterka den. Eit lukka preferansesystem konserverer den økonomiske strukturen og blir eigentleg ein garanti for at arbeidsdelinga skal halda fram.

EF er i dag ein viktig handelspartnar for mange u-land. Det står

for 1/4 av eksporten av varer i verda. Det er meir enn USA, Kina, Japan og Sovjet tilsaman, og det er langt meir enn det 100 u-land står for. Derfor blir handelspolitikken til EF særskild viktig. I ein kronikk i Dagbladet i 1967 ga Karl Nandrup Dahl følgjande karakteristikk av EF: «EEC framstår som historiens mest effektive konsentrasjon av økonomisk og politisk makt i Europa. Dersom dette monopol-foretak hadde tatt sikte på å bidra til å løse verdens sultproblemer og samarbeide på like fot med u-landene på alle kontinenter, ville verden ha stått foran en ny æra for menneskelig samhold og samarbeid. EEC-mopolonnet har som påvist et stikk motsett siktepunkt: Konsentrasjon av pengar og makt i Europa med enkelte utløpere til håndplukkede land konsentret i Afrika.»

### Noreg og u-landa .

Noreg har sjøl i lengre tid vore underlagt andre land, og den nasjonale reisinga tok meir retning av å gjera Noreg sjølstendig enn å skaffa koloniar.

Innstillinga vår til u-land og u-landsproblem er derfor kanskje ei anna enn det ein kan finna i mange EF-land med deira koloniale fortid. Noreg har heilt til det siste hatt få etablerte interesser i u-landa, og det set oss i ein gunstig situasjon overfor desse landa. Men i det siste er det komme til investeringar i u-land etter det tradisjonelle mønsteret. Borregaard i Brasil og Guru Industrier i Indonesia er vel også berre byrjinga på denne nye utviklinga. Under UNCTAD's andre verdskonferanse til fremjing av samhandelen mellom u-land og i-land i New Dehli i 1969 viste det seg at Noreg gjekk mot ønskje frå fleire u-land om fordelar slik at dei lettare kunne byggja opp handelsflåtane.

Argumenta frå Noreg gjekk på at «skipsfart er altfor vanskeleg og komplisert industri til at u-landa skal kasta bort pengar og arbeidskraft på slike eksperiment». Altså ei oppfatning som stor godt opp om den rådande arbeidsdelinga mellom rike og fattige land.

Det ser såleis ut til at landet vårt kan få det vanskeleg med å føra ein betre u-landspolitikk enn den vi har i dag. Betringar er vanskeleg fordi det økonomiske systemet vi lever i, som råkar u-landa med usikre råvareprisar og anna utbytting, er vanskeleg å forbetra eller avskaffa. Ved norsk medlemskap i EF vil dei kreftene som tener på systemet, bli styrkt. Og når det gjeld u-landspolitikk såvel som annan politikk, vil dette medføre at kapitalinteressene får friare spelerom.

I vårt land vil det medføre at utkantane blir utarma, overfor u-landa vil auka konkurranse tvinge fram auka utbytting.

## Imperialisme.

I boka «Imperialismen som kapitalismens høgaste stadium» har Lenin gitt desse fem grunnleggande kjenneteikna på imperialismen:

1) Konsentrasjon av produksjon og kapital som har nådd eit så høgt utviklingstrinn at den har skapt monopol, som spelar den avgjerande rolla i det økonomiske livet.

2) Bankkapitalen er smelta saman med industrikapitalen, og det er skapt eit finansoligarki på grunnlag av denne «finanskapitalen».

3) Kapitaleksporten, til skilnad frå vareeksporten, blir særleg viktig.

4) Det oppstår internasjonale monopolistiske kapitalsamanslutningar som deler verda mellom seg.

5) Den territoriale oppdelinga mellom dei kapitalistiske stormaktene er avslutta.

Boka blei skreven i 1916, og enkelte blir kanskje forbausa over kor god samanfalling det er mellom analysen og den kapitalistiske verda i dag.

Innan EF spelar monopola ein avgjerande rolle: pkt. 1.

Det er finansoligarki: pkt. 2.

Kapitaleksporten blir særleg viktig. Investeringane i u-land for å sikra jamm råvaretilgang: pkt. 3.

EF er eit organisasjonsmessig uttrykk for den europeiske monopolkapitalen i motsetnad til USA og Japan: pkt. 4.

Og den territoriale oppdelinga mellom dei kapitalistiske stormaktene er avslutta: pkt. 5.

Utfrå denne synsvinkelen blir problemet om EF og u-landa meir enn eit reint handelspolitisk problem. Det blir eit spørsmål om korleis utviklinga i kapitalismen går og kva dette må medføra for menneska.

Vi har tidlegare sett EF's ny-koloniale karakter — at arbeidsdelinga mellom u- og i-land blir verande ved lag — at utbyttinga held fram — at monopolpkapitalen får friare spelerom — at u-landa blir gjort til tenarar for monopola i Europa — at den økonomiske og sosiale undertrykkinga aukar på.

Vi ser nå at alle desse bitane føyer seg saman til eit omgrep: imperialismen. Ein monopolistisk, snyltande og døyande kapitalisme. Vegen til u-landa og Noreg må vera å gå utanom dette.

## Spørsmål.

- Meiner deltakarane at EF sin politikk er ny-kolonialistisk?
- Vil norsk medlemskap endra på tilhøvet mellom EF og u-landa?
- Vil u-landa også binda seg politisk til EF ved assosiering?

- d) Vil sosial revolusjon la seg sameina med assosieringsavtala?  
 e) Kan u-landa pressa EF, eller er det berre EF som kan pressa u-landa?  
 f) Kva kjenneteiknar eit imperialistik system — er EF imperia-  
 listisk?  
 g) Er EF's imperialism overfor u-landa av same slag som EF's  
 imperialism overfor Noreg? (jfr. kap. I).

**Litteratur:**

V. I. Lenin: Imperialismen som kapitalismens høyeste stadium. I Verker i utvalg, norsk utgave, bd. 6, Oslo 1953. Hva er EEC? Artikkelsamling utgitt av Folkebevegelsen Kontaktutvalget ved Universitetet i Oslo 1971 side 53. EF og utviklingslnda: Ei orientering frå Utanriksdepartemen- tet, nr. 7 i serien om Dei Europeiske Fellesskapa. Magdoff: Impe- rialismen. Pax 1970. Politisk Informasjon Nr. 3 nov. 1970. Studieopplegg om EEC. Utgitt av SF's sentralstyre. (Tabell s. 91.)

*Pengar veks ikkje på tre, men i banken —*

**Innskotskontoen er nøkkelen til full bankservice**



**Snøgg ekspedisjon  
i moderne lokale**

**OSLO NYE SPAREBANK**

ROSENKRANTZ GATE 8 — OSLO 1 — TELEFON: 33 76 56

## Kapittel 10.

# Vi kan vinne kampen mot EF!

I dette heftet har vi teke for oss ei rekke område når det gjeld tilhøvet mellom Noreg og Fellesmarknaden. I sluttkapitlet vil vi først prøve å samle nokre av trådane, dinest gje nokre kommandarar til kva vi kan vente oss av tilhengarane framover, og til slutt i kapitlet vil vi kome litt inn på korleis motstandsarbeidet kan førast for at vi skal vinne kampen mot EF.

EF er det mest alvorlege åtaket mot norsk sjølvråderett etter krigen. Åtaket er både politisk og økonomisk. Norsk EF-medlemskap vil føre til at viktige politiske avgjerder som i dag blir tekne i Noreg, blir overførte frå kommunar, fylkeskommunar og Storting her i landet til byråkratiet i Bryssel. Siktemålet med EF er ein Europa-stat, der Noreg blir ein utkant og får utkantens kår. Det hovet nasjonen Noreg og folkegrupper i landet har til å kjempe gjennom sine rettar, vil bli redusert.

EF er eit økonomisk åtak av di eininga tek sikte på å fremje sentralisering av kapital, av menneske, av makt. Det er dei store monopola som har makta i næringslivet der. Desse monopola har også stor innverknad over folks livstilhøve.

Dei frie marknadskreftene vil setje ein stor del av arbeidsplassane i Noreg i fare, og den striden arbeidsfolk mange stader fører for å halde på arbeidsplassane sine, vil bli vanskelegare.

EF vil føre til auka levekostnader for store grupper av folket og til dårlegare sosiale kår.

Det er såleis berre storkapitalen som har fordel av at Noreg blir med i EF, medlemskapen vil gå ut over alle grupper av folket.

Tingingane om norsk EF-medlemskap er no slutførde, og forhandlingsprotokollen er underskriven. Trulovinga er vel i hamn; det manglar berre ei formell godkjenning av Stortinget før giftarmålet er gått i orden. Før det skjer, skal det vere folkerøysting om spørsmålet. Kampen om medlemskapen står no ute mellom folket.



### **Tilhengarane av medlemskap.**

Som det er vist tidlegare i heftet, er EF-samarbeidet bygd på kapitalkreftene sine premisser. Det er difor naturleg at norske kapitalinteresser og norsk storindustri er dei som pressar hardest på for at vi skal bli med. Dei store næringsorganisasjonane: Industrieforbundet, Bankforeninga, Reiarforeninga og andre har difor gått inn i eit nært samarbeid og stiller både pengar og ekspertise til rådvelde for propagandaen. Det partiet som i størst mon er innstilt på å tene desse interessene, Høgre, er det som klarast går inn for medlemskap.

Samstundes veit vi og at eit av dei mest utprega utviklingsdraga dei seinaste åra har vore det stadig sterkare samarbeidet mellom industriherrane og Staten. Når storkapitalen finn ut at EF-medlemskap vil vere til fordel for seg, vil difor dei som styrer i Staten gå inn for det same, dersom ikkje svært sterke grunnar skulle tilseie noko anna. Dette er hovudgrunnen til at regjeringa og leiinga i Arbeidarpartiet går så sterkt inn for medlemskap som dei gjer. Det same gjer leiinga i LO. I denne saka står dei på same side som Arbeidsgjevarforeninga.

Hovudargumentet deira er at det som tener storindustrien, også er det som tener arbeidarane og folket som heilskap best. Når motstanden i folket er så stor som han er, er det teikn på at folk etter kvart tek til å skjøne at så ikkje er tilfelle.

I lengre tid har det gått føre seg ei rasjonalisering i næringslivet som skal setje det betre i stand til å arbeide innanfor ein europeisk sammarknad. Staten har følgd opp med å legge tilhøva betre til rette for rasjonaliseringar og samanslåingar gjennom institusjonar som A/S Strukturfinans, og ved å få til betre samsvar mellom norsk og europeisk avgiftspolitikkk med innføring av moms og liknande tiltak.

EF-medlemskapen er difor vel førebudd, og om det skulle lykkast å hindre han denne gongen, må ein rekne med nye framstøytar.

### **Tilhengarane sin taktikk.**

Alt no ser ein klart at alle middel kjem til å bli sett inn i overtydingsarbeidet. Statsapparatet er alt teke i bruk gjennom dei såkalla «informasjonsbrosjyrane» som Utanriksdepartementet gjev ut. Innhaldet syner at dei er propaganda for medlemskap. Det kjem også klart fram av at Høgre reknar UD på si side i kampen framover.

Tilhengarane rår over store ressursar som dei set inn i kampen. Mellom anna kontrollerer dei dei største dagsavisane i landet og brukar dei dagleg. Den ideologiske frontorganisasjonen deira, Eu-

ropabevegelsen, der tidlegare DNA-sekretær Haakon Lie er dagleg leiar, har dessutan varsla meir aktivt utoverretta arbeid i tida som kjem. Dei store vekebladsannonserane deira er første teiknet i den retninga. Kringkastinga har også til no langt på veg vore ein tenar for EF-tilhengarane og ikkje for folket.

Forhandlingsresultatet vart langt dårlegare enn venta. Slik stoda no er, vil det tene motstandarane meir enn tilhengarane — jamfør skiftet av fiskeriminister. Det ser difor ut til at også tilhengarane lyt dra fram dei meir prinsipielle sidene ved medlemskapen.

Agitasjonen kjem etter alt å dømme til å bli sett inn på tre plan: 1. Motstandarane skal splittast og isolerast. Ein vil freista utdjupe motsetningar mellom ulike motstandsgrupper, slik Arbeiderbladet har prøvd å gjere dei siste månadene mellom bønder og arbeidarar. Ein vil og freiste framstille motstandarane anten som uopplyste folk som ikkje veit sitt eige beste, eller som ansvarslause venstre-ekstremistar som er ute etter bråk.

Med studiar av kven som er med oss og kven som er mot oss, felles aksjonar, stønad til andre grupper som strir mot EF, og arbeid for einskap i EF-motstanden på andre måtar, vil vi kunne hindre tilhengarane i å drive fram slike uviktige kløyvingsliner.

2. *Ideologiske argument.* Eit viktig slagord for tilhengarane i kampanjen er «Ja til Europa». Dette tyder at vi ikkje må isolere oss frå den europeiske kulturarven og frå dei framstega som den europeiske sivilisasjonen gjer. Vi må og «bli med i Europa» for å hindre storkrig i framtida. Dessutan er einaste måten å tøyne den internasjonale storkapitalen på å gå med i eit internasjonalt samarbeid (ifølgje ein brosjyre frå Libertas er dette eit viktig argument for medlemskap; ein del arbeidarpartifolk har teke til å nytte det). Argumenta talar for seg sjølve og syner anten manglande forståing for dei premissa EF-samarbeidet bygger på eller medvitne freistnader på å føre folket bak lyset.

3. Skremselspropaganda. Eit anna viktig slagord frå tilhengarane er «Vi kan ikke stå utenfor». Ut frå dette lanserer Europabevegelsen sin annonseserie. Det farlegaste her er likevel alle bedriftsleiarane som trugar arbeidarane med både plassoppseiingar og konkurrans dersom vi ikkje kjem med. Denne lina følgjer EF-prensa opp i store reportasjar. Venteleg har ein her med ein samordna aksjon å gjere, og vi må rekne med at slike argument vil bli nytta meir og meir i tida som kjem. Truleg kjem denne skremselspropagandaen til å bli viktigaste arbeidsmåten for EF-tilhengarane framover. Slik argumentasjon er ofte vanskeleg å imøtegå, av di ei bedriftsleiing sit inne med alle opplysningane om stoda for bedrifta, og arbeidsfolka veit lite eller ingen ting. Det ein kan gjera, er å reise

kravet om at alle opplysningar blir lagt fram for arbeidsfolka, og så sjølv vurdere ut frå det. Elles er grundige studiar av EF meir allment og av konsekvensane lokalt av EF-medlemskap den beste måten å tilbakevise slik skremselspropaganda på.

I tillegg til desse 3 måtane EF-tilhengarane vil agitere på, kan vi rekne med reine manipuleringar frå deira side. Regjeringa «tru-lova» Noreg med EF utan i det heile å spørje folket, og av det ser vi at vi må bu oss på det verste. Regjeringa kjem truleg til å leggje folkerøystinga til det tidspunktet som høver best med deira strategi. Ein må også vere merksam på at ho kan prøve å utforme voringstemaet slik at det tener tilhengarane.

### **Korleis kan motstandsarbeidet førast?**

Det vi kan gjere her, er å gje ein del meir generelle råd. Motstandsarbeidet på kvar einskild plass må sjølvstekt leggest opp ut frå dei lokale tilhøva. Det er difor viktig å studere dei inngåande med sikte på å finne ut kva konsekvensar EF-medlemskapen vil få for dykkar lokalsamfunn, dykkar arbeidsplass og dykkar interesser.

Det som først og fremst må hugsast, er at det er i folket kampen no må førast, og at det er berre folket som kan vinne han. Det gjeld difor å kome ut av studerkammeret med diskusjonen. Debatt vil i dei aller fleste høve gagne oss motstandarar, av di han opnar augo åt fleire for kva medlemskap fører til. Vi må difor hindre at EF-diskusjonen blir ein debatt mellom lærde over hovudet på folk, men hjelpe til at flest mogleg blir dregne inn i diskusjonen om ting som vedkjem dei sjøve og deira framtid. Diskusjonar ved mjølkerampa, i friminuttane på skulen eller over kaffikoppen i arbeidskvilda kan ofte ha like stor verdi som diskusjonar som er tillyst føreåt. Vi motstandarar må prøve å få EF-debatten i gang alle stader der han i det heile kan førast.

Tiltak som å gje ut og spreie aviser og flygeblad, skipe til møte og demonstrasjonar, halde standar på sentrale stader — eller på skulen om du er skuleelev, og andre slike aksjonsformer er etter kvart såpass velkjende at vi ikkje treng gå djupare inn på dei her. Ein metode som kan gje godt resultat, er å skipe til prøverøystingar. Dei som har vore haldne til no på arbeidsplassar og i bustad-område, har alle synt stor overvekt av motstandarar. Dei kan såleis verke inspirerande for vidare motstand, og dei vil aktivisere meir enn nokon gallup, same kor positiv han er frå vår synsstad. Norges Gymnasiastsamband og Norsk Studentunion planlegg prøverøystingar for alle medlemene sine. Like eins har mange klubbar

og fagforeningar reist kravet om røysting i LO. Dette kravet er det viktig å stø for alle EF-motstandarar.

Som nemnt kan det tenkjast at tilhengarane vil finne på å manipulere med folkerøystinga, slik at ho ikkje reelt viser folkemeininga. Alt no har dei prøvd å skuve tidspunktet for røystinga så langt ut i framtida at Noreg vil ha kome langt på vegen mot medlemskap den dagen folket blir spurt — dersom ikkje vi motstandarar får gjennom kravet om at røystinga skal haldast før sommaren. Like eins er det om å gjere at vi får eit klart voteringstema for eller mot (fullt) norsk medlemskap i EF.

Krava om urrøysting i LO og andre yrkesorganisasjoner, om folkerøysting før sommaren og eit klart voteringstema i røystinga er krav om demokratisk handsaming av saka og uråd å tilbakevise med reelle argument. Vi motstandarar er sterke nok til å få gjennom desse demokrati-krava.

Dersom andre framgangsmåtar ikkje er sterke nok til å hindre at regjeringa og storkapitalen melder oss inn i EF, må vi ta i bruk politiske streikar på arbeidsplassane. På universiteta og fleire andre stader har politiske streikar mot EF alt vore i bruk, og ein kan vente at fleire vil finne det tenleg i tida som kjem.

Dersom motstandarane av EF driv motstandsarbeidet planlaust og tilfeldig, vil vi ikkje bli sterke nok. Difor er det om å gjere at flest råd er tek aktivt del i det organiserte motstandsarbeidet. Det finst to landsomfattande motstandsorganisasjonar, Folkerørsla mot norsk medlemskap i Fellesmarknaden og Arbeidarkomiteen mot EEC og dyrtid.

Av desse er Folkerørsla den langt største og best kjende utetter. Folkerørsla vil samle om seg alle som kan semjast om parolen «Nei til EF», og har til no lagt størst vekt på å spreie opplysningar om EF og konsekvensane av norsk medlemskap. Ut over å hindre norsk medlemskap i EF har ikkje Folkerørsla noko politisk mål, og arbeidet blir no hovudsakleg lagt opp med sikte på den komande folkerøystinga.

For arbeidarkomiteane er presset nedanfrå det viktigaste. Dei legg vekt på å kjempe mot tiltak som vil lette tilpassinga til EF. Når staten t.d. legg om avgiftspolitikken i samsvar med den EF-landa fører, eller følgjer ei line som vil betre den nasjonale storkapitalen si konkurransevne innanfor EF, blir det sett som klare EF-førebuingar som ein og må rette åtaka mot i motstanden. Men det viktigaste for arbeidarkomiteane er å oppmode folk om å gå til aktiv strid mot EF-medlemskap.

Elles er det ikkje berre gjennom serskilte motstandsorganisasjonar arbeidet kan førast. Det går for tida for seg eit svært viktig arbeid

innanfor eksisterande parti og organisasjonar for å få dei til å kome ut med klare standpunkt. Organiserte målfolk må såleis arbeide for å styrke motstandsarbeidet i målrørsla, i samsvar med landsmøtevedtaka i Noregs Mållag og NSEM.

Vi kan ikkje feste lit til at andre, t.d. EF-motstandarar på Stortinget, vil greie halde oss utanfor EF. Det kan berre det norske folket, med bruk av sine egne krefter. Og kampen er ikkje slutt om vi lykkast i å slå tilbake EF-framstøytane no. Vi kan vente nye freistnader på å få oss inn seinare, og må bu oss på langvarig og hard strid.

**Studiespørsmål:**

1. Kva kan gruppa og deltakarane i henne gjere for å hindre norsk EF-medlemskap? Dinest: Gjør det!

## **EEC BØKER FRÅ PAX:**

**Villy Bergström og Olle Svenning:** EEC og fagbevegelsen. Med forord av Thorbjørn Berntsen (299) 17,50

**Johan Galtung:** Samarbeid i Europa. Ein norsk samfunnsforskars rapport til Europarådet (MP 8) 24,00

**Rolf Hanoa:** EEC og sosialpolitikken .Om konsekvensane av norsk EF-medlemskap (304) 17,50

**Arne Haugstad:** ABC om EEC. Grunnbok skreve av Folkebevegelsens leiari (EX) 10,00

**Ernest Mandel:** Eit sosialistisk svar på den amerikanske utfordring. Arbeidarbevegelsen, EEC og dollarimperialismen (248) 15,00

**Ragnar Kvam jr.:** Den billige arbeidskraften. Framandarbeidarar i Europa og EEC (294) 17,50

**Kjell Landmark:** Ikke gi det bort. Fellesmarknaden og Noregs sjølvstendigheit (Mi 10) 9,00

**Norge og den internasjonale storkapitalen:** Fire forskarar om storfinansens ekspansjon (249) 17,50

## EEC-vise, våren 1972

Vi skal ikkje sova burt denne våren,  
vi har ikkje tid til det  
Nei, nå lyt vi vandra isaman ute  
og kjempa mot EEC  
og kjempa mot EEC.

Og veta at det er dei farlige krefter  
som atter er ute og går  
og kjenna at vi lyt stå fram og verja  
om sjølråderetten vår  
om sjølråderetten vår.

Vi slåss ikkje berre for kroner og øre  
og velstand og gode kår —  
det gjeld om å byggje eit betre Noreg —  
eit samfunn der folket rår  
eit samfunn der folket rår.

Det gjeld om å seie til folk der ute:  
«Vi greier det om vi vil»  
«Vi greier å styre vår eiga skute,  
om vi nå legg krefter til  
om vi nå legg krefter til.

Vi går ikkje med på å selja landet  
for løfter og tomme ord.  
Nei, folka i Bryssel dei skal få sanne :  
Vi veit kva vi vil her nord  
Vi veit kva vi vil her nord.

## Arbeidsgrunnlag for Norsk Målungdom.

### Fram for det folkelege talemålet! Fram for nynorsk skriftmål!

Talemålet til folk flest i Noreg er på avgjerande vis ulikt det dansk-norske skriftmålet og bokmålet. Det framandslege bokmålet dominerer likevel, av di det blir nytta av dei som har størst makt i landet.

Det har vore slik lenge. I dansketida nytta dei mektige i landet dansk mål. Etter frigjeringa frå Danmark vart overklassemålet noko endra gjennom påverknaden frå folkemålet i Noreg, men eit samlande skriftmål for folket i landet har riksmålet aldri vorte. Det har heller ikkje to i seg til å kunne samle talemåla, med di det er bygt opp på ein måte som er ulik folkemålet. Dansk-norsken eller riksmålet stengjer difor for veksten i folkemålet og vil støtt vera eit framandsleg og tilgjort skriftmål for dei fleste av oss. Når folket i Noreg ikkje får fullt høve til å utvikle heimmålet, er det også vanskelegare for oss å reise oss til strid mot annan urett.

Nynorsken er tufta på det folkelege talemålet. Han er eit levande skriftmål som er i stand til å ta opp i seg omskifta i talemålet, og han kan såleis bli skriftmålet for folk flest i Noreg.

I kampen for folket i Noreg er det difor svært om å gjera at me strir for det folkelege talemålet og for eit skriftmål som er bygt på talemålet, altså for nynorsken. Difor er «Fram for det folkelege talemålet! Fram for nynorsk skriftmål!» viktigaste delen av arbeidsgrunnlaget til Norsk Målungdom.



## Kamp mot tvangsflytting, krev arbeid der folk vil bu!

Verre kår for dei som arbeider i grunn-næringane, nedlegging og samanslåing av verksemder og tap av arbeidsplassar i samband med dette fører til at stendig fleire blir tvinga til å byte arbeids- og bu-plass. På denne måten blir mange av oss rivne ut or det miljøet me kjenner oss heime i. Med det blir me språkleg utrygge, og vanskane med å utvikle vårt eige mål aukar.

## EEC trugar norsk språk og kultur! Nei til tap av nasjonal sjølråderett!

I dei internasjonale marknadseiningane har storverksemdene det meste av makta. Desse finn lite rom for andre nasjonalspråk enn dei store verdsspråka. Minst av alt gjev dei grobotn for at folkeleg tale- og skriftmål skal vekse. Blant anna gjennom ein mangnasjonal, få-leta massekultur og eit einsretta og samvakse skulestell tyner den overnasjonale pengemakta mindretalsspråka og nyttar kuinga av folkemåla som ein reiskap for å hindre at folket reiser seg til kamp mot rådveldet hennar.

Striden mot herredømet til dei utanlandske monopola, og difor mot EEC, og for retten til å rå oss sjølve i Noreg er såleis og viktig i striden for norsk mål i dag.

## Fråsegn om EF frå landsmøtet i Norsk Målungdom

Striden mot norsk medlemskap i Fellesmarknaden har teke ei avgjerande vending. Etter at tingingane vart avslutta, har regjeringa utan godkjenning frå folket sett trulovingspakta med EF ut i livet. Næringsstrukturen og lovverket i Noreg vert tilpassa målsetjinga i EF. Samstundes prøver tilhengarane, med sterke pengekrefter i ryggen, å overtude folket om at medlemskap er einaste utvegen for landet vårt.

Men tilhengarane kan ikkje hindre at motstandsørsla veks seg sterkare for kvar dag. Motstandsorganisasjonane står saman i kravet om vern av sjølvrådetretten og seier nei til dårlegare levekår for folket. Arbeidsfolk og utdanningssøkjande tek streikevåpenet i bruk og syner til fulle at folket ikkje vil la seg truge inn i «Felleskapen».

Vi vil slå fast at striden mot EF kan vinnast. Føresetnaden for siger er at alle lag og organisasjonar som går mot medlemskap styrkjer motstandsviljen i dei breie lag av folket. Norsk Målungdom vil ta aktivt del i motstandsaksjonar og sjølv setje slike i verk. Vi vil oppmode til einskap mellom alle motstandsgrupper, og meiner at politiske streikar og demonstrasjonar kan tene motstandsarbeidet.

Medlemskap i Fellesmarknaden vil setje fart i avfolkinga av bygdene. Strukturrasjonalisering og monopolisering i arbeidslivet vil føre til hardare press på arbeidsfolk i alle yrke.

EF trugar også norsk språk og kultur. Nasjonale særdrag i kulturen og næringslivet er til hinder for at overnasjonale produksjonseiningar kan utvikle seg fritt. Striden for norsk mål og kultur er då og ein viktig del av striden mot EF.

Vi oppmodar alle som vil gje rom og vokster for norsk mål og kultur om å gå aktivt med i motstandsarbeidet. Vi vil gjere det vi kan for å styrke motstanden og manar til brei samling om desse parolane:

**EF TRUGAR NORSK SPRÅK OG KULTUR, NEI TIL EF!**

**VERN BYGDENE MOT UTARMING, KJEMP MOT VERRE  
LEVEKÅR!**

**GA MOT TAP AV SJØLVRADERETTEN, NEI TIL SAL  
AV NOREG!**

# Norsk Målungdom

(Tidlegare Noregs Student- og Elevmållag)

## Kven vi er

NMU er samskipnaden for all organisert målungdom i landet. Vi har omlag 1600 medlemmer, og står tilslutta Noregs Mållag.

## Kva vi vil

NMU skal arbeide for norsk mål og kultur mellom ungdommen, heiter det formålsparagrafen. Det vil seie at NMU arbeider for full likestilling for nynorsken og dialektane, og for å trygge rettane til dei som soknar til nynorsken.

I praksis gjev dette seg utslag i at dei viktigaste sakene for NMU dette året har vore læreboksaka; arbeidet for at lærebøkene i den høgre skulen skal kome til same tid og same pris på både mål, og EF-arbeidet, som m. a. har resultert i denne studieboka. I både desse sakene går arbeidet for fullt.

Elles tek lokallaga opp saker som høyrer med deira særskilte stode der dei er.

## Korleis vi arbeider

I lokallaga blir det lagt vekt på skoleringsarbeid, både gjennom møte og studieringar. Elles blir det halde kurs og seminar der deltakarar frå laga får kome saman og drøfte sams problem og arbeidsoppgåver.

I dei konkrete sakene NMU arbeider med, blir det lagt stort vinn på å samarbeide med andre som har same interesser som oss, og elles finn å kunne stø opp om vårt arbeid. I dei store lærebokaksjonane hausten 1971 var det såleis berre ein liten del av dei 30 000 som tok del som var organiserte i noko student- eller elevmållag.

Dersom du ønskjer nærare opplysningar om NMU, og det ikkje er noko lag der du er, kan du ta kontakt med eit av landsdelsutvalet våre, i Bergen, Volda eller Trondheim, eller direkte med

**NMU, BOKS 911 SENTRUM, OSLO 1. TLF. 33 61 35**

# TA DEL I KAMPEN MOT EF

---

## Arbeidarkomiteen mot EEC og dyrtid

Postadresse: Boks 3829  
Ullevål Hageby  
Oslo 8

Kontoradresse: Uranienborgvn. 11  
Oslo 3

Telefon: Oslo 46 19 80, linje 63

---

## Folkerørsla mot EEC

Postadresse: Boks 515  
Sentrum  
Oslo 1

Kontoradresse: Pilestredet 8  
Oslo 1

Telefon: 33 20 12



---

# Vi kan vinne kampen mot EF

